

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gløppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

## Innkalling til møte i kontrollutvalet – Jølster kommune

Utval: Kontrollutval – Jølster kommune  
Møtedato: 13.05.2014  
Møtetid: kl 09:15  
Stad: Formannskapssalen  
Møtenr.: 2/2014

Innkalling: Faste medlem i utvalet. Rådmannen/økonomiansvarleg og revisor i sak 12/14.

Melding til: Ordførar(møterett), KRYSS-revisjon (møterett) og varamedlem (varamedlem møter berre etter særskild innkalling).


Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 57612785 / 97170064 eller på e-postadresse: arva@sekom.no

### SAKLISTE

- 10/14 Godkjenning av sakliste og møteinnkalling.
- 11/14 Skriv og meldingar.
- 12/14 Årsrekneskapen 2013 – Jølster kommune.
- 13/14 Oppfølgingsliste 2-2014 Jølster.
- 14/14 Eventuelt.

Skei i Jølster, 5.5.2014

Audun Høyvik (s)  
-leiar-

  
Audhild Ragni Vie Alme  
rådgjevar  
SEKOM-sekretariat

| Postadresse                | Kontoradresse   | E-post        | Telefon                        | Telefaks    | Org nr.     | Bankgiro      |
|----------------------------|-----------------|---------------|--------------------------------|-------------|-------------|---------------|
| Postboks 338<br>6802 FØRDE | Hafstadvegen 42 | post@sekom.no | 57612785 arva<br>97170064 arva | 57 72 20 10 | 987 631 554 | 3705.08.32571 |

## 10/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

|                          |                        |
|--------------------------|------------------------|
| <b>SEKOM-sekretariat</b> |                        |
| <b>Sakshandsamar:</b>    | Audhild Ragni Vie Alme |

| <b>Utval</b>              | <b>Dato</b> | <b>Saksnr.</b> | <b>Vedtaksorgan</b> |
|---------------------------|-------------|----------------|---------------------|
| Kontrollutvalet i Jølster | 13.05.2014  | 10/14          | Ja                  |

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

## 11/14 SKRIV OG MELDINGAR

### **SEKOM-sekretariat**

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme

| Utval                     | Dato       | Saksnr. | Vedtaksorgan |
|---------------------------|------------|---------|--------------|
| Kontrollutvalet i Jølster | 13.05.2014 | 11/14   | Ja           |

### **Saksvedlegg**

SM 05-14 Sak 024/14 Sluttrekneskap/prosjektrekneskap: Langhaugane barnehage  
prosjektnr 172/1720, handsama i kommunestyret 29.4.2014.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**  
Skriv og meldingar vert teke til orientering.

### **Kontrollutvalet sitt vedtak:**

Saksutgreiing

## SKRIV OG MELDINGAR

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, elles vert "skriv og meldingar" teke til orientering, eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skriv.

SM 05-14

## Saksutgreiing

### SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.  
Formannskapet  
Kommunestyret

Møtedato  
08.04.2014  
29.04.2014

Saksnr  
020/14  
024/14

|                                    |                  |                      |
|------------------------------------|------------------|----------------------|
| Sakshandsamar:<br>Svanhild Røkenes | Arkiv:<br>FE-212 | Arkivsaknr<br>14/326 |
|------------------------------------|------------------|----------------------|

### Sluttrekneskap/Prosjektrekneskap: Langhaugane barnehage prosjektnr 172/1720

#### Vedlegg:

| Dok.dato   | Tittel   | Dok.ID |
|------------|--|--------|
| 10.03.2014 | Sluttrekneskap/Prosjektrekneskap - Langhaugane barnehage prosjektnr.172/1720 | 50096  |
| 31.03.2014 | Sak 06/14 frå kontrollutvalet til kommunestyret i Jølster                    | 50095  |

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektrekneskap 172/1720, Langhaugane barnehage vert godkjent. Mindreforbruk på kr 4.738.089,- vert brukt som følgjer:

|  |            |
|--|------------|
| Mindreforbruk lånefinansiering                       | 4 738 079  |
| Mellomfinansiering Jølster skyttarstadion            | -2 512 000 |
| Finansiering ventilasjonsanlegg Skei Skule           | -1 250 000 |
| Til investeringsfond - attverande sum lånefinansiert | 976 079    |

### Handsaming i Formannskapet 08.04.2014:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### FSK-020/14 Vedtak:

Prosjektrekneskap 172/1720, Langhaugane barnehage vert godkjent. Mindreforbruk på kr 4.738.089,- vert brukt som følgjer:

|  |            |
|--|------------|
| Mindreforbruk lånefinansiering                       | 4 738 079  |
| Mellomfinansiering Jølster skyttarstadion            | -2 512 000 |
| Finansiering ventilasjonsanlegg Skei Skule           | -1 250 000 |
| Til investeringsfond - attverande sum lånefinansiert | 976 079    |

### Handsaming i Kommunestyret 29.04.2014:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

(Med redaksjonell endring i tabellen som ikkje samsvarer med mindreforbruket i teksten)

#### KST-024/14 Vedtak:

Prosjektrekneskap 172/1720, Langhaugane barnehage vert godkjent. Mindreforbruk på kr 4.738.089,- vert brukt som følgjer:

|  |            |
|--|------------|
| Mindreforbruk lånefinansiering                       | 4 738 089  |
| Mellomfinansiering Jølster skyttarstadion            | -2 512 000 |
| Finansiering ventilasjonsanlegg Skei Skule           | -1 250 000 |
| Til investeringsfond - attverande sum lånefinansiert | 976 089    |

---

#### Saksutgreiing:

Vi syner til vedlagde sakstfang. I vedlegget ligg kontrollutvalet si tilråding, utgreiing til kontrollutvalet, revisjonsuttale og prosjektomtale frå Jølster kommune.

#### Mellomfinansiering av anna tiltak

Kommunestyre vedtok i Ksak 070/12 følgjande mellomfinansiering i samband med Jølster skyttarstadion:

*Jølster kommune stiller rentefri mellomfinansiering på kr. 2 512 000. Mellomfinansieringa skal attendebetalt så raskt som råd:*

- Kr. 700 000 som gjeld skyttarlaget sitt lån: Ved ferdigstilling av delprosjekt 1 og 2.

- *Kr 1 812 000 som gjeld tippemidler og momskompensasjon: Så snart tilskota vert utbetalt.*

Finansiert ved bruk av unnytta lånemidler til andre prosjekt i 2011 og 2012.

Med grunnlag i ovannemnde vedtak skal kr. 2 512 000 av unnytta lånemidler på prosjekt 1720 nyttast som ei mellomfinansiering av tiltak ved Jølster skyttarstadion.

#### **Finansiering av anna tiltak**

Kommunestyret gjorde i sak 017/14, datert 04.03.13 slikt vedtak:  
KST-017/14 Vedtak:

*Nytt ventilasjonsanlegg ved Skei skule, symjehallen, vert prioritert for gjennomføring i 2014 med ei kostnadsråme på kr. 1 250 000 inkludert mva.*

*Som finansiering vert det nytta midlar avsett på investeringsfond frå prosjekt 172/1720 Langhaugane barnehage.*

Dette gjev følgjande sluttoppstilling i høve unnytta lånemidler:

|  |            |
|--|------------|
| Mindreforbruk lånefinansiering                       | 4 738 079  |
| Mellomfinansiering Jølster skyttarstadion            | -2 512 000 |
| Finansiering ventilasjonsanlegg Skei Skule           | -1 250 000 |
| Til investeringsfond - attverande sum lånefinansiert | 976 079    |

#### **Dokumentliste:**

| <b>Nr</b> | <b>T</b> | <b>Dok.dato</b> | <b>Avsender/Mottakar</b> | <b>Tittel</b>  |
|-----------|----------|-----------------|--------------------------|--|
| 1         | I        | 07.03.2014      | SEKOM- sekretariat       | Sluttrekneskap/Prosjektrekneskap -<br>Langhaugane barnehage<br>prosjektnr.172/1720 |

# 12/14 ÅRSREKNESKAPEN 2013 - JØLSTER KOMMUNE

|                          |                        |
|--------------------------|------------------------|
| <b>SEKOM-sekretariat</b> |                        |
| <b>Sakshandsamar:</b>    | Audhild Ragni Vie Alme |

| <b>Utval</b>  | <b>Dato</b> | <b>Saksnr.</b> | <b>Vedtaksorgan</b> |
|---|-------------|----------------|---------------------|
| Kontrollutvalet i Jølster<br>Formannskapet<br>Kommunestyret | 13.05.2014  | 12/14          | Nei<br>Nei<br>Ja    |

## **Saksvedlegg:**

Forslag til fråsegn frå kontrollutvalet i Jølster kommune.  
Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 11.04.2014.  
Årsmelding og rekneskap 2013 Jølster kommune

## **Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

Kommunelova.  
Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.  
Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

## **Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

## **Kontrollutvalet si fråsegn til kommunestyret:**

## ÅRSREKNESKAPEN 2013 - JØLSTER KOMMUNE

### Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2013 for Jølster kommune.

#### Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding forelegg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

#### § 6. Regnskapsrevisjon

*Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruksjer, eller avtaler med revisor.*

#### § 7. Uttalelse om årsregnskapet

*Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.*

#### § 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

*Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.*

*Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.*

Etter §7, skal kontrollutvalet gje uttale til rekneskapen som skal stilast til kommunestyret, og formannskapet skal ha kopi av uttalen.

Leiar av SEKOM-sekretariat, Arnar Helgheim har som tildegare tilsett økonomi- og personalleiar i Jølster kommune, vore med å utarbeidd rekneskap og årsmelding 2013 for Jølster kommune, og ser seg difor som inhabil til å kome med utgreiing i saka. Dette fører til at også rådgjevar Audhild Ragni Vie Alme er ugild. Det vert lagt fram forslag til uttale utan vurderingar frå SEKOM-sekretariat, og det vert opp til kontrollutvalet og utforme endeleg uttale til kommunestyret i møtet. Saka vert lagt fram utan tilråding frå sekretariatet til kontrollutvalet.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møte, og dei er budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.



# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gloppen, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

---

Til  
Kommunestyret i Jølster

UTKAST

Skei i Jølster, 13.05.2014

## Fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2013 for Jølster kommune

Årsrekneskapen 2013 for Jølster kommune er handsama i kontrollutvalet i Jølster 13.05.2014.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Årsrekneskapen for 2013.
- Årsmeldinga frå rådmannen
- Revisjonsmeldinga frå KRYSS-revisjon datert 11.04.2014.

Etter interne finansieringstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit mindreforbruk på kr 1,155 mill. Rådmannen si årsmelding gjer greie for avvika.

Investeringsrekneskapen er avslutta med eit udekka beløp på kr 0,471 mill.

Ved meir- eller mindreforbruk i drift og investering, er det kommunestyret som vedtek dekking eller disponering.

Audun Høyvik  
-leiar-

Vigdis Tonning  
-nestleiar-

Tom Erik Sandal  
-medlem-

---

| Postadresse                | Kontoradresse      | E-post        | Telefonnummer                                  |  | Org.nr.     | Bankgiro      |
|----------------------------|--------------------|---------------|--|--|-------------|---------------|
| Postboks 338<br>6802 Førde | Hafstadvegen<br>42 | post@sekom.no | Arnar<br>Helgheim<br>57 61 27 84<br>975 81 418 | Audhild Ragni<br>Vie Alme<br>57 61 27 85<br>971 70 064 | 987 631 554 | 3705.08.32571 |

SEKOM-sekretariat

6800 Førde

|                          |         |
|--------------------------|---------|
| <b>SEKOM-sekretariat</b> |         |
| 1. APR. 2014             |         |
| J.nr.                    | i 11/14 |
| Saksh. <i>anna</i>       | Arkiv   |
| U.off. etter             |         |

Dykkar ref.:                      Vår ref. :                      Arkivkode :                      Journalnr. :                      Dokumentdato:

Revidert rekneskap 210&14                      018/2014                      11.04.2014


**ÅRSREKNESKAPEN 2013 - JØLSTER KOMMUNE -**  
OVERSENDING AV REVISJONSMELDING - JØLSTER KOMMUNE

Vedlagt oversendast revisjonsmeldinga for Jølster kommune for 2013.  
Vi går ut frå at administrasjonen oversender den opptrykte rekneskapen og årsmeldinga for 2013 i nødvendige eksemplar til sekretariatet.  
Vi ber om at de tek rekneskapsaka til handsaming i kontrollutvalet.

Førde, 11. april 2014

kopi: ordførar  
rådmann  
tenesteleiar rekneskap

Med helsing

  
Kari Håheim Sygna  
Kommunerevisor 1  
**KRYSS Revisjon**  
Kommunerevisjonen i  
Ytre Sogn og Sunnfjord

**Regionskontor for kommunane:**

Flora, Bremanger  
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø  
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller  
57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27  
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;  
- evt. mobiltlf. 91 74 20 35

**Hovudkontor/regionskontor for kommunane:**

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll  
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde  
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41  
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46  
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55  
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22  
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

**Regionskontor for kommunane:**

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund  
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad  
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47  
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46  
- evt. mobiltlf. 99 23 52 16  
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;  
- evt. mobiltlf. 47 65 50 93

Jølster kommune  
v/ kommunestyret

kopi:

kontrollutval  
formannskap  
rådmann

Dykkar ref.: Vår ref.: Arkivkode: Journalnr.: Dokumentdato:  
//rev.mld. Jølster 2013 216 014/2014 11.04.2014

## REVISJONSMELDING 2013.

### Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Jølster kommune per 31.12.2013 som syner eit positivt netto driftsresultat på kr 3.864.390,27. Etter at det er teke omsyn til interne finanstransaksjonar, viser driftsrekneskapen eit mindreforbruk på kr 1.155.441,32 som det ligg til kommunestyret å disponere. Investeringsrekneskapen er gjort opp med manglande finansiering på kr 470.678,- som det ligg til kommunestyret å oppfinansiere i 2014.

Årsrekneskapen består av balanse per 31. desember 2013, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og ei beskriving av vesentlege nytta rekneskapsprinsipp og andre noteopplysningar.

#### Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringskikk, og for slik intern kontroll som leiinga finn naudsynt for å gjere det mulig å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller feil.

#### Revisors oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentlig feilinformasjon, enten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsipp er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata utarbeida av leiinga er rimelige, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

---

#### Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger  
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora  
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller  
57 61 26 41, evt. mobil: 99 22 92 27  
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;  
- evt. mobil: 91 74 20 35

#### Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll  
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde  
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41  
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil: 91 33 30 46  
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55  
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22  
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

#### Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund  
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad  
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47  
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46  
- evt. mobil: 99 23 52 16  
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;  
- evt. mobil: 47 65 50 93

*Konklusjon:*

Etter vår meining er årsrekneskapen avlagt i samsvar med lov og forskrift og gjev ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Jølster kommune per 31. desember 2013, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringsskikk i Norge, jf. atterhald og presiseringar nedanfor.

*Atterhald:*

Revisjonen syner til tidlegare revisjonsmeldingar der vi har påpeika at det ikkje er foreteke fullstendig opprydding i investeringsprosjekt som er bokført som «anlegg under oppføring» og «utstyr under installasjon». Vi gjer merksam på at det har konsekvensar for rekneskapen at anleggsmiddel ikkje kjem til avskrivning når dei skal. Fleire av postane på dei ovannemnde kontoane er så gamle at dei langt på veg skulle vere nedskrivne. Ref. til Forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar, § 8 om Vurderingsreglar, skal avskrivning starte seinast året etter at anleggsmiddelet er anskaffa eller teke i bruk av verksemda.

*Presiseringar:*

På slutten av år 2013 vart fleire mindre prosjekt med dato tilbake til år 2009 og 2010 lagt fram for revisjonen. Mellom desse var prosjekt 219 «Sansehage Skei omsorgssenter». Prosjektet vart lagt fram som «Sansehage Skei omsorgssenter» og er aktivert i balansen som «Sansehage Skei omsorgssenter». Revisoruttale, datert den 8. nov 2013, har ikkje fanga opp at prosjektet undervegs er blitt endra uten at det føreligg vedtak. Revisjonen er kjend med at prosjektet er ferdig handsama politisk i 2014. Vi oppmodar om at aktivering av prosjektet blir merka som «persiennar på sjukeheimen» slik at opplysningane i kommunen sin balanserekneskap blir riktige framover.

Revisjonen gjer merksam på at balansepostar som gjeld pensjonsføring framstår med avvik. Etter det vi har avklara har forholda ikkje resultatverknad i 2013. Vi oppmodar om gjennomgang og avstemming av alle konto som gjeld pensjon.

Revisjonen syner til note nr 3 om kommunalt garantiansvar, som mellom anna inneheld opplysning om garanti for spelemidlar til Jølster skisenter. Det er ikkje lagt fram fullgod dokumentasjon for slikt garantiansvar. Vi oppmodar kommunen om å avklare og skaffe dokumentasjon for garantiansvar i samband med spelemiddelprosjekt.

**Uttale om øvrige forhold***Konklusjon om budsjett*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Vi syner til rådmannen si årsmelding der det er gjort greie for budsjettavvik.

*Konklusjon om årsmeldinga*


Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i henhold til international standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller begrensa revisjon av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Jølster kommune sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk.

Kommunerevisjonen  
Førde, Tjøtta og Sunnfjord  
Ytre Sogn og Sunnfjord  
Postboks 257, 6801 Førde  
Terje Førde  
Revisjonssjef  
**KARISS Revisjon**  
Bøyleg leiar/Revisjonssjef  
Ytre Sogn og Sunnfjord

Kari Håheim Sygna  
Kari Håheim Sygna  
Kommunerevisor I



Jølster kommune

---

# Årsmelding

## 2013

---

Skaparkraft - i verdas vakraste ramme.

[jolster.kommune.no](http://jolster.kommune.no)



# Innholdsliste

|       |   |    |
|-------|---|----|
| 1     | Innleiing .....   | 3  |
| 2     | Økonomi .....   | 5  |
| 3     | Personale .....   | 10 |
| 4     | «10 på topp!» .....   | 12 |
| 5     | Oppvekst og kultur .....  | 14 |
| 6     | Helse og omsorg .....   | 18 |
| 7     | Plan, næring og drift .....                                     | 21 |
| 8     | Investeringar .....   | 24 |
| 9     | Samanlikningar (KOSTRA) .....                                   | 26 |
| 10    | Styringsdokument .....  | 29 |
| 11    | Tenesteeiningane .....  | 30 |
| 11.1  | Sentraladministrasjon og fellesutgifter (120) .....             | 31 |
| 11.2  | Skei skule (210) .....  | 33 |
| 11.3  | Vassenden skule (211) .....                                     | 35 |
| 11.4  | Jølster kulturskule (250) .....                                 | 39 |
| 11.5  | Skei barnehage (270) .....                                      | 42 |
| 11.6  | Langhaugane banehage (271) .....                                | 45 |
| 11.7  | Helse og omsorg felles (300) .....                              | 47 |
| 11.8  | Helsestasjon – Helseteneste asylmottak – Folkehelse (312) ..... | 50 |
| 11.9  | Fysioterapitenesta (313) .....                                  | 53 |
| 11.10 | Legetenesta (320) .....   | 56 |
| 11.11 | Psykisk helsevern (340) .....                                   | 58 |
| 11.12 | Tenesteeining NAV Jølster (350 og 351) .....                    | 61 |
| 11.13 | Skei heimetenester (371) .....                                  | 64 |
| 11.14 | Skei Bufellesskap (372) .....                                   | 66 |
| 11.15 | Heimly bufellesskap (373) .....                                 | 69 |
| 11.16 | Heimetenesta Vassenden (381) .....                              | 71 |
| 11.17 | Vassenden busenter (382) .....                                  | 73 |
| 11.18 | Plan og næring felles (400) .....                               | 75 |
| 11.19 | Bibliotek (510) .....   | 77 |
| 11.20 | Tenesteeining Plan og Bygg (610) 2013 .....                     | 79 |
| 11.21 | Drift og kommunalteknikk (620-621) .....                        | 81 |
| 11.22 | Næring og miljø (650) .....                                     | 84 |

# 1 Innleiing

Årsmeldinga er rådmannen sin rapport til kommunestyret om korleis vi har nytta dei ressursane som vart stilt til rådvelde. Meldinga omfattar tenesteomfang, kvalitet og økonomiske forhold. Budsjett og verksemdplan for 2013 er det viktigaste grunnlaget for rapportering av oppnådde mål.

Fremst i årsmeldinga er felles omtale og kort oppsummering knytt til kvar kommunalsjef sine område. I denne delen prøver vi å gi eit overordna innblikk i drifta, tenestene og økonomien dette året. Den siste delen av årsmeldinga er 2 – 3 sider for kvar tenesteeining. Denne delen er for det meste skriven av tenesteleiar og gir vonleg meir detaljinformasjon om einingane.

2013 er det 9. året på rad der Jølster kommune har overskot i rekneskapen. Netto driftsresultat er på 1,1 mill kr. Det er på 1,9% inkludert fondsbruk og momskompensasjon. Måltal frå staten og KS er at kommunane treng 3 % over tid for å vere «økonomisk berekraftig».

Folketalet i Jølster har dei siste åra steget med ca 1 %. I 2013 fekk vi for første gong sidan 2006 ei nedgang i folketalet. Nedgangen var berre på 8 personar, men det er likevel grunn til å ha fokus på folketalsutviklinga. Dette skjer best gjennom å yte gode tenester og å ha tilgjengelege bustadområde. Kommunen har avgrensa tal bustadtomter for sal. Det er private utbyggarar som har tilgjengeleg ferdig regulerte bustadfelt, men det er ikkje sett i verk utbygging i desse. Jølster kommune må og leggje til rette for busetting av flyktingar og arbeidsinnvandrarar, som er viktige ressursar i utviklinga i Jølster kommune. Ved fortsatt folketalsnedgang vil kommunen sine inntekter gå ned, og gje mindre handlingsrom for å yte tenester.

I samband med budsjett og verksemdplan for 2013, vart det også vedteke ei «10 på topp»-liste med viktige oppgåver i 2013. Administrasjonen har hatt god nytte av denne prioriterte lista gjennom året. Vi meiner også at lista gir eit innsyn i oppgåver og tiltak som administrasjonen jobbar med. Når vi oppsummerer året, så ser vi at svært mykje av det planlagde arbeidet er gjort. De finn eit eige kapittel i årsmeldinga med statusrapport for «10 på topp».

Kommuneplanen har vore under arbeid gjennom heile 2013. Samfunnsdelen vart vedteken av kommunestyret 05.11.13, og gjev retning og prioritering for utviklinga i kommunen. Arealdelen av kommuneplanen er fortsatt under arbeid. Arealdelen vart forsinka fordi det var naudsynt å finne ny korridor for E 39 gjennom Vassenden. Arbeidet med traseval for E 39 vart starta i oktober, og vert slutført i løpet av første halvår 2014 i samband med fullføring av arealdel av kommuneplanen.

Planarbeidd er viktig i kommunen. Rådmannen vil nemne nokre av planane som har vorte vedteke i 2013:

- Kommuneplan, samfunnsdel
- Reguleringsplan E 39 Bjørset – Skei
- Privat reguleringsplan bustadområde Fugle
- Kommunedelplan Vassforsyning 2014 – 2025
- Kommunedelplan Avløp 2014 – 2025
- Plan for folkehelsearbeid
- Plan for dagaktivitetstilbod
- Demensplan

Planarbeidet har teke vesentlege ressursar i administrasjonen, og det vil krevje fokus og prioritering å følgje opp måla som er sett i dei ulike planane. Planane gjev viktige føringar for investering og drift i åra som kjem.

Jølster kommune har hatt stor byggeaktivitet dei siste åra. Hausten 2013 var det byggjstart på utviding av Skei Barnehage. Det nye tilbygget skal innehalde 2 avdelingar tilrettelagt for born mellom -3 og seks år. Bygginge skal vere ferdig til start av nytt barnehageår hausten 2014. Anbod på tilbygg til Skei omsorgssenter

vart utlyst i og fire tilbydarar melde seg. Når årsmeldinga no vert skriven er kontrakt tildelt entreprenør, og arbeidet er i ferd med å starte opp.

Vinteren 2013 innførte Jølster kommune ny grafisk profil. I samband med innføring av grafisk profil vedtok kommunestyret og å forenkle visjonen til Jølster kommune til – «Skaparkraft – i verdas vakraste ramme». Designprofilen er sterk og klar og inneheld element frå tradisjonshandverk i Jølster. Vi meiner den nye profilen som vi nyttar i alle dokument, planar og på heimeside synleggjer kommune på ein god måte. Vi er glad for at næringsdrivande har teke i bruk profilen både i si originale form og kreativt omarbeidd.

Jølster er med i interkommunalt samarbeid på mange område. Særleg tett er samarbeidet i Samarbeid i Sunnfjord (SIS) med jamlege møte både på ordførar og rådmannsnivå. For å løyse utfordringane som samhandlingsreforma gjev kommune samarbeider vi tett med andre kommunar. I 2013 vart det gjort vedtak om ny organisering av den interkommunale legevakttenesta for å møte nye krav. Det vil fortsatt vere viktig å jobbe interkommunalt for å løyse krevjande oppgåver.

I 2013 feira vi fylkesjubileet for Sogn og Fjordane. I Jølster vart dette markert med avslutning av prosjektet «Nynorsk Skaparkraft», der alle elevane i Jølsterskulen var samla til feiring i Borgja. I prosjektet har det vore jobba med skodespel, tekst og kunst i skule og SFO. Prosjektet resulterte m.a. i verdas første nynorske junioravis og boka «Jølster – mi regnbogebygd» som er skriven og illustrert av elevar i Jølsterskulen.

I dei mange tenestene som Jølster kommune yter, er dei tilsette den viktigaste ressursen. I 2013 har sjukefråværet auka. For å lukkast i å yte gode tenester er vi avhengig av nærvær av kompetente og innsatsvillige tilsette.

Årsmeldinga og rekneskapen viser at Jølster kommune er i ein heilt annan økonomisk situasjon enn for 6-7 år sidan. Det oppsamla underskotet er snudd til bufferfond gjennom årlege overskot. Samstundes som dette gir eit positivt bilete, er det viktig å sjå framover for å ha ein sunn kommuneøkonomi. I samband med vedtak av konsekvensjustert økonomiplan, vedtok kommunestyret eit mål om at utgifter til drift og investering skal reduserast med kr. 7 mill. innan 2018. Økonomistyring og prioritering blir såleis viktige omgrep både for politikarar og administrasjon, og balansen mellom visjonært utviklingsarbeid og økonomisk kontroll står sentralt også dei komande åra.

Til slutt vil eg minne om verdiane til Jølster kommune som alle tilsette og politikarar må ha med seg i alt sitt virke.

RAUS – INKLUDERANDE – MODIG

Børge Tvedt  
Rådmann



## 2 Økonomi

### Netto resultat pr eining

Tabellen viser netto resultat for kvart ansvarsområde samanlikna med budsjett. Avvik er kommentert i kapittelet for den enkelte eininga. Dei fleste einingane har halde seg innanfor den budsjetterte råma. Økonomikontrollen har gjennomgåande vore god men det er svært små marginar før det kan bli underskot.

|     | Ansvar                     | R2013   | B2013   |
|-----|----------------------------|---------|---------|
| 120 | Sentraladministrasjon      | 14824   | 14676   |
| 130 | Kyrkja                     | 2388    | 2388    |
| 200 | Oppvekst og kultur felles  | 15374   | 14964   |
|     |                            |         |         |
| 210 | Skei skule                 | 17440   | 17681   |
| 211 | Vassenden skule            | 27094   | 27005   |
| 250 | Kulturskulen               | 1086    | 892     |
|     |                            |         |         |
| 270 | Skei barnehage             | 3492    | 3119    |
| 271 | Langhaugane barnehage      | 8679    | 9818    |
| 300 | Helse og sosial felles     | 4822    | 5079    |
|     |                            |         |         |
| 312 | Helsestasjon               | 1855    | 2043    |
| 313 | Fysioterapi                | 1181    | 1161    |
| 320 | Legetenesta                | 3574    | 3624    |
|     |                            |         |         |
| 340 | Psykisk helsevern          | 4817    | 5243    |
| 350 | NAV sosialtenesta          | 10113   | 9552    |
| 351 | Flyktningbusetjing         | -3929   | -503    |
|     |                            |         |         |
| 371 | Heimetenesta Skei          | 5626    | 6006    |
| 372 | Skei bufellesskap          | 18296   | 16862   |
| 373 | Heimly bufellesskap        | 6751    | 7113    |
|     |                            |         |         |
| 381 | Heimetenesta Vassenden     | 5265    | 5807    |
| 382 | Vassenden busenter         | 13002   | 12541   |
| 400 | Plan, næring, drift felles | 111     | 274     |
|     |                            |         |         |
| 510 | Biblioteket                | 1103    | 1051    |
| 610 | Plan og bygg               | 1859    | 1797    |
| 620 | Drift/komtek avigftsområda | 12      | 0       |
|     |                            |         |         |
| 621 | Drift og kommunalteknikk   | 12385   | 10525   |
| 650 | Næring og miljø            | 2572    | 2366    |
| 900 | Finansielle føremål        | -179793 | -181084 |

### Premieavvik

I 2012, vart det inntektsførte premieavviket knytt til pensjonsutgiftene rekordhøgt. For 2013 er utslaget langt mindre med ei netto utgiftsføring på 0,5 millionar. Staten har laga eit sett med rekneskapsreglar der det vert berekna ein pensjonskostnad ut frå fastsette kriterier. Dersom kommunen har betalt meir til pensjonsselskapet, vert dette ført som inntekt mot ein balansekonto og omvendt ved lågare innbetaling. Her er oversyn over føringar i rekneskapen for 2013 og oppsamla beløp i balansen pr 31.12.13:


| Tekst  | R2013         | R2012         |
|--|---------------|---------------|
| KLP: Premieavvik m/arb.g.avgift              | -1 357        | -6 022        |
| SPK: Premieavvik m/arb.g.avgift              | 765           | 653           |
| KLP: Dekning av tidlegare avvik              | 1 250         | 647           |
| SPK: Dekning av tidlegare avvik              | -150          | -84           |
| <b>Netto føring knytt til pensjonsavvik</b>  | <b>508</b>    | <b>-4 806</b> |
|  |               |               |
| <b>Oppsamla avvik i balanse (KLP og SPK)</b> | <b>10 543</b> | <b>11 051</b> |

## Årsresultat

2013 er det 9. året på rad der Jølster kommune har overskot i rekneskapen. Netto driftsresultat er på 1,9% inkludert fondsbruk og momskompensasjon. Måltal frå staten og KS er at kommunane treng 3 % over tid for å vere «økonomisk berekraftig».

Rekneskapsmessig mindreforbruk er på ca 1,2 millionar. I dette ligg det opprettingar av bundne fond som utgjer ca 0,6 millionar. På grunn av tidlegare underdekning, er det også teke inn ca 0,5 millionar ekstra på avgiftsområda. Om vi justerer for desse tilhøva, vil mindreforbruket vere på ca 0,1 millionar kroner. Sjølv om resultatet er på rett side, har vi såleis ikkje nokon margin å gå på før det kan bli underskot.

Diagram som viser årsresultat og oppsamla resultat frå 1991 til i dag. Vi ser tydeleg kor mykje betra den økonomiske situasjonen er dei seinaste åra. Samstundes ser vi tilbake på perioden 2002 – 2005 kor fort underskot kan bygge seg opp når resultatata er negative år for år.



Merk: 2 millionar av bufferfondet vart i 2013 nytta i samband med kapitalutviding for Jølster Skisenter. Difor går «Oppsamla resultat» ned trass i eit lite overskot.

Dei seinaste åra har vi hatt ei årleg underdekning på vatn og avlaupssektoren. Rekneskapsmessig, har dette ført til ei deling mellom avsetjing til fond og balanseført underdekning. Denne underdekninga vart redusert i løpet av 2013. Frå ca 1,1 millionar til ca 0,6 millionar ved utgangen av 2013.

## Inntekter – oversikt

|                                      | R2013               | B2013               |
|--------------------------------------|---------------------|---------------------|
| Brukarbetalingar                     | -7 136 610          | -6 807 000          |
| Andre sals- og leigeinntekter        | -23 801 092         | -22 439 000         |
| Overføringar med krav til motytingar | -39 138 103         | -17 420 000         |
| Rammetilskot frå staten              | -104 738 834        | -110 000 000        |
| Andre statlege overføringar          | -13 356 553         | -8 237 000          |
| Andre overføringar                   | -240 304            | -144 000            |
| Skatt på inntekt og formue           | -66 075 074         | -62 400 000         |
| Eigedomsskatt                        | -12 043 632         | -11 200 000         |
| Andre direkte og indirekte skattar   | -2 595 952          | 0                   |
| <b>B</b> Sum driftsinntekter         | <b>-269 126 155</b> | <b>-238 647 000</b> |

I «Overføringar med krav til motytingar» ligg mellom anna refusjon for sjukepengar inne. Vi har eit nettobudsjett på lønssida. Det betyr at vi ikkje budsjetterer med sjukefråvere. Einingane har såleis høve til å leige inn vikar for like mykje som dei får i refusjon. Denne budsjetteringsmåten gjer at «Overføringar med krav til motytingar» og «Lønsutgifter» på utgiftssida blir høgare enn budsjettert utan at nettoråma nødvendigvis blir overskriden. Netto tal pr ansvarsområde viser at einingane er flinke til å styre økonomien etter den modellen vi nyttar.

## Utgifter og finanspostar

|                                      | R2013              | B2013              |
|--------------------------------------|--------------------|--------------------|
| Lønsutgifter                         | 140 591 911        | 130 403 255        |
| Sosiale utgifter                     | 32 421 386         | 32 632 445         |
| Kjøp som inngår i kommunal prod.     | 31 382 556         | 24 713 300         |
| Kjøp som erstattar kommunal prod.    | 34 392 402         | 15 733 000         |
| Overføringar                         | 16 642 352         | 23 496 000         |
| Avskrivningar                        | 7 857 894          | 0                  |
| Fordelte utgifter                    | -350 000           | -890 000           |
| <b>C</b> Sum driftsutgifter          | <b>262 938 500</b> | <b>226 088 000</b> |
| <b>D</b> Brutto driftsresultat (B-C) | <b>-6 187 655</b>  | <b>-12 559 000</b> |

Avskrivningar blir ført med ein motpost som gjer at det ikkje har verknad på resultatet. Betalte avdrag (ca 7,6 mill) fangar opp forringing av bygg og anlegg i driftsresultatet.

|   | R2013             | B2013             |
|---|-------------------|-------------------|
| Renteinntekter, utbytte og eigaruttak         | -4 218 576        | -4 010 000        |
| Mottekne avdrag på lån                        | -6 000            | -10 000           |
| <b>E</b> Sum eksterne finansinntekter         | <b>-4 224 576</b> | <b>-4 020 000</b> |
| Renteutg., provisjon o.a. finansutg.          | 6 781 913         | 7 250 000         |
| Avdragsutgifter                               | 7 592 738         | 7 250 000         |
| Utlån   | 31 083            | 40 000            |
| <b>F</b> Sum eksterne finansutgifter          | <b>14 405 734</b> | <b>14 540 000</b> |
| <b>G</b> Resultat eksterne Finanstrans. (E-F) | <b>10 181 158</b> | <b>10 520 000</b> |
| Motpost avskrivningar                         | -7 857 894        | 0                 |
| <b>I</b> Netto driftsresultat                 | <b>-3 864 390</b> | <b>-2 039 000</b> |

|   |   | R2013      | B2013      |
|---|---|------------|------------|
|   | Bruk av tidl. års rekn.messige mindreforbr. | -4 015 326 | 0          |
|   | Bruk av disposisjonsfond                    | 0          | -284 000   |
|   | Bruk av bundne fond                         | -5 569 025 | -1 370 000 |
| J | Sum bruk av avsetningar                     | -9 584 351 | -1 654 000 |
|   | Overført til investeringsrekneskapen        | 1 654 875  | 3 200 000  |
|   | Avsetningar disposisjonsfond                | 4 015 326  | 0          |
|   | Avsetningar til bundne fond                 | 6 623 099  | 493 000    |
| K | Sum avsetningar                             | 12 293 300 | 3 693 000  |
| L | Rekn.messig meir-/mindreforbr. (I+J-K)      | -1 155 441 | 0          |

## Gjeld og fond

| (tal i heile 1.000) | R2011   | R2012   | R2013   |
|---------------------|---------|---------|---------|
| Langsiktig gjeld    | 220 856 | 237 570 | 257 460 |
| Fondsmidler         | 30 425  | 35 137  | 33 681  |
| Vidare utlån        | 7 726   | 12 400  | 17 638  |

Vidare utlån er i all hovudsak Startlånordninga gjennom Husbanken. Som tabellen viser, har det vore ein vesentleg auke i denne ordninga i løpet av desse 3 åra.

## Investeringar

Jølster kommune har hatt eit offensivt investeringsprogram. Nedanfor er utdrag med ein del større investeringspostar i den siste 5-års perioden:

|  | 2009-13 |
|--|---------|
| Større tiltak                            | Ca      |
| NAV-kontor                               | 7 500   |
| Kunstgras Skei stadion                   | 1 200   |
| Vassenden skule                          | 13 900  |
| Skei skule                               | 1 500   |
| Bygg og anlegg - rehabilitering          | 10 100  |
| Bustadfelt, næringsareal, stadutvikling  | 7 000   |
| Vatn og avlaup                           | 3 700   |
| Jølster Skisenter                        | 3 000   |
| Vassenden omsorgsbustadar                | 2 000   |
| Langhaugane barnehage                    | 36 300  |
| Bilar - heimeteneste og drift            | 1 600   |
| Brannbil                                 | 2 600   |
| Skei barnehage                           | 1 600   |
| Skei omsorgssenter                       | 1 800   |
| Skei skule, brannalarm                   | 700     |
| Jølster Skyttarstadion                   | 1 600   |
| Vegar, asfaltering 2013                  | 1 700   |
| Diverse investeringar inkl IKT, vegar mm | 14 400  |
| Sum investeringsutgifter 2009-13         | 112 200 |
| Gjennomsnitt årleg investering           | 22 440  |

(Tal i heile 1.000 kroner)

Samla investering i denne 5-årsperioden er på ca 112 millionar eller ca 22,4 millionar i gjennomsnitt pr år. Gjennomsnittleg avdrag pr år i same periode er ca 6,8 millionar. Sjølv om det er deler som finansierast med andre kjelder enn lån, så fører investeringstakta til auka lånegjeld. Dermed blir rente- og avdragsutgiftene høgare og vi blir meir utsette ved eventuell renteauke. (Sjå kapittel om KOSTRA for samanlikningstal med andre kommunar).

## Netto og brutto pr ansvar

Vi tek med denne tabellen for å illustrere omsetjinga for kvar eining. Som det går fram, er det mange einingar som har vesentleg større omsetjing enn nettoresultat viser. Den største ulikskapen er, naturleg nok, på avgiftsområda. Her det brutto utgifter på ca 11 millionar som fullt ut er dekkja ved gebyr og andre inntekter.


|     | Ansvar                     | Brutto         | Netto     |
|-----|----------------------------|----------------|-----------|
| 120 | Sentraladministrasjon      | 18 432         | 14 824    |
| 130 | Kyrkja                     | 2 388          | 2 388     |
| 200 | Oppvekst og kultur felles  | 16 565         | 15 374    |
| 210 | Skei skule                 | 20 169         | 17 440    |
| 211 | Vassenden skule            | 31 884         | 27 094    |
| 250 | Kulturskulen               | 1 701          | 1 086     |
| 270 | Skei barnehage             | 5 802          | 3 492     |
| 271 | Langhaugane barnehage      | 12 838         | 8 679     |
| 300 | Helse og sosial felles     | 5 508          | 4 822     |
| 312 | Helsestasjon               | 2 295          | 1 855     |
| 313 | Fysioterapi                | 2 139          | 1 181     |
| 320 | Legetenesta                | 6 909          | 3 574     |
| 340 | Psykisk helsevern          | 10 211         | 4 817     |
| 350 | NAV sosialtenesta          | 15 368         | 10 113    |
| 351 | Flyktningbusetjing         | 7 820          | -3 929    |
| 371 | Heimetenesta Skei          | 7 380          | 5 626     |
| 372 | Skei bufellesskap          | 26 287         | 18 296    |
| 373 | Heimly bufellesskap        | 9 827          | 6 751     |
| 381 | Heimetenesta Vassenden     | 7 765          | 5 265     |
| 382 | Vassenden busenter         | 16 111         | 13 002    |
| 400 | Plan, næring, drift felles | 6 945          | 111       |
| 510 | Biblioteket                | 1 378          | 1 103     |
| 610 | Plan og bygg               | 2 770          | 1 859     |
| 620 | Drift/komtek avigftsområda | 10 911         | 12        |
| 621 | Drift og kommunalteknikk   | 19 547         | 12 385    |
| 650 | Næring og miljø            | 4 743          | 2 572     |
| 900 | Finansielle føremål        | 27 845         | -179 793  |
|     | <b>Sum</b>                 | <b>301 538</b> | <b>-1</b> |

### 3 Personale

#### Nærvere og fråvere

Jølster kommune har vore IA-verksemd sidan 2004 (IA = Inkluderande Arbeidsliv). Vi hadde ei positiv utvikling i fråveret til og med 2012. Mellom 2012 og 2013 har det vore ein markant auke. Oversikta er henta frå lønssystemet og inneheld både legemeldt og eigenmeldt fråvere. Det eigenmelde fråveret er på ca 0,9%.

| Årstal | Prosent |
|--------|---------|
| 2005   | 8       |
| 2006   | 5,8     |
| 2007   | 8       |
| 2008   | 7,8     |
| 2009   | 8,2     |
| 2010   | 6,9     |
| 2011   | 6,5     |
| 2012   | 6,7     |
| 2013   | 8,43    |



I IA-arbeidet var målet å komme ned på 6 % i 2013. Det var såleis langt frå at denne målsetjinga lukkast. Kostnaden med fråveret varierer ut frå type stilling, løna til vikar, om det er korttids- eller langtidsfråvere med meir. Andre har gjort berekningar som viser at eit års sjukefråvere i gjennomsnitt kostar over kr 200.000 pr stilling. Denne berekninga er forenkla, men viser ein kostnad på kring 4 millionar kroner med fråver på over 8 %. Like viktig som den reine kostnaden med fråveret er at stabil bemanning er svært viktig for kvaliteten på tenestene vi yter.

#### Tilsette i tal

| Tilsette fordelt etter kjønn | 2013    |      |        | 2012    |      |        |
|------------------------------|---------|------|--------|---------|------|--------|
|                              | Kvinner | Menn | Totalt | Kvinner | Menn | Totalt |
| Leiargruppa                  | 2       | 3    | 5      | 2       | 3    | 5      |
| Teneste- og stabsleiarar     | 16      | 5    | 21     | 16      | 5    | 21     |
| Alle tilsette                | 286     | 53   | 339    | 286     | 51   | 337    |

| Gjennomsnitt årsløn                   | Årsløn  | Tal tilsette |
|---------------------------------------|---------|--------------|
| Rådmann                               | 774 000 | 1            |
| Kommunalsjefar                        | 670 000 | 3            |
| Tenesteleiarar                        | 535 000 | 19           |
| Kap 5: Legar, ingeniørarar, naturvit. | 537 000 | 10           |
| Kap 4C: Undervisningspersonell        | 451 000 | 69           |
| Kap 4B: "Andre"                       | 369 000 | 236          |
| Gjennomsnitt for alle tilsette        | 402 000 | 338          |

#### Stillingsstorleik

Her er tala henta frå personalliste i lønssystemet. Dette er registrert stillingsstorleik, anten som fast stilling eller lønsmeldt vikariat. Det betyr at løn som kjem på timeliste ikkje vert fanga opp her.

| Gjennomsnitt stillingsstorleik | Kvinner | Menn  |
|--------------------------------|---------|-------|
| Leiargruppa                    | 100 %   | 100 % |
| Teneste- og stabsleiarar       | 97 %    | 100 % |
| Alle tilsette                  | 71 %    | 75 %  |

| Deltid KLP-området | 2013   | 2012   |
|--------------------|--------|--------|
| Jølster kommune    | 67,0 % | 83,5 % |
| Fylket             | 70,2 % | 82,4 % |
| Landet             | 69,9 % | 82,2 % |

Grunnlaget for KLP-tala er vesentleg endra. Frå og med 2013 er innmeldingsgrensa (14 timar pr veke) vekke. Det betyr at alle som har hatt timar kjem med i statistikken. Dette gjeld til dømes unge sommarvikarar og andre som berre tar nokre få vakter i løpet av året. Den same endringa påverkar gjennomsnittsalder i KLP-statistikken.

## Uføreprøsent

KLP sine tal viser at vi framleis ligg svært lågt i uføre som prosent av årsverk. Låge tal her er med på å halde pensjonsutgiftene nede. Vi ser likevel at vi dei siste 3 åra har nærma oss gjennomsnittstala for fylket og landet.

| Uføre i prosent av årsverk | 2013    | 2012    | 2011    |
|----------------------------|---------|---------|---------|
| Jølster kommune            | 6,12 %  | 5,34 %  | 4,82 %  |
| Fylket                     | 8,40 %  | 8,45 %  | 8,05 %  |
| Landet                     | 11,08 % | 11,58 % | 11,08 % |

## Gjennomsnittsalder

Tal for dei som er tilmelde KLP. Merk at reduksjon i snittalder også heng saman med at innmeldingsgrensa er vekke (sjå ovanfor). Denne endringa gjeld alle kommunar, slik at samanlikning med fylket og landet blir uendra.

| Gjennomsnittsalder | 2013  | 2012  | 2011  |
|--------------------|-------|-------|-------|
| Jølster kommune    | 42,72 | 44,62 | 44,96 |
| Fylket             | 44,6  | 46,4  | 45,92 |
| Landet             | 43,77 | 45,71 | 45,4  |

## 4 «10 på topp!»

Status for «10 på topp» vart lagt fram som eiga sak til formannskapet i januar 2014. Det er likevel naturleg å ta med denne også i årsmeldinga til kommunestyret.


| Punkt frå 10 på topp  | Status  |
|---|---|
| <b>Planrevisjon.</b> I løpet av første halvår 2013 skal vi presentere framlegg til samfunns- og arealdel i kommuneplan for høyringsrunde. Målet er å slutføre politisk handsaming av kommuneplana i 4. kvartal 2013. Fleire strekningar av E39 er sentrale i planarbeidet.  | *Samfunnsdelen vedteken av kommunestyret 5.11.13<br>*Arealdel utsett for å gi rom for avklaringar knytt til E39<br>*Vegvesenet har gitt tilsegn om 1 mill i tilskot til å utgreie korridor for E39 på Vassenden.<br>*Arbeidet med avklaring av korridor er i gang.  |
| <b>Samhandlingsreforma.</b> Vi skal følge opp vedtak i kommunestyresak 21/12 om lokale tiltak i samhandlingsreforma. Dette inneber at vi skal planlegge og starte bygging ved Skei omsorgssenter som første del av vedteke utbyggingar. Vi skal også arbeide med tilpassingar til samhandlingsreforma i alle ledd av organisasjonen. Folkehelseperspektivet skal stå sentralt i arbeidet. | *Utbygging ved Skei omsorgssenter: Kommunestyresak 11.2.14.<br>*Prosessen med avklaringar for tilsette på leiarnivå starta i oktober 2013.<br>*Rapport om folkehelsearbeid vart handsama i kommunestyret 10.12.13<br>*Vedtak om legevaktsentral 10.12.13. Øyeblikkeleg hjelp døgn: Arbeid i prosjektgruppa pågår fortsatt, vedtak primo 2014                        |
| <b>Plassbehov ved skulane og gymsalar / treningshall.</b> Vi skal bidra til godt beslutningsgrunnlag for prioritering av tiltak ved skulane. Vi deltek i arbeidsgruppe som vart oppnemnt av utval for oppvekst, kultur og helse i okh-sak 5/12.   | *Administrasjonen har vore sekretariat for politisk oppnemnd arbeidsgruppe<br>*Arbeidsgruppa sin rapport er ferdig og vart lagt fram som referatsak til utval for oppvekst, kultur og helse den 26. april<br>*Rapporten blir tema på politikardag 29.4.14.  |
| <b>Ungdomstiltak.</b> Vi skal finne fram til gode kveldstilbod for ungdom. I arbeidet skal vi bidra til samarbeid mellom ulike partar som ungdomsråd, foreldregruppa, skule og andre offentlege instansar. Tilbodet gjeld heile bygda med plassering på Vassenden.  | *Møte med aktuelle samarbeidspartar som skule, lensmann, elevråd og ungdomsråd<br>*Ungdomsrådet har hatt idédugnad om fredagsklubben (saman med Frivilligsentralen)   |
| <b>Fornyingsarbeid.</b> Vi skal arbeide aktivt med fornyingsarbeid. Vidare arbeid med breibandutbygging er prioritert med blant anna kraftfond som kjelde for eigenfinansiering. I første halvår skal vi innføre ressursstyringsprogram med kopling til lønssystem. Vi skal vidareutvikle kommunen si nettside, Facebookgruppe og nyoppretta Twitterprofil (november 2012).               | *Breiband: Anbod på Skei vert tildelt Enivest.<br>*Ressursstyringsprogram: Tieto er innført.<br>*Fotokonkurranse #Skaparkraft på Instagram<br>*Ny og gjennomgåande designprofil for dokument og presentasjonar. Ny design på nettsida i tråd med dette. Profilelement også brukt av andre aktørar<br>*Pr 20.1.14: Facebook: 863 "likarar" og Twitter: 167 følgjarar |



|  |   |
|--|---|
| <p><b>Kvalitetsutviklingsarbeid.</b> Fullføre arbeidet med organisasjonsendringar som vi har starta no i haust. Ny CAF-gjennomgang. Revisjon av internkontroll økonomi som er moden for oppdatering. Vi skal få på plass gode rutiner med god dokumentasjon av informasjonssikkerheit.</p>   | <p>*Arbeidet med internkontroll økonomi er i gang. Det vert innarbeidd i kvalitetssystemet med oppdatering av rutiner og prosedyrer<br/>         *Interkommunalt arbeid med ROS-analyse er i gang.<br/>         *Leiargruppa + tillitsvald arbeide med organisasjonsendringar 2013. Sak om organisasjonsendring vert lagt fram 1. kvartal 2014.<br/>         *CAF: Ikkje prioritert.</p>  |
| <p><b>Dagtilbod.</b> Vi skal utgreie alternativ organisering og samarbeid om drift av dagsentra – dagtilbod for eldre og andre hjelpetregande.</p>   | <p>*Plan for dagaktivitetstilbod vart vedteken av kommunestyret 10.12.13</p>  |
| <p><b>Astrupfokus.</b> Vi skal arbeide med konkrete prosjekt knytt til kultur spesielt med Astrupfokus. I arbeidet har vi ei mellombels stilling ut første halvår og i tillegg ønskjer vi å skaffe prosjektfinansiering i tillegg til eigenfinansiering av tiltak. Elevane i skulane våre skal ha godt kjennskap til kunstnarane Astrup og Eikaas.</p> | <p>*Prosjektstilling om Astrup/kultur i perioden til august 2013.<br/>         *Heile skuleåret 12/13: Nynorsk skaparkraft<br/>         *Fylkesjubileet feira helga 7. - 9. juni:<br/>         -Skodespelet "Jølster blir til"<br/>         -Boka "Jølster - mi regnbogebygd"<br/>         -Nynorsk junioravis<br/>         -Elevkunst<br/>         -Omvising med historie<br/>         *Prosjekt knytt til Astruptunet mellom anna rydding og skogsarbeid i hagen<br/>         *Astrup-app er presentert<br/>         *Merking/skilting av "Astrupstadar" i Jølster er gjort<br/>         *"Fødselsdag i hagen", Astrup sin fødselsdag vart feira.</p> |
| <p><b>Skei barnehage – bygging.</b> Vi skal planlegge og bygge tilbygg ved Skei barnehage.</p>   | <p>*Byggestart hausten 2013. Planlagt ferdig til august 2014.<br/>         *Mellombels avdeling knytt til Skei barnehage barnehageåret 13/14 for å dekke etterspurnaden</p>   |
| <p><b>Sunnfjord næringspark (Moskog).</b> Vi skal arbeide saman med Førde kommune, Sunnfjord Næringsutvikling og andre samarbeidspartar om å komme raskt i gang med næringsparken.</p>   | <p>*SNU har greidd ut organisering av næringsparken. Mellom anna utfordringane knytt til at den ligg i to kommunar. PWC har på oppdrag frå SNU greia ut ulike modellar<br/>         *Klagesak vert handsama for reguleringsplanen<br/>         *Det har vore fleire møte med grunneigarane<br/>         *Konsulent engasjert for utarbeiding av kostnadsanalyse og forprosjekt</p>  |

## 5 Oppvekst og kultur

### Organisering



### Tenester og oppgaver

Jølster kommune er barnehage og skuleeigar og tilsynsmynde ovanfor kommunale og private barnehagar. Kommunalsjef har ansvar for oppfølging og utvikling av tenester innan barnehage, kulturskule, bibliotek og skule.

Jølster kommune har 2 skular, 2 kommunale barnehagar og 4 private barnehagar. Innan kulturfeltet har vi kulturskule, 2 bibliotek og er eigarar av Astruptunet og Eikaasgalleriet som blir drifta av Sogn og Fjordane kunstmuseum.

Tenestene skal jobbe etter sentrale overordna lovverk og forskrifter. Sentrale føringar og reformer vil saman med lokale føringar gjennom kommunestyret og andre politiske organ gje premisar for utforming av tenestetilbodet.

Oppvekst og kultursektoren har fokus på samarbeid mellom einingane for å dele kunnskap og kompetanse og det er årlege systemmøte mellom oppvekst og helse. Det er og samarbeid med PPT som er ei interkommunal eining og kommunalsjefar innan oppvekst og kultur i Sunnfjord. Det er eit mål å ha gode og samordna tilbod til born og foreldre i kommunen.

### Skule

I arbeid med å utvikle skulane har det vore jobba med utviklingsplanar der skulane har hatt fokus på kvalitet og jobba systematisk og langsiktig. Skulane sine fokusområder har vore basisfag, vurdering, skulemiljø og kvalitetssystem. Skulane har hatt opplæring og kurs ved bruk av intern og ekstern kompetanse. Hausten 2013 vart Jølster kommune med i 1. pulje i ungdomskulesatsinga – kompetanseutvikling på ungdomssteget.

Resultata i skulane syner at det blir jobba godt og systematisk, men at det er årleg variablar.

### Pedagogisk psykologisk teneste, PPT

PPT er ei interkommunal eining der Jølster kommune har 90 % stilling. Tenesta har hatt utfordringar

med lange ventelister og gjorde i samarbeid med kommunane ei endring i prioriteringar der dei hadde hovudfokus på utredning for å få ned ventelistene. Resultatet er at ein har redusert ventetid. Frå hausten 2012 blei Jølster kommune med i samarbeid med andre Sunnfjordkommunar om kompetanseheving for barnehagelærarar om tidleg innsats i barnehagen. Samarbeid om kompetanseheving om tidleg innsats i barnehagen har fortsett i heile 2013. PPT har bidrege med kompetanse i opplæringssteamet til Jølster kommune i 2013.

## Barnehage

Alle med lovfesta rett til plass som søkte til hovudopptak i 2013 fikk tilbod om plass i barnehage. Det vart opna ei midlertidig avdeling i Skei barnehage på Krambua hausten 2013 for å få plass til alle barna.

Hausten 2013 starta ombygging av Skei barnehage og 2 nye avdelingar. Hausten 2014 skal det stå klar 2 nye avdelingar og Skei barnehage vert ein 4 avdelings barnehage.

## Kultur

Jølster kommune er eigar av Astruptunet og Eikaasgalleriet som er drifta av Sogn og Fjordane kunstmuseum. Det er eit aukande behov for vedlikehald av tunet og bygningane i Astruptunet og vedlikehald og opparbeiding av området rundt Eikaasgalleriet. Årsmelding for Sogn og Fjordane kunstmuseum blir lagt fram etter handsaming i styret. Hausten 2012 starta prosjektstilling med Astrupfokus. Det har vore gjennomført kartlegging av behov, søknad på midlar og sett i gang tiltak i Astruptunet.

Jølster kommune har mange lag og organisasjonar som har eit høgt aktivitetsnivå og varierte kultur og fritidstilbod til barne og unge i kommunen. Det vart delt ut kr 200 000,- i kulturmidlar til tiltak for born og unge i kommunen.

Bibliotek og kulturskule skapar mykje aktivitet og har arenaer der barn og unge kan skape og oppleve musikk og litteratur. Bibliotek har bokfilialar i nesten alle barnehagane i kommunen og kulturskulen har hatt samarbeidsprosjekt med skule gjennom prosjektet Nynorsk skaparkraft. Nynorsk skaparkraft vart avslutta i 2013.

## Jølster ungdomsråd

Jølster ungdomsråd har i 2013 hatt 3 møter. Dei er engasjert i lokale kulturtilbod for ungdom som fredagsklubb, UKM m.m. Ungdomsrådet har handsama politiske saker, svart på høyringar, vore medlem i styringsgruppa for arbeid med kommuneplan og har vore representert på Fylkesting for ungdom. 2 av medlemmane i ungdomsrådet deltok på turen kommunen hadde til Zambia hausten 2013.

## Økonomi

|              |                      |
|--------------|----------------------|
| Avvik        | Kommentar til avvik  |
| 410 377,93,- | Kostnad enkeltiltak. |

## Personellsituasjon

Det har dei siste åra vore jobba systematisk frå leiarane si side med arbeidsmiljø, medarbeidersamtalar, tilrettelegging og oppfølging av sjukmelde. Dei fleste einingane innan oppvekst og kultur er kome godt under 10 % i sjukefråvær og tendensen syner nedgang i sjukefråvær med årlege variablar. Det er eit avvik på biblioteket der sjukefråværet har gått opp.

| Teneste     | 2011         | 2012 | 2013  |
|-------------|--------------|------|-------|
| Kulturskule | 1,5          | 0    | 3,44  |
| Biblioteket | 3,5          | 5,36 | 14,48 |
| Skei skule  | 6,7(SFO 0,4) | 7,68 | 7,56  |

|                          |              |      |       |
|--------------------------|--------------|------|-------|
| Skei administrasjon      |              |      | 6,59  |
| Skei SFO                 |              |      | 8,02  |
| Vassenden skule          | 5,9(SFO 4,1) | 6,86 | 7,54  |
| Vassenden administrasjon |              |      | 17,89 |
| Vassenden SFO            |              |      | 11,20 |
| Skei barnehage           | 3,8          | 2,69 | 5,92  |
| Langhaugane bhg          | 9,7          | 4,8  | 5,25  |

I Jølster kommune har ein godt kvalifiserte søkjarar til faste pedagog stillingar i skule. I barnehage har ein pedagogar i stillingar som pedagogisk leiar, men ikkje alle er utdanna førskulelærarar. Utfordringa i skule og barnehage er å rekruttere førskulelærarar og lærarar til vikariat og mellombelse stillingar. I stillingar som fagarbeidar og assistentar får ein gode søkjarar. For å sikre kompetanse i einingane har barnehage og skule jobba systematisk med opplæring og oppfølging av nyttilsette.


## Måloppnåing

| Hovudmål (4 år)   | Delmål (1 år)  | Status  |
|---|--|---|
| 1. Innan barnehage, skule og kultur skal ein gje tilbod om tenester med høg kvalitet. Ein jobbar heilskapleg med mål om å ha:<br>Barn og unge i sentrum<br>Den gode vaksenrolla<br>Godt samarbeid | Barnehage<br>1.1<br>Tidleg innsats for deltaking. Kompetanseheving av pedagogiske leiarar i kommunale og private barnehagar i å identifisere og hjelpe utsette barn, og bidra til at fleire barn får hjelp tidleg i livet.   | Kompetansehevinga vart gjennomført i 2013.  |
| 2. Barn og unge skal ha gode læringsmiljø som fremjar trivsel, utvikling og læring.   | 1.2 og 2.1<br>God gruppeleiing. Kompetanseheving og arbeid i barnehagane med god gruppeleiing.   | Det vart gjennomført kompetanseheving for assistentar i regi av fylkeskommunen. Dei har gjennomført 3 kursdagar og har att 2.                                 |
| 3. Jølster kommune skal ha faglige resultat i skule som er betre enn fylke og landssnittet.   | 2.2<br>Utbygging Skei barnehage.   | Oppstart av utbygging starta hausten 2013.  |
| 4. Barn og unge skal i oppveksten i Jølster få kjennskap til eiga bygd, delta i ulike kulturaktivitetar og oppleve utfordringar og meistring.   | Skule<br>2.3 og 3.1<br>Deltaking i nasjonalt pilotprosjekt– kompetanseheving ungdomstrinnet. Kompetanseheving innan klasseleiing og grunnleggande ferdigheiter i lesing og rekning.<br><br>3.2<br>Skulane gjennomfører tiltak som lesekurs og kartlegging av resultat og | Pilotprosjektet vart ferdigstilt våren 2013. Begge skulane gjekk inn i 1. pulje i ungdomskulesatsinga. Kompetansehevinga byrja hausten 2013 og varer ut 2014. |

|  |   |   |
|--|---|---|
|  | <p>utvikling på elev, klasse og skule nivå.</p> <p>2.4 og 3.3<br/>Ny Giv. 10% av elevane 10. trinn får tilbod om intensiv og grunnleggjande opplæring i norsk og matematikk.</p> <p>3.4<br/>Gjennomgang av organisering av spesialundervisning i skule.</p> <p>2.5<br/>Ferdigstille arbeid med behovsanalyse for skulane i Jølster.</p>   | <p>Gjennomført lesekurs og kartlegging av resultat. Rapportering til kommunalsjef.</p> <p>Det vart gitt NY GIV – tilbod til elevar i Jølster kommune.</p> <p>Det har ikkje vore gjennomført gjennomgang av organiseringa av spesialundervisning i skulane. Det har blitt laga ny struktur på rammetimetiloppsettet.</p> |
|  | <p>Kultur</p> <p>4.1<br/>Astrupfokus våren 2013. Tilrettelegging for Astrup App i Jølster. Arbeid med å gjenskape kulturlandskapet i Astruptunet.</p> <p>4.2<br/>Nynorsk skaparkraft. Born og unge i skule og SFO skal få kjennskap til eiga bygd gjennom:<br/>Kjennskap til kunstnarane våre Astrup og Eikaas<br/>Leselyst gjennom nynorsk litteratur og identitet<br/>Inspirasjon til å skape noko gjennom tekst og bilete<br/>Samarbeid mellom kulturskule, skule, bibliotek, høgskulen i Volda mfl.</p> | <p>Behovsanalysen er gjennomført.</p> <p>Prosjektet er gjennomført.</p> <p>Prosjektet er gjennomført.</p>   |

## 6 Helse og omsorg

### Organisering



### Tenester og oppgaver

Jølster kommune skal gje gode helse- og omsorgstenester til innbyggjarane i kommunen. Målet er å gje rett hjelp til rett tid. Tenestene har også i 2013 hatt stram økonomistyring. Det er utfordrande for fleire av einingane å møte eit aukande behov for teneste med tilgjengelege ressursar. Samarbeid på tvers av einingar har eit særskilt fokus. Einingane gjer ein svært god innsats og strekkjer seg langt for å imøtekomme dei krav som ligg til tenesta. Jølster kommune har eit godt tenestetilbod.

Det vart sett i gong ei gradvis innføring av Samhandlingsreforma frå 01.01.2012. To nye lover har særskilt sett sitt preg på tenesteytinga: «Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.» og «Lov om folkehelsearbeid». Tidlegare utskrivning frå spesialisthelsetenesta og ein aukande etterspørsel etter kommunale tenester er noko som har gitt sektoren større utfordringar. Gjennom heile året har det vore jobba med å følgje opp Kommunestyret sitt vedtak om organisasjonsendingar som skal sette kommunen i stand til å løyse nye krav og forventingar. Planlegging av nye omsorgsbustadar, rehabiliteringseining og korttidsplassar ved Skei omsorgssenter har på gått heile året.

I samhandlingsreforma fekk kommunane eit medfinansieringsansvar for medisinsk behandling i spesialisthelsetenesta. Kommunen fekk også betalingsansvar frå første dag for utskrivingsklare pasientar med behov for kommunale tenester dersom kommunen ikkje kunne ta imot pasienten. Kommunen har tatt imot alle utskrivingsklare pasientar og har ikkje betalt for slike liggedøgn i 2013. Forbruket av spesialisthelsetenester som kommunen har medfinansieringsansvar for, har ein liten auke frå fjoråret.

Jølster er med i interkommunale samarbeid/prosjektsamarbeid for å klare å løyse bestemte oppgaver. Interkommunal miljøretta helsevern avdeling vart etablert med Flora som vertskommune. Interkommunalt prosjektsamarbeid innan augeblikkeleg hjelp, rehabilitering, læring- og meistring held fram.

Andre interkommunale samarbeid kan nemnast:

- Prosjekt Barnevernssamarbeid i Sunnfjord. Prosjektet fekk utviklingsmidlar frå Fylkesmannen til kartlegging, analyse og evt. utvikling av samarbeidsmodellar for barnevernstenestene i dei deltakande kommunane. Prosjektet vart ferdig i 2013.
- Interkommunalt samarbeid om utforming av felles ruspolitikk. Fire kommunar er med i samarbeidet. Mål å kvalitetssikre rusmiddelplanane med tanke på å gjere dei til eit tenleg verktøy for førebyggjande og behandlande rusmiddeltiltak i kommunane

- Krisesenter. Flora er vertskommune
- Smiso SF; Senter mot incest og seksuelle overgrep i Sogn og Fjordane. Førde er vertskommune.
- Overgrepsmottak
- Legevaktsamarbeid

SIS Fagnettverk for helse og omsorg vart etablert i 2011 og har jamlege møter. Fagnettverket er svært nyttig, særskilt med tanke på dei store utfordringane kommunane står overfor innan helse- og omsorgssektoren, samt det store fokuset som er på interkommunalt samarbeid.

## Økonomi

| Rekneskap 2013 - samla oversikt (1000 kr) |                        |        |        |        |
|---|------------------------|--------|--------|--------|
| Ansvarsnr                                 | Eining                 | R2013  | B2013  | Avvik  |
| 300                                       | Helse og sosial felles | 4 822  | 5 079  | -257   |
| 312                                       | Helsestasjon           | 1 855  | 2 043  | -188   |
| 313                                       | Fysioterapitenesta     | 1 181  | 1 161  | 20     |
| 320                                       | Legetenesta            | 3 574  | 3 624  | -50    |
| 340                                       | Psykisk helsevern      | 4 817  | 5 243  | -426   |
| 350                                       | NAV sosialtenesta      | 10 113 | 9 552  | 561    |
| 351                                       | NAV flyktningbusetting | -3 929 | -503   | -3 426 |
| 371                                       | Heimetenesta Skei      | 5 626  | 6 006  | -380   |
| 372                                       | Skei bufellesskap      | 18 296 | 16 862 | 1 434  |
| 373                                       | Heimly bufellesskap    | 6 751  | 7 113  | -362   |
| 381                                       | Heimetenesta Vassenden | 5 265  | 5 807  | -542   |
| 382                                       | Vassenden busenter     | 13 002 | 12 541 | 461    |
|   | Sum                    |        |        | -3 155 |

Dei einskilde avvika er kommenterte i einingane sine årsmeldingar.

## Personellsituasjon

Medarbeidarane er Jølster kommune sin viktigaste ressurs. Det er fokus på godt arbeidsmiljø og å sikre involvering i viktige prosessar. Helse og omsorgssektoren har medarbeidarar som er engasjerte, fleksible og strekkjer seg langt for å gje innbyggjarane i Jølster gode tenester. Det kan til tider vere utfordrande å rekruttere fagpersonar til ledige stillingar. Nokre einingar har nytta vikarbyrå for å løyse utfordringane til nok sjukepleiarkompetanse i ferieavviklinga. Sektoren har fokus på fagutvikling og å styrke fagkompetanse. Kommunen gir støtte til utdanning innan fagområde der det er behov for ei styrking for å imøtekomme lovkrav. Dette, samt løn, ser vi er eit godt rekrutteringstiltak. Det er ikkje tilsett lærling i 2013. Pleie- og omsorgstenesta har fem flyktningar i praksis. Dette er eit samarbeid mellom NAV, Fylkeskommunen, Øyrane vidaregåande skule og pleie- og omsorgstenesta.

Samarbeid på tvers, intern og eksternt, er eit viktig fokusområde og må vidareutviklast. Tenesteleiarane har faste samarbeidsmøte.

## Fråværsstatistikk 2013

| Ansvarsnr | Tekst  | Året % |
|-----------|--|--------|
| 300       | Helse- og sosial felles (Jølster Frivilligsentral) | 0,00   |
| 312       | Helsestasjon                                       | 1,18   |
| 313       | Fysioterapitenesta                                 | 22,50  |
| 320       | Legetenesta  | 0,23   |

|     |                        |       |
|-----|------------------------|-------|
| 340 | Psykisk helsevern      | 22,72 |
| 350 | NAV sosialtenesta      | 0,34  |
| 351 | NAV Flyktningtenesta   | 0,00  |
| 371 | Heimetenesta Skei      | 6,87  |
| 372 | Skei busenter          | 10,15 |
| 373 | Heimly bufellesskap    | 15,95 |
| 381 | Heimetenesta Vassenden | 13,55 |
| 382 | Vassenden busenter     | 15,01 |

## Måloppnåing

«10 på topp» har vore utgangspunktet for innsatsområde gjennom året.

Arbeid med overordna planar og innføring av nye lover og Samhandlingsreforma har hatt stort fokus gjennom heile året.

Samhandlingsreforma, lokale tiltak: Det har vore jobba med å følge opp vedtaket i Kommunestyret gjennom heile året.

Folkehelse; vedtatt plan for folkehelse i 2013.

Dagaktivitetstilbod: plan vedtatt i 2013.


Kommunen har vore delaktig i fleire interkommunale samarbeid og prosjektsamarbeid.

Det har vore gjennomført leiarmøte innan sektoren, i gruppe og individuelt, gjennom heile året.



## 7 Plan, næring og drift

### Organisering



### Tenester og oppgaver

Ansvarsområda skal arbeide etter overordna lovverk, føresegner og sentrale føringar. I tillegg vil lokale politiske vedtak om mål, strategiar og tiltak gje premissar for utforminga av tenestetilbodet.

I 2013 har det vore fokus på arbeid med kommuneplanen. Samfunnsdelen er vedteken av kommunestyret og arbeidet med arealdelen er vidareført. Norconsult er engasjert som konsulent/prosessleiar. I samband med arealdelen har ein med grunnlag i KVU Lavik – Skei starta arbeidet med å få på plass ein korridor for ny E39 på strekninga Moskog – Vassenden. Her har Statens vegvesen bidrege med mellom anna midlar til utgreiingsarbeidet.

Det meste av reguleringsplanen for Moskog industriområde er vedteken og stadfesta. Framleis er ein del av planen, område K4, påklaga og vi ventar på endeleg handsaming av fylkesmannen. Planarbeid for reguleringsplan E39 på strekninga Bjørset – Skei er vidareført og det meste av planen er vedteken. Eit kartblad er til ny handsaming og vil bli ferdigstilt i 2014.

Ei anna viktig og svært omfattande oppgåve er gjennomføring av tiltak i samsvar med vedteke investeringsbudsjett. Dette omfattar programmering, prosjektering, kontrahering, produksjon og drift. Her har det vore eit nært samarbeid med fleire av tenesteeiningane i tillegg til plan- og byggenemnda som politisk oppnemnt organ. Av viktige tiltak kan nemnast planlegging og prosjektering av omsorgsbustader, sjukeheimplassar og rehabiliteringseining ved Skei omsorgssenter for å møte krava i samhandlingsreforma. Byggjearbeidet på Skei barnehage er starta opp og det er gjennomført planarbeid for 3 nye bueiningar ved Heimly.

Kommunalsjefen har ansvar for oppfølging av utval for plan og utvikling (UPU) og skal sikre at politiske vedtak blir i gjennomført. I 2013 har det vore 10 møter og det er handsama 74 saker. Det har og vore fellesmøter for planutvala i SIS.

Tenesteleiarane analyserer eige ansvarsområdet og er ansvarleg for å levere bidrag til årsmeldinga. Årsmeldinga syner at tenesteeiningane har svært høg aktivitet med eit omfattande og variert tenestetilbod. 2013 har som dei siste åra vore svært krevjande når det gjeld å finne balansen mellom tilfredsstillande tenesteproduksjon og tilgang på resursar. Det er likevel slik at einingane tek utfordringane på alvor og gjer sitt beste for å sikre at ein kan tilby eit best mogeleg tenestetilbod ut frå tilgjengelege resursar.

### Økonomi

| Rekneskap 2013 - samla oversikt (kr) |                                    |            |            |            |             |
|--------------------------------------|------------------------------------|------------|------------|------------|-------------|
| Ansvarsnr                            | Ansvar                             | R2013      | B2013      | Awik i kr. | Forbruk i % |
| 400                                  | Plan og næring felles              | 110 953    | 274 000    | -163 047   | 40          |
| 610                                  | Plan og bygg                       | 1 859 440  | 1 797 000  | 62 440     | 103         |
| 620                                  | Drift og komunalteknikk - avgifter | 11 663     | 0          | 11 663     | -           |
| 621                                  | Drift og komunalteknikk - drift    | 12 385 220 | 10 525 000 | 1 860 220  | 118         |
| 650                                  | Næring og miljø                    | 2 572 232  | 2 366 000  | 206 232    | 109         |
|                                      | Sum alle:                          | 16 939 508 | 14 962 000 | 1 977 508  | 113         |

## Personellsituasjon

Medarbeidarane er den viktigaste resursen til Jølster kommune. For å sikre motiverte medarbeidarar vert det kontinuerleg jobba for eit godt arbeidsmiljø med faglege utfordringar.

I det daglege arbeidet vert det elles nytta ulike arenaer og møtestader som leiarmøte, tenesteleiarmøte og ulike samarbeidsmøte med tenesteeiningane. Det vert og nytta ulike former for nettverkssamlingar med mellom anna andre kommunar og særskilt i SIS. Eit anna viktig tiltak er uformelle samlingar med sosialt samvære for å styrke samhald og samhandling i organisasjonen.

## Sjukefråvere

Sjukefråveret er synt i tabellen under. Ved sjukefråvere vil det normalt bli registrert store utslag som følgje av få tilsette innan dei ulike områda/tenestene. Langtidssjukemelding i kombinasjon med vakant stilling innan næring og miljø har gjeve eininga utfordringar i høve tilfredstillande sakshandsamingstid. Det registrerte fråveret i 2013 er elles om lag som tidlegare.

| Teneste | Tekst                                 | Året % |
|---------|---------------------------------------|--------|
| 13001   | Administrasjonslokale                 | 0,00   |
| 19010   | Drift- og anleggsavdeling             | 2,50   |
| 19040   | Vaktmeisterordning                    | 7,48   |
| 30001   | Fysisk tilrettelegging og planlegging | 1,52   |
| 30030   | Kart, oppmåling o.l.                  | 2,59   |
| 32540   | Landbrukskontor                       | 23,72  |
| 33310   | Drift og vedlikehald - vegar          | 0,52   |
| 33810   | Feiarvesen                            | 0,00   |
| 33910   | Brannvesen                            | 0,00   |

## Måloppnåing

| Hovudmål (4 år)                                      | Delmål (1 år)  | Status pr i dag  |
|--|--|--|
| Tilby innbyggjarane i Jølster kommune gode tenester. | Sikre kvalitet i teneste-tilbodet ved å ha rett kompetanse på rett plass.<br>Sikre at tenestene er i tråd med gjeldande lovverk og retningslinjer.<br>Ferdigstille/implementere kvalitetssystemet i einingane.<br>Sikre gjennomføring av politiske strategiar og vedtak.<br>Bruke CAF modellen med vekt på vidareutvikling av tenestene. | Kompetansebehov er under kontinuerleg vurdering.<br><br>Rekrutteringsvanskar til fagstilling knytt til plan.<br><br>Jobbar framleis med kvalitetssystem på alle einingane.<br><br>Vert kontinuerleg følgt opp.<br><br>Følgjer opp handlingsplanen. |
| Bidra til av Jølster er eit                          | Ferdigstille arbeidet med  | Samfunnsdel er vedteken av   |

|   |   |   |
|---|---|---|
| <p>samfunn i endring og vekst.</p>  | <p>kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel.<br/>Gjennomføre tiltak etter investeringsbudsjettet til rett tid og i samsvar med godkjent kostnad.<br/>Gjennomføre tiltak i samsvar med «10 på topp»<br/>Delta i fellestiltak i regi av SIS.</p> | <p>kommunestyre.<br/>Framlegg til arealdel har vore drøfta i styringsgruppa.<br/>Starta avklaring av korridor for ny E39 Moskog - Vassenden.</p> <p>Samhandlingsreforma med tiltak ved Skei bufellesskap er planlagt og det har vore tilbodsutlysing. Det er vedteke bygging og oppstart skjer i mars 2014.</p> <p>Skei barnehage; Byggestart i haust med ferdigstilling august 2014. Gravdal bygg er totalentreprenør.</p> <p>Deltek i felles prosjekt om ROS i SIS. Fareidentifikasjon gjennomført i alle kommunar.</p> <p>Reguleringsplan E39 er i hovudsak ferdigstilt.</p> |
| <p>Organisere tenestetilbodet slik at det sikrar effektivitet og eit sterkt fagmiljø.</p>                         | <p>Ha fokus på kvalitet og kompetanse.<br/>Sikre utveksling av informasjon i einingane.<br/>Bruke CAF modellen med vekt på eigen vurdering.</p>   | <p>Interkommunalt fagleg samarbeid på fleire fagområde.<br/>Faste leiarmøter.<br/>Personalmøter i einingane.</p>  |
| <p>Arbeidet for eit godt arbeidsmiljø som fremjar rekruttering og at tilsette ynskjer å halde fram i tenesta.</p> | <p>Ha fokus på eit arbeidsmiljø prega av respekt for den einskilde.<br/>Kontinuerleg oppfølging av tenesteiningane.</p>   | <p>Dette vert kontinuerleg følgt opp gjennom tenesteleiar-møter mm.</p>   |

For nærare omtale i høve måloppnåing for einingane vert det synt til årsmeldinga frå ansvarsområda.

## **8 Investeringar**

### **Rehabilitering og vedlikehald**

Arbeidet med rehabilitering og vedlikehald på kommunale bygg er vidareført i 2013. Med grunnlag i utarbeidd tiltaksliste har UPU prioritert tiltak for gjennomføring. Dette omfattar fleire tiltak med ulikt omfang og kostnad.

### **Kommunehuset**

Taktekking og beslag på skråtak formannskap, plan- og næring, kommunekassen, tenestekontor og kantina er utført i 2013. Flate tak var allereie skifta i 2010.

I tillegg er inngangsparti til kommunehuset pussa opp (ny himling, lysarmatur, møbler) og er uteareal rundt parkeringsplass oppe pussa opp (tetta vegger for å unngå lekkasjar og rydda veg busker).

### **Skei skule**

Automatikk for styring av klor og PH i symjebasseng er skifta i 2013. I tillegg er en stor del av vindaugsrammer på Skei skule reingjort og beist i sommar.

Nødlysarmatur på Skei skule og Skei barnehage er skifta ut på grunn av feilmeldingar og 2 brannskap er skifta ut som var ikkje godkjent lenger (for gamle materialar).

### **Skei barnehage**

Arbeidet med tilbygg til Skei barnehage er starta opp og skal vere ferdig i august 2014. Her blir det to nye avdelingar, fellesareal og for personalet. I tillegg vert uteområdet oppgradert.

### **Skei omsorgssenter**

Det er montert en by-pass på varmvannstanken for å kunne spyle ledningar med vatn som er varmare enn 60°C. Sikre mot legionella-bakteriar. Same tiltak skal utførast på en del andre bygg.

Planarbeidet for tiltak i samsvar med samhandlingsreforma er ferdigstilt og prosjektet er lyst ut på anbod.

### **Vassenden skule**

Himling på ungdomsfløyen er skifta. 3 brannskap er skifta ut på grunn av alder (ikkje godkjent lenger) og golvbelegg på toalett (ungdomsskule) er skifta.

### **Vassenden omsorgssenter**

Det er montert snøfangar på de nye omsorgsbustader. I tillegg er takrenner og loddbord skifta/repairert på de nye omsorgsbustader. Underkledning av taket på sjukeheimen er skifta og eit vindaug på et pasientrom er skifta i 2013.

### **Haugtun 4**

EL-skap på Haugtun 4 er rehabilitert og det er montert en jordfeilbryter i alle leilegheiter.

### **Astruptunet**

Ventilasjonsanlegg på galleriet er skifta i 2013. Det gjelder et relativt lite anlegg.

### **Eikaasgalleriet**

Det er montert veglys på Eikaasgalleriet i sted av veglys som ble påkjørt av bl.a. snøbrøyteutstyr kvart år.

## Radon-målingar

Det er utført radon-målingar på alle kommunale bygg. En del målingar er utført med utstyr som Jølster Kommune har kjøpt i 2012 og 2013 og en del målingar er utført med sporfilmbrikker. Alle målingar er rapportert og en tilbakemelding er gikk til dei tenesteeininga kor det må tas ekstra målingar (timesmålingar som skal utførast i 2014).

## ENØK-tiltak

Jølster Kommune har sett seg et mål om å redusere energibruk i kommunen. Derfor blir det prioritert tiltak kvart år. I 2013 er det utført følgjande ENØK-tiltak:

- Montering av nye panelomnar på en del av kommunehuset (plan- og næring og kommunekassen). Panelomnar er tilkopa til et KNX-system slik at varme kan bli sentralstyrt frå eit SD-anlegg. SD-anlegget på en del av kommunehuset er planlagt i 2014.
- Energioppfølgingsystem EOS, slik at vi kan forbetre energieffektiviteten i kommunale bygg (finne sparepotensial)
- Nye vinduer Vassenden skule (kjøkkenet)
- Varmepumpe på gymsal Vassenden

Jølster Kommune har fått kr. 67.789,70 i tilskot frå Enova for ovanstående tiltak.

## Inneklima-tiltak

Inneklima-tiltak som var planlagt i 2013 er ikkje utført på grunn av manglande ressursar. Når det gjelder kommunale bygg er det behov for å skifte / plassere fleire ventilasjonsanlegg. For å kunne gjennomføre ovanstående tiltak trengs det ca. 16 mill kroner. I investeringsbudsjett var det sett av 9.4 mill. kroner i 2015/2017 for å forbetre inneklima på skulane. På grunn av mulig utbygging/ombygging på skulane er denne post utsett.

## Vatn, avlaup og renovasjon

Det er gjennomført fleire tiltak i samband med rehabilitering av leidningsnett, pumpestasjonar samt andre deler av dei kommunaltekniske anlegga for vatn og avløp.

Hovudplanane for vatn og avløp er politisk handsama og vedteken i 2013.

## Samferdsel

Det er gjennomført nylegging/rehabilitering av fast dekke på Myklebust, Dvergsdal Indre og Sandal Indre. Kostnader er ført på kapitalbudsjett etter handsaming i formannskap og kommunestyret. Gangveg opp til Vassenden skule er ferdigstilt i 2013.

## Avslutta prosjektrekneskap i 2013

| Prosjektavslutning 2013 |                               |            |            |             |           |
|-------------------------|-------------------------------|------------|------------|-------------|-----------|
| Prosjektnr.             | Prosjektnamn                  | Budsjett   | Rekneskap  | Avvik i kr. | Avvik i % |
| 2293                    | Enøktiltak 2011/2012          | 400 280    | 384 078    | -16 202     | -4,0 %    |
| 219                     | Sansehage Skei omsorgssenter  | 400 000    | 189 184    | -210 816    | -52,7 %   |
| 220/2200                | Rehabilitering bygg og anlegg | 4 500 000  | 4 472 458  | -27 542     | -0,6 %    |
| 221                     | Skei barenhage                | 500 000    | 56 109     | -443 891    | -88,8 %   |
| 192/201/223             | Tiltakspakke 2009             | 1 977 000  | 2 090 585  | 113 585     | 5,7 %     |
| 213                     | Taktekking kommunehuset       | 500 000    | 531 381    | 31 381      | 6,3 %     |
| 1720                    | Langhaugane barnehage         | 41 000 000 | 36 286 323 | -4 713 677  | -11,5 %   |
|                         | Sum:                          | 49 277 280 | 44 010 118 | -5 267 162  | -10,7 %   |

## 9 Samanlikningar (KOSTRA)

Vi nyttar data frå kommunane si rapportering på rekneskaps- og tenestedata (KOSTRA). Tala for kommunane er tilgjengelege på SSB sine nettsider. Tal og tekst er henta frå denne nettsida og teksten er difor diverre på bokmål i tabellane.

### Utval av kommunar

Vi har avgrensa datamengda ved å konsentrere oss om same utval som i tidlegare årsmeldingar:

- Jølster, Gaular, Naustdal og Førde kommunar
- Gruppe 2 som er den kommunegruppa i landet der SSB har plassert Jølster:

|  |
|--|
| <b>KOSTRA-gruppe 2</b>   |
| "Små kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, middels frie disponible inntekter" |
| <b>Gruppe 2 i Sogn og Fjordane</b>   |
| Leikanger, Fjaler, Gaular, Jølster og Naustdal   |

- Snitt for fylket
- Snitt for landet med og utan Oslo.

Vi har også med tabellar med tal i tidsserie frå 2006 til 2013. Desse viser utviklinga i vår eigen kommune gjennom desse åra.

### Folketal

|                     | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|---------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Folkemengden i alt  | 2928 | 2929 | 2950 | 2981 | 3021 | 3052 | 3078 | 3070 |
| Andel kvinner       | 49,7 | 49,7 | 49,7 | 49,7 | 49,4 | 49,1 | 48,8 | 48,2 |
| Andel menn          | 50,3 | 50,3 | 50,3 | 50,3 | 50,6 | 50,9 | 51,2 | 51,8 |
| Andel 0 åringer     | 1,1  | 1,6  | 1,1  | 1,5  | 1,2  | 1,4  | 1,3  | 1    |
| Andel 1-5 år        | 6,7  | 6,5  | 6,9  | 6,8  | 7,3  | 7    | 7,3  | 6,9  |
| Andel 6-15 år       | 15,4 | 15   | 14,8 | 14,3 | 13,9 | 14,2 | 13,6 | 14,1 |
| Andel 16-18 år      | 4,3  | 5    | 4,8  | 4,9  | 4,4  | 4    | 4    | 3,8  |
| Andel 19-24 år      | 7,3  | 6,7  | 6,9  | 7,2  | 7,9  | 8    | 8,5  | 8    |
| Andel 25-66 år      | 49,7 | 49,9 | 50,7 | 50,4 | 50,5 | 50,4 | 50,6 | 51,1 |
| Andel 67-79 år      | 9    | 9    | 8,6  | 8,8  | 8,5  | 8,9  | 8,9  | 9,5  |
| Andel 80 år og over | 6,6  | 6,2  | 6,2  | 6    | 6,3  | 6    | 5,8  | 5,5  |

|                     | Jølster | Gaular | Førde | Naustdal | Gruppe 2 | Fylket | Eks Oslo | Alle |
|---------------------|---------|--------|-------|----------|----------|--------|----------|------|
| Folkemengden i alt  | 3070    | 2928   | 12685 | 2776     | ..       | ..     | ..       | ..   |
| Andel kvinner       | 48,2    | 48,4   | 49,9  | 47,5     | 49,1     | 49,1   | 49,7     | 49,7 |
| Andel menn          | 51,8    | 51,6   | 50,1  | 52,5     | 50,9     | 50,9   | 50,3     | 50,3 |
| Andel 0 åringer     | 1       | 1,2    | 1,3   | 1,3      | 1        | 1      | 1,1      | 1,2  |
| Andel 1-5 år        | 6,9     | 6,7    | 7,3   | 6,2      | 5,7      | 5,9    | 6,1      | 6,2  |
| Andel 6-15 år       | 14,1    | 13,6   | 14,1  | 13,2     | 12,5     | 13     | 12,4     | 12,1 |
| Andel 16-18 år      | 3,8     | 4,3    | 4,3   | 3,9      | 4        | 4,4    | 4        | 3,9  |
| Andel 19-24 år      | 8       | 8      | 8,8   | 8,5      | 7,5      | 8,2    | 7,9      | 8    |
| Andel 25-66 år      | 51,1    | 50,9   | 54,2  | 51,3     | 52,6     | 51,7   | 54,2     | 55   |
| Andel 67-79 år      | 9,5     | 9      | 6,8   | 10,3     | 11       | 10,2   | 9,7      | 9,4  |
| Andel 80 år og over | 5,5     | 6,3    | 3,1   | 5,3      | 5,6      | 5,6    | 4,4      | 4,3  |

### Finansielle nøkkeltal

|  | Jølster | Gaular | Førde  | Naustdal | Gruppe 2 | Fylket | Eks Oslo | Alle   |
|--|---------|--------|--------|----------|----------|--------|----------|--------|
| Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern | 2,5     | 2,5    | 3      | -1,5     | 2        | 2,2    | 2        | 1,8    |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern  | 1,9     | 1,9    | 3,8    | -2,2     | 2,5      | 2,4    | 2,4      | 2,6    |
| Frie inntekter i kroner per innbygger, konsern                     | 56 223  | 54 193 | 46 687 | 54 258   | 53 468   | 52 923 | 47 407   | 48 196 |
| Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter, konsern      | 205     | 196,4  | 231,7  | 214,9    | 207,6    | 208,9  | 207,5    | 206    |
| Netto lånegjeld i kroner per innbygger, konsern                    | 61 206  | 39 239 | 86 938 | 56 545   | 55 668   | 63 782 | 53 608   | 50 530 |

|  | 2006   | 2007   | 2008   | 2009   | 2010   | 2011   | 2012   | 2013   |
|--|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|
| Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern | 8,7    | 0,5    | 4,8    | 5,1    | 3      | 3,4    | 5,3    | 2,5    |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern  | 8,5    | 0,4    | 4,9    | 4,6    | 2,2    | 2,2    | 4,2    | 1,9    |
| Frie inntekter i kroner per innbygger, konsern                     | 35316  | 35306  | 36957  | 40265  | 41672  | 50163  | 54341  | 56223  |
| Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter, konsern      | 154    | 181    | 165    | 172    | 194    | 198    | 196    | 205    |
| Netto lånegjeld i kroner per innbygger, konsern                    | 38 065 | 35 420 | 45 458 | 51 970 | 51 844 | 54 911 | 61 242 | 61 206 |

Netto driftsresultat er på 1,9 % i 2013. Kompensert meirverdiavgift er ein del av dette resultatet sjølv om 80% av dette vert overført til investering (100% frå og med 2014). Lånegjeld pr innbyggjar er under gjennomsnitt for fylket men godt over landssnittet. Ein eventuell renteoppgang vil dermed få større konsekvensar for oss enn landssnittet.

## Prioritering

|  | Jølster | Gaular  | Førde   | Naustdal | Gruppe 2 | Fylket  | Eks Oslo | Alle    |
|--|---------|---------|---------|----------|----------|---------|----------|---------|
| Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager, konsern            | 115 385 | 114 867 | 129 824 | 130 497  | 116 183  | 118 628 | 119 018  | 119 972 |
| Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger, konsern | 16 632  | 16 219  | 13 199  | 14 698   | 14 247   | 14 770  | 12 260   | 11 936  |
| Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten, konsern        | 3 449   | 3 766   | 2 182   | 3 259    | 2 896    | 2 747   | 2 159    | 2 132   |
| Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten, konsern   | 21 514  | 14 955  | 12 958  | 17 882   | 18 447   | 19 325  | 15 508   | 15 230  |
| Netto driftsutgifter, administrasjon og styring, i kr. pr. innb., konsern          | 5 521   | 5 876   | 3 657   | 7 874    | 6 102    | 5 705   | 4 104    | 3 881   |

## Dekningsgrad

|   | Jølster | Gaular | Førde | Naustdal | Gruppe 2 | Fylket | Eks Oslo | Alle |
|---|---------|--------|-------|----------|----------|--------|----------|------|
| Andel barn 1-5 år med barnehageplass                                      | 94,8    | 95,9   | 92,6  | 95,3     | 90       | 91,9   | 90,8     | 90   |
| Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning                    | 13,1    | 14,2   | 9,1   | 11,9     | 10,1     | 9,6    | 8,4      | 8,3  |
| Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten                   | 12,4    | 14,3   | 11    | 14,4     | 12,7     | 12,4   | 10,1     | 10,1 |
| Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten           | 9,8     | 10,2   | 8,8   | 9,1      | 9,9      | 10,6   | 8,9      | 8,9  |
| Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner                   | 100     | 100    | 94,6  | 72,7     | 94,8     | 91,9   | 93,5     | 93,8 |
| Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år | 4,6     | 4,5    | 4,4   | 2,6      | 3,6      | 3,2    | 3,8      | 3,9  |
| Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år                   | 4,9     | 5,4    | 3,5   | 7        | :        | 4,8    | 4,7      | 4,7  |
| Syssel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.      | 7       | ..     | 5     | 7        | 152      | 94     | 58       | 54   |
| Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere                          | 28      | 12     | 14    | ..       | 22       | 22     | 21       | 20   |

|   | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|---|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Andel barn 1-5 år med barnehageplass                                      | 85,7 | 91,1 | 94,1 | 94,1 | 91   | 90,2 | 92,9 | 94,8 |
| Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning                    | 12,4 | 11,4 | 11,6 | 11,4 | 12   | 12,5 | 11,8 | 13,1 |
| Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten                   | 10,2 | 10,2 | 10,2 | 12,1 | 12,1 | 13,1 | 12,4 | 12,4 |
| Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten           | 6,8  | 6,8  | 6,8  | 6,7  | 9,9  | 9,8  | 9,7  | 9,8  |
| Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner                   | 83,3 | 100  | 100  | 100  | 100  | 100  | 100  | 100  |
| Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år | 4,3  | 4,6  | 3,8  | 3,9  | 4    | 4,1  | 4,6  | 4,6  |
| Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år                   | 3,4  | 3,5  | 3,4  | 3    | 2,9  | 4,6  | 6,1  | 4,9  |
| Syssel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.      | 17   | 3    | 7    | ..   | 7    | 7    | :    | 7    |
| Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere                          | 24   | 24   | 25   | 25   | 28   | 24   | 22   | 28   |





## 10 Styringsdokument

Kommuneplanarbeidet handlar om meir enn sjølve plandokumenta. Eit viktig arbeid er å legge til rette for at dei ulike styringsdokumenta høyrer inn i ein heilskap. Som eit reiskap i dette arbeidet, har vi laga eit oversyn over styringsdokument med tilhøyrande lovheimel:

### Kommunal planstrategi

Minst ein gong kvar valperiode  
Strategiske val, evaluering av hovudmåla for kommunen  
Planbehov  
Pbl § 10-1

### Kommuneplan

Samfunnsdelen  
Arealdelen  
Utarbeiding av hovudmåla for kommunen  
12 års perspektiv, vurderast kvart 4.år  
Pbl §§ 11.1, 11.2, 11.5 og Kl § 5.

### Kommunedelplanar, fag- og temaplanar

Utdjuping av hovudmåla for kommunen  
Til dømes psykiatriplan, pleie- og omsorgsplan, skule- og barnehageplan.  
Pbl § 11.1 og andre relevante lover.

### Økonomiplan

(med kommuneplanen sin handlingsdel)  
4 års perspektiv, vurderast årleg  
Knyttast til hovudmåla i kommuneplanen  
Kl § 44 og Pbl §§ 11.1. og 11.3.

### Verksemdplan

4 års perspektiv, vurderast årleg  
Mål for dei enkelte verksemdene, knytt til budsjett, vert nytta til rapportering.

### Budsjett

Gjennomføring av hovudmål og verksemdsmål  
1 årig  
Kl § 45

### Årsmelding og årsrekneskap

Evaluering av mål og planar  
1 årig  
Kl § 48

Kl = Kommunelova

Pbl = Plan- og bygningslova

# 11 Tenesteeiningane

I dette kapitlet kjem årsmelding med meir detaljar for kvar enkelt tenesteeining. Kapitlet følgjer ansvarsnummera i rekneskapet:

120: Sentraladministrasjon og fellesutgifter (også 130)

210: Skei skule

211: Vassenden skule

250: Kulturskulen

270: Skei barnehage

271: Langhaugane barnehage

300: Helse og sosial, felles

312: Helsestasjon

313: Fysioterapi

320: Legetenesta

340: Psykisk helsevern

350: NAV Jølster (også 351)

371: Heimetenesta Skei

372: Skei bufellesskap

373: Heimly bufellesskap

381: Heimetenesta Vassenden

382: Vassenden busenter

400: Plan, næring, drift, felles

510: Biblioteket


610: Plan og bygg

621: Drift og kommunalteknikk (også 620)

650: Næring og miljø

## 11.1 Sentraladministrasjon og fellesutgifter (120)

### Organisering



### Tenester og oppgåver

Tenestekontoret og kommunekassen er stabseiningar under rådmannen. Økonomi- og personalleiar er leiar for tenestekontoret og har budsjettansvar for alle postar under sentraladministrasjon og fellesutgifter. Frå hausten 2011 har tilvisingsfullmaktene vore delegert til ein av dei andre tilsette ved kontoret.

Kommunekasserar er leiar for kommunekassen. Ho har fullmakt til å disponere kommunale bankkontoar og kan difor ikkje ha tilvisingsrett.

### Økonomi

| Avvik                   | Kommentar til avvik   |
|-------------------------|---|
| 148.000<br>(ansvar 120) | Noko meirforbruk på politikargodtgjersle, representasjon og reise knytt til folkevalde. Innsparing pga ikkje utvida interkommunal arbeidsgjevarkontroll. Mindre forbruk på kursposten. Høgare lønsutgifter enn budsjettet. Ca kr 70.000 i netto utgift på Astrup/kultur-prosjekta |
| 0<br>(ansvar 130)       | Løyvinga til kyrkjeleg fellesråd er betalt ut i samsvar med budsjettet. Her er det såleis ikkje avvik. Tilskotet var på kr 2.388.000.   |

### Personellsituasjon

Børge Tvedt tok til som rådmann den 1. januar 2013. Saman med dei mange løpande oppgåvene, har året dermed også vore ein oppstart for ny rådmann.

Ved tenestekontoret og kommunekassen var personellsituasjonen stabil i store deler av året. IKT-koordinator slutta i stillinga den 15. desember og kring årsskiftet vart det såleis ein periode med vakanse i stillinga. Ny IKT-koordinator tok til 1. mars 2014.


### Måloppnåing

| Hovudmål (4 år) | Delmål (1 år)      | Status                     |
|-----------------|--------------------|----------------------------|
|                 | Arbeide vidare med | *Samfunnsdelen vedteken av |

|   |   |  |
|---|---|--|
| Halde framdrifta i kommuneplanarbeidet              | kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel<br>Plan på høyring før sommaren 2013. Vedtak innan utgangen av 2013.<br>Delta i interkommunalt samarbeid som felles næringsplan         | kommunestyret 5.11.13<br>*Arealdel utsett for å gi rom for avklaringar knytt til E39<br>*Vegvesenet har gitt tilsegn om 1 mill i tilskot til å utgreie korridor for E39 på Vassenden.<br>*Arbeidet med avklaring av korridor er i gang.  |
| Utvikle prioriteringsreiskap med "10 på topp" liste | Rapportering ved tertialrapportar<br>Implementere som styringsreiskap ved ønskje om å prioritere nye oppgåver.<br>Strukturere lista slik at ikkje enkeltpunkt blir uoversiktlege. | *Ved begge tertialrapportane i 2013 var det rapport på måloppnåing i høve verksemdplan. I tillegg til den økonomiske rapporteringa.<br>*Prioriteringa med «10 på topp» har nok ikkje funne si endelege form. Det er framleis utfordrande både administrativt og politisk å forme klare og ikkje for omfattande punkt.  |
| Løyse utfordringar knytt til samhandlingsreforma    | Vere i stand til å møte dei praktiske konsekvensane med rask utskriving<br>Gjennomføring av vedtekne omleggingar innan pleie og omsorg<br>Delta i interkommunalt samarbeid        | *Tatt imot alle utskrivingsklare pasientar frå helseføretaket i 2013. Overbelegg på institusjonane delar av året<br>*Omleggingsprosessen innan pleie og omsorg starta hausten 2013 med organisasjonskart og på leiarnivå.<br>*Utbygginga innan pleie og omsorg har vore jobba med heile året. Ferdigstilling av teikningar og søknad til Husbanken på nyåret 2014.<br>*Kommunen deltek i interkommunalt samarbeid om tenesteyting, prosjekt og fagnettverk |
| Informasjonsarbeid                                  | Lage profilmalar<br>Aktivt informasjonsarbeid<br>Vidareutvikle nettsida<br>Bruk av Facebook og Twitter.<br>Twitterprofil er ny frå 15. november 2012                              | *Fotokonkurransen #Skaparkraft på Instagram<br>*Ny og gjennomgåande designprofil for dokument og presentasjonar. Ny design på nettsida i tråd med dette.<br>Profilelement også brukt av andre aktørar<br>*Pr 20.1.14: Facebook: 863 "likarar" og Twitter: 167 følgjarar  |

## 11.2 Skei skule (210)

### 1.1 Organisering



I form av stillingar og stillingsinnhald har det vore få endringar. Skulen har 7 framandspråklege elevar.

SFO avdeling med 23 born.

Sjukefråværet i 2013:

Skule 7,56 %

Administrasjon 6,59 %

SFO 8,02 %

### Tenester og oppgåver

Skei skule har 136 elevar i 1 – 10 klasse. Skulen skal gje eit godt skule og skulefritidstilbod til barn mellom 6 – 16 år i Skei skulekrins.

Skulen har hatt satsing på fysisk fostring sidan 2005. Ordninga med fysisk aktivitet er vorte ein naturleg del av skuledagen vår. Skulen har 6 fagutviklingsdagar i året.

Skulen er også med i prosjekta entreprenørskap og Psykisk helsevern. Skei skule nyttar læringsplattforma Fronter på skulen. Skulen gjennomfører nasjonale prøver og kartleggingsprøver. Resultata gir oss god oversikt over område og tema i lese- og skriveopplæringa og matematikkopplæringa. 2013 har vi vore med på skulebasert kompetanseutvikling. Skei skule satsa på klasseleiing. Skei skule var også med i prosjektet Nynorsk skaparkraft. Dette prosjektet vart slutført juni 2013.

### Lov og forskrift

Opplæringslova med forskrift til opplæringslova, kunnskapsløftet; læreplanar for grunnskulen, arbeidsmiljølova, forvaltningslova.

Planar og handlingsrom for området:

- Lokale læreplanar i alle undervisningsfag
- Utviklingsplan Skei skule
- Kvalitetsutviklingssystem for Jølster kommune og Skei skule.

## Samarbeidspartnarar

Vassenden skule, PPT, BUP, skulehelsetenesta v/ helsestasjon, fysioterapitenesta, barnevern, kulturskule, politi, kyrkjekontor, barnehagane, Skei kvinne og familielag, Sunnfjord energi, frivilligsentral, arbeidstakar organisasjonane utdanningsforbundet, delta og fagforbundet.

Dette året har også Høgskulen i Sogn og Fjordane vore ein tett samarbeidspart gjennom den skulebaserte kompetanseutviklinga.

## Økonomi

| Avvik     | Kommentar til avvik   |
|-----------|---|
| 241 000,- | Vi har klart å holde budsjettet godt. Vi kutta utgifter gjennom året. |

## Kommentar

Skulen har også dette året sett inn kraftige sparetiltak utover hausten. Skulen har hatt betre kontroll med refusjonar og vikarutlønning. Vi har klart å sjå dette i samanheng.

Budsjett 2013: 17 681 000,000

Rekneskapsavslutning: 17 440 055,99

Sum positivt avvik på drifta er: 241 000,-

## Personellsituasjon

Skulen har merka at det siste året har vore vanskelegare å få tak i utdanna pedagogar.

Skulen har behov for å styrke faga: Tysk og/eller spansk og engelsk, kunst og handverk med hovudvekt på sløyd og naturfag.


## Måloppnåing 2013

- Gje ei best mogleg opplæring innanfor dei økonomiske og fysiske rāmene ein har.

| Hovudmål (4 år)    | Delmål (1 år)                             | Status  |
|--------------------|---|---|
| Klasseleiing       | Våren: pilotskule<br>Hausten: fase 1      | Ungdomsskulen har fokus dette året grunna høgskulen. Vi ynskjer å utvide dette til barneskulen ( mellomsteget)  |
| Vurdering          | vidareføre                                | Framovermeldingar: konkrete tilbakemeldingar til elevane<br>IUP: nytte dette verktøye til å gje elevane og foreldre informasjon om utviklinga til elevane |
| Fronter            | vidareføre                                | Utvide bruken til fleire funksjonar   |
| Entreprenørskap    | Setje i gang                              | Setje i gang  |
| Rekning i alle fag | pilotering                                | Avslutta juni 2013  |
| læringsstrategiar  | vidareføre                                | Vidareføre  |
| lesekurs           | Utvide til fleire klassetrinn( 2,3,4,6,7) | Utvide til fleire klassetrinn enn 5.klasse og 8.klasse  |

## 11.3 Vassenden skule (211)

### Organisering



Pedagogressurs er omrekna til stillingsprosent ved å bruke 4,02% pr. undervisningstime som gjennomsnitt. Stillingsstorleikar varierer noko gjennom året pga bl.a. endringar i elevgruppa, tilrådingar (spesialpedagogikk). Nokre stillingar ligg ikkje i budsjett p.g.a. av det er pedagog- og assistent stillingar som er knytt til oppdrag for andre kommunar (refusjon).

Det er til saman 52 fast tilsette ved skulen. Vikarar kjem i tillegg. Grunna permisjonar for fødsel, omsorgsoppgåver, tillitsverv, langtidssjukemelding og arbeid i anna stilling har skulen i 2013 hatt 9-10 vikarar i langtidsvikariat. Snittalderen er omlag 44 år, og av dei tilsette er 80% kvinner. Skulen vart omorganisert frå hausten av. Tre hovudstegleiarar fekk 20% administrativ ressurs, og inspektør fekk delt stilling mellom leing og undervisning. I omorganiseringsprosessen vart det laga nye stillingsomtalar for alle stillingstypar ved skulen. Det er oppretta ei leiargruppe bestående av hovudstegleiarar, leiar SFO, konsulent, inspektør og rektor. Tilsette samarbeider i team, med eige oppsett for bunden tid for pedagogane. Det er møte kvar veke i administrasjon, hovudstegleiarar, spes.ped. team, SFO og PALS- team. Tillitsvald, verneombod og rektor har medraderettsmøte kvar månad. Den nye organiseringa er betre tilpassa skulen sin storleik og dagens krav til læring- og utviklingsorientert skulekultur.

SFO har opningstider som følg skuleåret, med ferieopning 6 veker i året. Skulen hadde i snitt 285 elevar fordelt i 14 klassar om våren, og i overkant av 300 elevar fordelt i 15 klassar om hausten. Det har vore månedlige endringar i elevtalet. Dette er stort sett grunna ordinær til- og fråflytting, og noko flytting til og frå asylmottaket. SFO hadde i snitt 70 brukarar i 2013.

### Tenester og oppgåver

Læreplanen Kunnskapsløftet, med kompetansemål for elevane, er saman med Opplæringslova styrande for det meste av det pedagogiske arbeidet ved skulen. Skulen lagar utviklingsplan, som er tett knytt til bruk av lærarane si bundne tid. Utviklingsplanen følgjer skuleåret, og er konkretisert i tydelige mål og tiltak. Vassenden skule er opptatt av å arbeide systematisk etter utviklingsplanen. Jølster kommune vart frå

hausten av med i pulje 1 i kompetanseutviklingsprogrammet for ungdomsskolen (GNIST). Denne kom inn i planane etter at utviklingsplan for skuleåret var ferdigstilt. Vassenden skule har sett opp *lesing i alle fag* som sitt utviklingsområde som Høgskulen i Sogn og Fjordane skal vere tilbydar for. Skulen har prioritert at alle pedagogar i 1.-10. klasse skal vere med i prosjektet, som starta hausten 2013. På hausten vart valfagsordninga i ungdomsskolen også innført i 9. klasse i tillegg til 8. klasse.

Leiing og administrasjon har i 2013 vidareført det omfattande samordningsarbeidet med råmetimetal. Skulen har i 2013 auka med over 20 elevar, og med ei klasse, utan å auke timetalet i råma. Dei strame budsjetråmene opnar opp for løn- og prisauke, men ikkje for elevtalsauke og auke i timetal ved skulen. Dette har medført kostnadsinnsparing og pedagogisk effektivisering. Det har ikkje kome fram moment som tyder på at det er oppleving av kvalitetsreduksjon grunna desse organisatoriske grepa. Det har vore gjort store innsparingar i samordningsarbeidet av råmetimetal dei siste åra. Med det bygget skulen har tilgjengeleg er skulen hindra i å samordne særleg meir.

Skulen er pressa på areal både ute og inne, og har avdelingar i bygget utan balansert ventilasjon. Skulen har utfordringar i å støtte lovkrav omkring det fysiske skulemiljøet i ein skilde byggavdelingar og uteområde. Dette kjem fram i skulen sine handlingsplanar laga etter vernerundar for både dei tilsette og elevane. Uteområdet er pressa, spesielt i vinterhalvåret sidan det ikkje er brøyteordningar på plass på handballbana og fotballbana. I 2013 vart resterande av eldre leikestativ fjerna for å sikre HMS-ansvaret til skulen. Med ei klasse til i 2013 auka prosenten av undervisninga i kroppsøving som måtte avviklast utan tilgang på garderobe og sal. Tilsvarande har skjedd med auke av spesialundervisning der elevar ikkje får grupperom, og må ha undervisning i gangareal. Leiinga opplever at personale og elevar er svært løysingsorienterte, og er gode på å finne praktiske løysingar på dei aukande plassutfordringane. Men både leiing, verneombod og tillitsvald har i 2013 merka at dei praktiske kapasitetsutfordringane med både bygg og uteområde aukar på. Tilsette har gitt meldingar om at kapasitetsproblema medfører en del større organisatoriske utfordringar, oppleving av redusert kvalitet på både SFO og undervisningstilbod, samt at det må veljast kostnadsaukande løysingar. Vi ser at belastninga er stor på enkelte tilsette og enkelte elevgrupper.

PALS er eit godt innarbeidd skulemiljøverktøy ved heile skulen. PALS – teamet driftar arbeidet, der personalet, elevane og FAU er involvert. Skulen har utvikla gode system som er lagt merke til av Adferdsenteret sentralt. Skulen har i 2013 presentert systema sine på nasjonal PALS-konferanse i Oslo, og det er skular i fylket som har synt interesse for å få arbeide i nettverk med skulen. Skulen sitt kvalitetsutviklingssystem og skulemiljøarbeid får også positiv merksemd frå PPT, BUP, Barnevernstenesta og Politiet. Kvalitetsutviklingssystemet, som er utvikla i samarbeid mellom drift- og kommunalteknikk og Vassenden skule, fekk òg gode skussmål under interkommunalt tilsyn hausten 2013, då skulen fekk tilsyn etter HMS føreskrift for barnehagar og skular.

Vassenden skule har dei siste åra hatt mykje samarbeid med barnevernstenesta, PPT og BUP i arbeidet med elevsaker. Dette er ressurskrevjande i tidsbruk, særleg for kontaktlærarar og skuleleiing. Arbeidet med einskildsaker som dette er arbeid skulen prioriterer høgt. Det er viktig arbeid både for einskildmennesket, skulen og lokalsamfunnet. Det er ressurskrevjande for ein skule når omfanget er så stort som det er ved Vassenden skule, og det har medført redusert tid til eks.: fagleg-pedagogisk arbeid både i lærar- og leiargruppa ved skulen. På bakgrunn av dette, og elevtalsutviklinga i kommunen, har skulen sidan 2012 arbeidd for å få heildekkande gjennomgang av dei kommunale system for ressurstildelingar i skulesektoren i kommunen.

Digital kompetanse er viktig læringsmål i alle fag. I 2013 fekk Vassenden skule kjøpt inn maskiner slik at skulen frå hausten fekk auka frå å ha 16-17 elevar pr. datamaskin i 1.-7. klasse, til å støtte kommunal standard på 2-3 elevar pr. maskin. For å kunne drifte og bruke dei nye elevmaskinene tok skulen kostnadene ved å få på plass trådløst nett. Dette låg ikkje i budsjett men var naudsynt for å kunne nyttegjere maskinparken. Musikkrom har også underkapasitet, og er ikkje organisert etter dagens kompetansemål i faget. Tilsvarande er det for naturfagsalen. Faglige evalueringar etter gjennomføring av kartleggingsprøver og nasjonale prøver syner at skulen sine læreverk ikkje stettar alle krav i kunnskapsløftet, som har vore



justert og endra etter at skulen kjøpte inn læreverka. Dette medfører at pedagogisk personell i utstrekkt grad produserer undervisningsmaterieell sjølv for å sikre at elevane får opplæring etter alle kompetansemåla i faga. Metoden er kostnadskrevjande i tidsbruk og kopierings-utgifter.

Det er god aktivitet i samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet ved skulen, der samarbeidet med FAU og elevrådet er godt. Elevrådet og tilsette har i 2013 gitt stor støtte til FAU sitt gode arbeid med å etablere jungelpark på skulen sitt uteområde.

## Økonomi

| Avvik     | Kommentar til avvik   |
|-----------|---|
| 89 419 kr | 211 Vassenden skule vart drifta etter budsjett i 2013.<br><br>Kommentarar:<br>Løn og vikar i skule: Skulen har høge vikarutgifter(2,9 mill). det meste er til langtidsvikariat der skulen har klart å rekruttere mange vikarar med kompetanse. Vikarbehovet er pga. mange permisjonar (fødsel, redusert stilling pga småbarn). Skulen relativt høge refusjonsgodtgjersle (fødsel, refusjon frå andre kommunar, asyl) KLP i skule: Budsjettert ved bruk av utrekningsnøklar. Sprekk på 200 000 kr. Energikostnadene vart 100 000 kroner høgare enn budsjettert. Resultatet er tilsvarande som i 2012. Vinterperiodane i 2012 og 2013 var relativt like med periodar med sterk kulde som gir utslag i kostnader for å drifte eldre byggavdelingar slik at undervisning kan oppretthaldast. Gymsalen har vore spesielt utfordrande å drifte. |

## Personellsituasjon

Skulen har, på grunn av samordningsarbeidet med råmetimetalet, ikkje auka opp stillingsheimlar for pedagogisk personell dei siste to åra. Det betyr at skulen har same stillingsprosent for pedagogisk personell sjølv med om vi har auka med to skuleklassar frå 2011-2013. I 2013 vart det tilsett nye lærarar i faste stillingar grunna avgang og oppseiing. Skulen tilsette også i fleire vikariat grunna mange svangerskaps- og velferdspemisjonar. Skulen hadde høgt søkartal med kvalifiserte søkjarar på dei ledige stillingane, og skulen har kvalifisert personell med god fagleg breidde og relativt låg snittalder. I rekrutteringsarbeid er det faga norsk, engelsk og spesialpedagogikk som har hovudprioritet. Men det har òg vore behov for å rekruttere kompetanse innan tysk/spansk, vurdering, GLSM, musikk, kunst- og handverk og kroppsøving. Det har vore naudsynt å bruke noko ufaglært personell for å dekke inn delar av vikarbehov.

I 2013 var skulen sitt sjukefråvære på 7,5%, administrasjon 17,89 % og SFO 11,20 %. Dette er kommunale registreringar av både korttids- og langtidsfråvære. Prosenten er noko høgare enn NAV sine tal, som syner sjukemeldt fråvæ. Sjukefråværet ved skulen har ikkje gått ned i 2013. Statistikken syner at skulen har høgast sjukefråvæ i reinhald- og assistentgruppa, der også langtidsfråværet med sjukemeldt fråvæ er høgast. Pedagoggruppa har hovudvekt av korttidsfråvæ med enkeltdagar og kortare periodar der skulen ikkje får refusjon. Leiargruppa og administrasjon har svært lågt sjukefråvæ. Langtidssjukemeldingar vert følgt opp systematisk etter IA- avtalen.

Tilsette uttrykkjer at dei opplever skulen som ein god arbeidsplass, med godt psykososialt arbeidsmiljø. Dei syner m.a. til eigentrivsel med arbeidet, medverknadsmogelegheiter, godt kollega- og elevsamhald, PALS, humor og kultur for å ha «lov til å prøve og feile». I utviklingsarbeid syner arbeidsstokken stor vilje til å evaluere og justere eigenpraksis i takt med ny læring. Dette er eit svært positivt trekk med tanke på kvalitetsutvikling av skulen sitt tilbod for elevane. I 2013 passerte skulen 300 elevar og dei praktiske plassutfordringane auka ytterligare. Både leiing, verneombod og tillitsvald har i auka grad fått innspel på at manglande tilgang på nok areal i både bygg og uteområde reduserer kvaliteten på det fysiske arbeidsmiljøet. Pedagogisk personell melder at det er belastande å daglig oppleve å måtte gi forringa pedagogisk kvalitet på undervisninga si pga. mangel på tilgang til grupperom for spesialundervisning, samt lite tilgang til spesialavdelingar for praktiske- og estetiske fag. Signala kan tyde på at utfordringane skulen har med


kapasitetsproblem har byrja å røyne på både elevane sitt skulemiljø og dei tilsette sitt arbeidsmiljø. Dette er alvorlege signal med tanke på skuleeigar sitt ansvar for å tilby elevane på Vassenden både fagleg kvalitet og eit godt skulemiljø, samt sikre tilsette eit godt fysisk arbeidsmiljø. Leiinga ser også at plassproblema gir unødvendige økonomiske meirkostnader pga. manglande organisatoriske handlingsrom.

## Måloppnåing

| Hovudmål (4 år)                                  | Delmål (1 år)   | Status   |
|--|---|--|
| Vurdering og lesing i alle fag                   | Styrke tilpassa opplæring<br>Tettare oppfølging av §5.1 elevar i lesing, skrivning og rekning<br>Samla personalansvar for at lesing i alle fag er viktig<br>Lesekurs/leseprosjekt<br>Gode rutinar for å følge opp kartleggingsresultat<br>Vurdering for læring. | Under arbeid i årets utviklingsplan<br>Oppretta spes ped team<br>Internopplæring gjennomført, samt oppstart med lesing i alle fag (GNIST)<br>Som C)<br>System for kartleggingsprøver og nasjonale prøver fungerer godt. Må arbeide vidare med oppfølging av lokale kartleggingsprøver<br>Under arbeid framleis |
| Vidareføring av PALS – ansvar, respekt og omsorg | Vidareutvikle og evaluere innført Pals-system inkl rutinar<br>Bruk av elev-undersøkingar og evalueringsverktøy<br>Oppretthalde og vidareutvikle individuelle støttesystem<br>Bli betre på å sjå heile eleven (faglig og sosialt)                                | Gjennomført<br>Gjennomført<br>Gjennomført. Leiar for kvart system er på plass, og auka bruk av systema<br>Kontinuerlig arbeid som må vidareførast  |
| Uteområde og Friminutt Aktiv                     | Merke opp aktivitetar på asfalten<br>Lage jungelpark<br>Vidareutvikle Friminutt Aktiv   | Gjennomført.<br>Støtte til FAU er gitt og skal vidareførast<br>Friminutt aktiv hadde pause hausten 2013. Oppstart i 2014 igjen.  |
| U-steg: Elevbedrift, Valfag og Ny Giv            | Elevbedrift<br>Starte opp valfag<br>Ny Giv  | Gjennomført<br>Gjennomført<br>Gjennomført  |

## 11.4 Jølster kulturskule (250)

### Organisering



Jølster kulturskule har ikkje eige bygg, men driv undervisning m.a. på skulane i kommunen.

Politisk er kulturskulen organisert under Utval for oppvekst, kultur og helse.

Administrativt organisert under kommunalsjef for oppvekst og kultur.

### Tenester og oppgåver

#### Kulturskulen sine arbeidsoppgåver og samarbeidspartar

Til liks med åra før hadde kulturskulen mange ulike underholdningsoppdrag i og utanfor kommunen i 2013. Møter, jubileum, 17.mai, tilstellingar på kommunehuset, ulike arr. i grendehusa rundt om, egne elevkonsertar, oppdrag på Skei Hotel er blant desse. Vil spesielt få nemne Skei Hotel, som er den største arenaen for våre elevar å få sceneerfaring på; her har vi oppdrag spreidd utover heile året, noko som er både viktig og unikt for vår skule.

Vi hadde også i 2013 samarbeid med mange, mellom anna Jølster bibliotek, Jølster jazzklubb, Vassenden skule, Skei skule og Jølster kulturforum/Den Kulturelle Skulesekken (DKS).

Kulturskulen er medbyggjar i den lokale, kulturelle skulesekken, og i 2013 gjennomførte vi m.a. eit bre- og korprosjekt i 2 niandeklassar og 1 tiandeklasse (onsdag 28. august 2013).

Kulturforumet besto i 2013 av: Hilde Hegrenes (leiar), Elin Villung (skrivar), Grete Skaar Sunde, Anja Gulbrandsen, Ingrid Søyland og Solveig B. Lofnes.

#### Nynorsk skaparkraft

Rektor var prosjektleiar for «Nynorsk skaparkraft», som fekk eit budsjett på kr. 180.000,- av Utdanningsdirektoratet, og prosjektet var den største arbeidsoppgåva på kulturskulen i 2013. Resten av prosjektgruppa besto av Janne Karin Støylen, Grete Skaar Sunde, Silja Juklestad og Monica Nilsen.

Vi hadde samarbeid med alle grunnskuleelevar og lærarar, samt elevgrupper og lærarar på Mo og Jølster vgs, i tillegg til eksterne aktørar som 12 ulike forfattarar og foredragshaldarar. I juni arrangerte vi aktivitetshelg for barn og unge på Ålhus, kor m.a. alle elevar og kulturskuleelevar var med. I august gjennomførte vi bre- og korprosjekt med ca. 70 elevar på breen, NRK filma og viste dette på vestlandsrevyen, og Torje Bjellaas sette saman ein film frå dette som seinare vart vist som opning på 250-årsjubiléet til Sogn og Fjordane fylke i oktober (Leikanger).

## Kontakt med heimane

Skuleåret 06/07 innførte kulturskulen tilbod om foreldresamtalar til alle elevar, og dette har vi hatt kvart år sidan.

## Tenester og oppgåver i eininga

\* Det er lovpålagt å ha kulturskuletilbod i alle kommunar. I tillegg er St.meld. 38 og 39 (2002-2003), St.meld. 30 (2003-2004), "Kunnskapsløftet" 2006, "Skapende læring", St.meld. 8 (2007-2008), samt "Strategi for kunst og kultur i opplæringa 2007-2010" retningsgivande.

## Økonomi

| Avvik      | Kommentar til avvik  |
|------------|--|
| -194.000,- | Avviket skriv seg frå manglande fakturer lng frå kyrkja, som skal fakturere kulturskulen for organisløn i 20 % kvart år i januar, men som ikkje har fakturert sidan januar 2011. Dermed fakturerte dei i desember 2013 kr. 228.000,-. Manglande fakturering for 2012 førte til underbudsjettering for 2013, dermed enda avviket på kr. 194.000,-. Det er teke kontakt med kyrkja for å endre faktureringsrutinane. |

## Personellsituasjon

Vi har, og har hatt, ein svært stabil personellsituasjon. Dei siste 3 åra har dette også vore tilfelle på dans, som før har vore noko meir ustabil. Vi har lite bruk av tilfeldige vikarar, og må vi seie oss svært nøgde med dette. Elles er det Elsa Norunn Håheim Nydal, Rune Molvik, Ingrid Gulbrandsen Årdal, Tor Ivar Flatjord, Knut M. Sandal, Mari Andrea Ness og Anja Gulbrandsen som underviser på kulturskulen.

## Måloppnåing

| Hovudmål (4 år)                         | Delmål (1 år)   | Status  |
|---|---|---|
| Utvikle kulturskulen som ressurscenter. | Oppfylle regjeringas krav om gratis kulturskuletime 1.-4.klasse.<br>Ferdigstille handlingsplan.<br>Samarbeide med foreldregruppe ved kulturskulen.<br><br>Utvikle tilbod for born under skulealder.<br>Fagansvar nytt valfag på ungdomsskulen; Sal & scene. | Ordninga fall vekk ved regjeringsskiftet, så planane vert ikkje gjennomførte.<br>Rammeplan for kulturskulane kjem denne våren, så ein avventar både handlingsplan og etablering av foreldregruppe til rammeplan kjem.<br>Manglar lærar.<br>Skulane tek i år ansvar for faget sjølv. |
| Promotere kulturskule.                  | "Den plutselige scene", tilbod til ungdomsskuleelevar i Jølster som vil spele i band; samarbeid med Jølster bibliotek.  | Deltakarliste. Drift/kom.tek. arbeider m nøkkelboksformat.  |
| Auke og deretter stabilisere elevtalet. | Arrangement, konsertar, egne rekrutteringskonsertar på skulane. Mål: 100 elevar.  | GSI-statistikk. Deltakarliste.<br>Målet er nådd.  |
| Kompetanseheving                        | Delta på aktuelle kurs,   | Gjennomført.  |

|                                   |  |   |
|-----------------------------------|--|---|
|                                   | vidareutdanning. (30 vekttal "gehørbasert leiing", Norges Musikkhøgskole)                            | Utdanning; eksamen 15. april.   |
| Delta i samarbeidsprosjekt        | Leie prosjektet "Nynorsk skaparkraft". Sitte i styringsgruppe for "Den kulturelle skulesekken", UKM. | Evaluering Nyn.sk. sendast skulane i veke 12.                               |
| Ferdigstille Grushola som uteamfi | Finne nye pottar å søkje midlar frå. Etablere kontakt med landskapsarkitekt.                         | Pengar, i form av positivt søknadssvar, vil vere god nok måling av resultat |

Vi gler oss over at elevtal, årsverk og undervisningstimar har vore stabilt også i 2013. Målet er 100+ for elevtalet, og sjølv om dette målet er nådd vil vi følgje utviklinga nøye. Det har dei siste åra vore oppgang i tal kulturskuleelevar i Vassenden-området. Hausten 2012 var det for første gong på mange år fleire elevar frå Vassenden enn frå Skei på kulturskulen, hausten 2013 var denne auka enno større, med 16 elevplassar på Skei og 92 elevplassar på Vassenden. Sjølv om talet på grunnskuleelevar syner generell nedgang på Skei skule vil vi likevel setje i verk tiltak som t.d. rekrutteringskonsert på Skei for å få fleire elevar frå denne regionen. ☒

Det er og mange elevar frå Jølster kulturskule som vel å gå på musikklinja ved Firda vgs. Det er eit mål for oss å informere våre elevar om kva vidaregåande skular i fylket tilbyr av linjer innanfor kulturfaga.

### Andre mål

Rockeverkstad, her har ein funne ei samarbeidsløysing saman med biblioteket; "Den plutselige scene" kor elevane kan komme og øve på ferdig oppkopl PA-anlegg. Dette fungerer bra, men ordninga skal utvidast når organisering av nøkkel-levering er på plass, og drift og kommunalteknikk arbeider med saken. Ordninga med leige av loftet på samfunnshuset er også sett i gang att, kor eit band frå Vassenden m.m. gjerne vil ha sitt øvingslokale.

Tilbod til elevar med særskilde behov, her har kulturkulen eit lite tilbod, men ordninga kan ikkje utvidast til å gjelde fleire utan tilføring av midlar.


Jazzkveld og Lydkurs (lydteknikk/band). Begge deler er no ivareteke av «Jølster jazzklubb», noko vi er svært glade for.

### Til slutt nokre viktige ord:

Psykisk helse er definert som meistring og venner, og i kulturskulen ser ein mange eksempel på at instrument-, drama-, danse-, og biletkunst-undervisning er helsefremjande og -førebyggande. Ein har stor grad av meistring, og sjølv om indre vekst og meistring er lite målbart er det ingen tvil om at absolutt alle kulturskule-elevar har framgang, meistringskjensle og stor glede av det dei lærer.

## 11.5 Skei barnehage (270)

### Organisering



### Tenester og oppgåver

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd. Styringsdokumenta er barnehagelova og Rammeplanen for barnehagar og diverse rundskriv som handlar om barnehagen og kva vi bør ha fokus på. Ut frå desse dokumenta sett vi opp årsplan, månadsplanar og planlegg det pedagogiske arbeidet.

Skei barnehage har hatt to avdelingar, Blåklokke med 18 – 19 barn pr. dag 3 – 5 år og Solsikke med 12 – 14 barn pr. dag. 2 – 3 år. I august starta Krambua opp med 5 – 6 1 åringar pr. dag.

Mottoet i Skei barnehage er: «Gjer mot andre det du vil dei skal gjere mot deg». Barnehagen skal vere ein god arena for lek, omsorg, læring og danning. Opningstida er 7.00 – 16.45

### Økonomi

| Avvik     | Kommentar til avvik   |
|-----------|---|
| - 372 971 | Det har vore styrt stramt. Straum har vore underbudsjettert med 31 000. Det har vore kjøpt inn litt utstyr og inventar til den mellombelse avdelinga på Krambua. Dette har vi tenkt å bruke i den eksisterande barnehagen som skal gjerast om til to småbarnsavdelingar Husleige, personalkostnader og ikkje minst kostnadane med reduserte plasser. Vi får ledig kapasitet einskilde dagar, utgiftene vert dei same, men inntektene går ned for 2013 (8 barn har 60 - 80 % utgjør det over 100 000 i tapte inntekter til Skei barnehage frå Jølster kommune.<br>Jmf. Kommunale barnehagar finansiering for 2013.<br>37 barn går i Skei barnehage det utgjør 47 plasser / einingar. |

### Personellsituasjon

Vår halvåret var vi 700 % stillingar, hausthalvåret var vi 940 %. I tillegg har vi hatt styringsmidlar tilsvarande ca. 100 % heile året. Stillingane har vore fordelt på 12 – 13 personar av desse ein mann. To pedagogar avslutta studiet. «Leiing i Framtidas barnehage, og ein pedagog avslutta studiet i «Barnehagepedagogikk». Personalet er stabilt og fleksible. Sjukefråværet har vore på 5,92 %.

## Måloppnåing

| Hovudmål (4 år)          | Delmål (1 år)  | Status  |
|--------------------------|--|---|
| Barna skal stå i sentrum | <p>Barna skal trivast vise omsorg og ha vener</p> <p>Innføring av teikn til tale og samtalebok «PODD»</p> <p>Barna skal formidle glede og gje gode augneblikk, på Skei bufellesskap to gongar i månaden.</p> <p>Utviklingsprosjekt til juni - 2013</p> | <p>Personalet må vere tett på heile tida og sjå den einskulde. Foreldre har lurt på om vi ikkje har vore for få vaksne særleg om morgonen. Den lange opningstida gir nokre utfordringar. Mindre folk morgon og ettermiddag.</p> <p>Kommunikasjonsverktøyet «PODD» er erstatta med anna materiell</p> <p>Utviklingsprosjektet er ferdig og konklusjonane er at dette bør vi halde fram med. I haust har vi besøkt sjukeheimen 1 gong i månaden. Dette kan utvidast seinare.</p>  |
| Den gode vaksen rolla    | <p>Personalet skal vere beviste på korleis dei samhandlar og kommuniserer med barn og vaksne.</p> <p>Personalet skal gje tryggleik, nærleik, støtte og hjelp</p>   | <p>Samhandling og kommunikasjon har alltid fokus.</p> <p>Vaksne har vore aktivt deltakande og observerande i leik og aktivitetar.</p> <p>Vi går på turar i nærmiljøet, på biblioteket, i ballbingen, butikkane, går til Skei skule for å ha gym, dei minste har gym i barnehagen. Fem åringane har vore på besøk i 1 kl. og på SFO. Speidarplassen er kjekk å gå til.</p>   |
| Godt samarbeid           | <p>Barna skal tørre å seie i frå, utrykke egne ønskje og gje tilbakemelding.</p> <p>Personalet har hatt kurs i fargelære og måleteknikkar med Elsa Norunn Håheim Nydal</p>   | <p>Barna får komme med kva dei har lyst til å gjere. Dei store seier i frå når noko er gale og urettferdig. Dei minste må personalet lese utifrå kroppsspråket. Foreldra kan kome med tilbakemeldingar ved levering og henting, på foreldresamtalar, foreldremøte, foreldreråd og samarbeidsutval.</p> <p>Tilbakemeldinga har stort sett vore positive, det som er snakka om har vi prøvd å ta tak i. Vi kan ikkje klare å tilfredstille alle foreldra sine ønskje.</p> <p>Det vart måla bl.a. julepresangar i lag med barna, der ulike metodar vart nytta.</p> |

**Planleggingsdagar og personalmøte** i 2013 har vore nytta til: Evaluering av verksemdsplan, månadsplanar og det daglege arbeidet. Informasjon om forskning på barnehagefeltet og andre tema frå dei som gjekk på studie. Evaluering av Utviklingsarbeidet og planlegging for neste barnehageår.

I samband med opplæringspakka: Identifisering og bistand hadde alle barnehagane i Jølster felles planleggingsdag med tema «Min hemmeleg barndom v/ Inger F. Stokke.

Vi avlyste deltakinga på Barnehage konferansen for å jobbe med inventar til påbygget og spare utgifter.

**Kompetanseheving:** I samband med opplæringspakka har pedagogane hatt rettleiingsgrupper på tvers av barnehagane. (Mykje stoff som skulle lesast)

Tre av assistentane har delteke på Kompetanseheving for assistentane i regi av fylkesmannen. to assistentar starta på fagbrevet som Barne og Ungdomsarbeidar hausten 2013.

Innføringa av TIETO og min arbeidsplan. Påbygginga av Skei barnehage har gått greitt, med unntak av ein avgravd fiberkabel, som medførte ein lang periode utan nettverk for oss i barnehagen.

**Foreldresamarbeid:** Foreldremøte i vår evaluering av utviklingsarbeidet. Tema: Barn og eldre.

Problemstilling: Korleis skape glede og gode augneblikk mellom barnehagebarn og eldre i bufellesskap? Såg på teikningane til påbygget og arealplanen for uteområdet. Foreldremøte i haust: Informasjon om praktiske ting, pedagogiske opplegg. Budsjett – økonomi. Påbygging – utfordringar?


Forut Kafé, Påske- og Julefrukost.

**Samarbeidsutvalet** har hatt 4 møter.



## 11.6 Langhaugane banehage (271)

### Organisering



### Tenester og oppgaver

Pedagogisk tilrettelagt verksemd for barn under skuleplikt alder, viktigaste styringsdokument: Lov om barnehagar 17. juni 2005 Ajourført med endringar 24.06.2001 i kraft frå 01.01.2012. Forskrift for barnehagen sitt innhald og oppgaver nr. 266, sist endra 10.01.2011. Rundskriv F-08/2006 til lov om barnehagar av 17. juni 2005 nr. 64 med forskrifter og departementets merknadar til forskrifta og rundskriv som har komme med utfyllande merknadar heimla i barnehageloven av 17. juni.

Stortingsmelding 41, Kvalitet i barnehagen: denne set opp krav om å sikre likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar, styrke barnhagen som læringsarena og at alle barn skal delta aktivt i eit inkluderande fellesskap.

### Lokale føresettdar

Bemanningsplanar for kommunale barnehagar og kompetanseplan for oppvekst og kultur.

### Økonomi

| Avvik       | Kommentar til avvik   |
|-------------|---|
| 1 138 000,- | <ul style="list-style-type: none"><li>- Tilsette i vikariat og faste stillingar har lågare ansiennitet enn dei stillingane var budsjettert med (høgare ref. på svangerskapspengar)</li><li>- Vi tok inn 3 ekstra barn frå mottaket på vårparten, noko som gjev inntekter som ikkje var budsjettert med</li><li>- Vi har søkt midddlar og fått tilslag på fleire prosjekt som gjev friske pengar inn i rekneskapen</li><li>- Vi har vore med på kurs og opplæring som gav oss inntekter</li><li>- Vi treng ikkje nytte vikar for kvar enkelt person som har sjukefråvær på grunn av stordriftsfordela, og godt samarbeid mellom avdelingar og tilsette</li></ul> |

|  |  |
|--|--|
|  | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vi har eit moderat sjukefråvær samanlikna med barnehagar på landsbasis</li> <li>- Budsjettet var berekna ut frå utg. i 4 kvartal 2012, sidan vi ikkje hadde årsrekneskap for drift av det nye bygget vårt.</li> </ul> |
|--|--|

## Personellsituasjonen

Vi har kvalifisert personale i alle stillingar, vi har ingen i barnehagen som jobbar ufrivillig deltid. I barnehagen jobbar det 1/3 pedagogar, 1/3 fagarbeidarar og 1/3 assistentar. Vi har komme langt når det gjeld likestilling i barnehagen og har 1/3 tilsette som er menn, 2 pedagogar, 1 fagarbeidar, 4 assistentar, 1 reinhalda i tillegg til 2 vikarar.

## Måloppnåing

| Hovudmål (4 år)      | Delmål (1 år)  | Status  |
|----------------------|--|---|
| Barnet i sentrum     | Ha klar barnehagen si pedagogiske plattform  | Denne var klar Januar 2013, og er sist revidert januar 2014.  |
| Godt samarbeid       | Komme godt i gang med likestillingsprosjekt finansiert av fylkesmannen               | Skulle vore jobba meir med, har komme litt i bakleksa til fordel for modellkommuneprosjektet.   |
| Den gode vaksenrolla | Komme godt i gang med opplæring av pedagogiske leiarar i Modellkommuneprosjektet     | Vi er 7 pedagogar som har delteke i modellkommuneprosjektet, siste rettleiing er i Januar 2014. Pedagogiske leiarar har vore i rettleiing, Styrar/Tenesteleiar har vore i rettleiingsteamet saman med 2 styrarar frå private barnehagar og PPT. Dette vert jobba vidare med i kommunen etter evaluering 10.03.14. |
|                      | Jobbe vidare med god gruppeleiing  | Det syner godt i plan, dokumentasjon og evalueringsarbeidet at det er jobba godt med gruppeleiing av det pedagogiske personalet.  |
|                      | Starte arbeid med PALS for barnehage (om rettleiings delen i prosjektet er avklarar) | Vi har ikkje starta opp med PALS, vi har hatt skifte i pedagogisk bemanning og delteke på Modellkommuneprosjektet.  |

## 11.7 Helse og omsorg felles (300)

### Organisering

Kommunalsjef er ein av tre kommunalsjefar i rådmannen si leiargruppe og har ansvar for oppfølging, planlegging og utvikling av tenestene innan helse og omsorg. Helse og omsorg består av 10 tenesteeiningar.

### Tenester og oppgåver

Lover og forskrifter, overordna og lokale planar og strategiar, samt reformer dannar grunnlag for utvikling av tenestene. Sentralt her er Samhandlingsreforma med to nye lover gjeldande frå 2012. Økonomiske råmer er med å legge premissar for iverksetting av tiltak.

Politiske organ i kommunen gjer vedtak om mål, strategiar og tiltak som dannar grunnlag for drift innan dei ulike fagområda. Kommunalsjef skal sikre oppfølging av vedtak fatta i utval for oppvekst, kultur og helse som gjeld helse- og sosialsektoren (OKH). OKH har hatt 6 møter i 2013.

Brukarmedverknad vert ivaretatt gjennom Eldrerådet og Kommunalt råd for funksjonshemma. Begge råda er rådgjevande organ for kommunen og gir uttale til aktuelle saker som høyrer til råda sine ansvarsområde. Kommunalsjef følgjer opp og er sekretær for råda.

Eldrerådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekåra for eldre og kan sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i kommunen. Eldrerådet hadde 7 møter i 2013 og handsama 33 saker.

Kommunalt råd for funksjonshemma skal handsame saker som gjeld levekåra for folk med nedsett funksjonsevne. Rådet kan på eige initiativ ta opp saker. Kommunalt råd for funksjonshemma hadde 6 møter i 2013 og handsama 23 saker.

Hovudfokus for arbeidet i helse- og sosialsektoren er innføring av Samhandlingsreforma, også i 2013. To nye lover set sitt preg på tenesteytinga: «Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.» og «Lov om folkehelsearbeid». Samhandlingsreforma er ei retningsreform der innsatsen skal flyttast til meir førebygging enn behandling. Det er ein krevjande prosess som tek tid og som involverer heile kommunen og stiller store krav og forventningar til samarbeid på alle nivå. Frivillig sektor er ein viktig samarbeidspart i arbeidet.

To nye lokale planar vart vedtekne i 2013:

- Plan for folkehelse
- Plan for dagaktivitetstilbod.

Jølster Frivilligsentral er plassert på dette budsjettområdet. Jølster Frivilligsentral har eit eige styre og har tilsett dagleg leiar som er ansvarleg for drifta av sentralen. Jølster kommune yter tilskot til Jølster Frivilligsentral.

### Økonomi

| Avvik    | Kommentar til avvik  |
|----------|--|
| -257 000 | Helse og sosial felles   |
| 89 000   | Jølster Frivilligsentral   |
| -306 000 | Medfinansiering av spesialisthelsetenester, inkl. utskrivingsklare pasientar |

Rekneskapan syner eit mindre forbruk på kr. 257 000 for 2013. Dette skuldast i hovudsak at kommunen tok i mot alle utskrivingsklare pasientar frå første dag og ikkje har betalt for utskrivingsklare pasientar til spesialisthelsetenesta dette året. Kommunen si medfinansiering av spesialisthelsetenester til innbyggjarane auka noko, kr. 3,358 mill. i 2013 og kr. 3,225 mill. i 2012. Einingane har ytt ein stor innsats som har klart å ta imot alle utskrivingsklare pasientar. Det har vore overbelegg på institusjonane gjennom store delar av året

som har ført til meirutgifter. Medfinansiering for medisinsk behandling i spesialisthelsetenesta er betalt i tråd med dei utrekningane som Helsedirektoratet har gjort.

Helse og omsorg fellesområde betalar til saman kr. 295 000 til kjøp av interkommunale tenester: Miljøretta helsevern, Smiso og overgrepsmottak. I tillegg kjem overføringar til krisesenteret og interkommunal legevakt.

## Personellsituasjon

Ny tenesteleiar ved helsestasjon vart tilsett frå hausten 2013. Det har vore tilsett vikar i stillinga som tenesteleiar ved Skei bufelleskap. Tenesteleiar ved Vassenden busenter har hatt permisjon i 50% av stillinga for å jobbe som prosjektleiar for innføring av Ressursstyrings (RS)-systemet. Det har vore tilsett assisterande tenesteleiar i 50% vikariat. Kommuneoverlege er i gong med spesialisering i allmenntilleggsmedisin og samfunnsmedisin og tok til på eit praksisår i spesialisthelsetenesta på seinsommaren 2013. Han ivaretek stillinga som kommuneoverlege også dette året.

Styret for Jølster Frivilligsentral har arbeidsgjevaransvar for dagleg leiar ved sentralen.


## Måloppnåing

| Hovudmål (4 år)   | Delmål (1 år)  | Status  |
|---|--|---|
| Tilby innbyggjarane i Jølster kommune teneste av høg kvalitet etter gjeldande lovverk, lokale vedtak og i tråd med LEON-prinsippet - <i>lågaste effektive omsorgsnivå</i> . | <ul style="list-style-type: none"> <li>Sikre høg kvalitet i tenestetilbodet gjennom rett kompetanse på rett plass.</li> <li>Sikre at tenestene er i tråd med gjeldande lovverk og retningslinjer.</li> <li>Sikre gjennomføring av politiske strategiar og vedtak.</li> </ul> | <p>Kontinuerleg fokus på god utnytting av kompetanse, fagutvikling, oppdatering og rekruttering.</p> <p>Kontinuerleg.</p> <p>Tema på leiarmøter, personalmøter, samhandlingsmøter internt og eksternt.</p>  |
| Organisere tenestetilbodet slik at det sikrar effektivitet og eit sterkt fagmiljø.  | <ul style="list-style-type: none"> <li>Ha fokus på fag, kvalitet og kompetanse.</li> <li>Utvikle gode interne prosessar som sikrar involvering og god utnytting av ressursane på tvers av einingar.</li> <li>Implementere samhandlingsreforma lokalt.</li> </ul>             | <p>Tema på leiarmøter i sektoren.</p> <p>På leiarmøter, samhandlingsmøter, personalmøter, utsending av referat, e-post. Tenesteleiarane syter for informasjon i einingane.</p> <p>Samhandlingsreforma lokalt har hatt hovudfokus, med planlegging av utbygging ved Skei omsorgssenter.</p> <p>Plan for folkehelse er utarbeida og vedtatt.</p> <p>Plan for dagaktivitetstilbod er utarbeida og vedtatt.</p> |
| Jobbe fram eit arbeidsmiljø som fremjar rekruttering og at tilsette ønskjer   | <ul style="list-style-type: none"> <li>Ha fokus på rekruttering og kompetanse.</li> </ul>  | <p>Tema på leiarmøter, samhandlingsmøter.</p> <p>Vurdering av kompetansebehov og omgjerding av ledige stillingar.</p>   |

|   |   |  |
|---|---|--|
| <p>å halde fram i tenesta.</p>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ha fokus på eit arbeidsmiljø som er prega av respekt for den einkilde.</li> <li>• Sikre generell oppfølging av tenesteiningane.</li> </ul>         | <p>Kontinuerleg fokus. Tema på personalmøter. Fokus på arbeidsmiljø i einingane.</p> <p>Det er gjennomført faste leiarmøter mellom tenesteleiarar og kommunalsjef.</p>   |
| <p>Implementere i organisasjonen ei felles haldning som sikrar god samhandling på tvers av einingar og sektorar, internt og eksternt.</p> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Administrativ forankring</li> <li>• Tverrfaglege team</li> <li>• Tverrfaglege og tverrsektorielle prosjekt</li> <li>• Styrke kompetanse</li> </ul> | <p>Spesielt fokus i einingane for å sikre rett og god nytte av personalet og deira kompetanse. Spesielt viktig for at einingane skal klare å utføre daglege oppgåver og samstundes planlegge utvikling av tenestene.</p> <p>Planlegging av ny organisasjonsstruktur starta hausten 2013.</p> |

## 11.8 Helsestasjon – Helseteneste asylmottak – Folkehelse (312)

### Organisering



### Tenester og oppgåver

Tenestene våre vert styrt av Lov om helse og omsorgstenester (2012) og Lov om folkehelse (2012). I det daglege arbeidet brukar vi veiledarar og forskrifter for Helsestasjons - og skulehelsetenesta (2003), Svangerskapsomsorga (2005), Psykisk helsearbeid for barn og unge (2007), Helsetilbod for asylsøkjjarar, flyktningar og familiegjenforente (2010) og ei rekkje andre veiledarar.

Barnetalet i kommunen er stabilt med 35 nye jølstringar i 2013. Helsestasjonen har svangerskapsomsorg og oppfølging av born frå 0-20 år på helsestasjonen på Vassenden og på Skei. Tryggleik i samband med vaksinerer gjer at dei fleste konsultasjonane vert utførte på Skei nær legekantoret. Helsestasjonen har også oppfølging på begge skulane og den vidaregåande skulen med samtaler og undervisning.

Sjukepleiar ved asylmottaket har smittevern og helseoppfølging av alle bebuarane på mottaksenteret i samarbeid med kommunelege og personalet ved mottaket.

Folkehelsekoordinator er sentral i arbeidet med å implementere folkehelselova i kommunen. Lovverket vektlegg førebygging, noko som må inn i alle delar av organisasjonen og bli ein sjølvstøtt faktor i all planlegging framover.

### Økonomi

| Avvik | Kommentar til avvik   |
|-------|---|
| -188  | Eit underforbruk på 188.000 kr. Dette skuldast hovudsakleg at det har vore periodar med sjukmelding og permisjon der det ikkje har vore leigd inn vikar. I tillegg var det noko mindre utgifter på helsestasjonen, skulehelsetenesta og asylmottak grunna underbemanning. Kr. 88.000 av prosjektmidlar frå 2012 blei brukt til lønn i 2013. |

### Personellsituasjon

Frå den 01.01.13 og fram til august 2013, har leiande helsesøster hatt permisjon og jordmor har hatt leiaransvar. Leiande helsesøster sa opp den faste stillinga si og det vart gjort tilsetjing av ny leiande helsesøster som starta den 04.11.13. Det har også vore vikar for 80% helsesøster som har hatt permisjon store delar av året. Vikaren starta kring den 20.05.13. Det har i tillegg vore skifte av sjukepleier ved asylmottaket. I dei andre stillingane har personellsituasjonen vore stabil.

#### 6. Måloppnåing

| Hovudmål ( 4 år )      | Delmål (1 år )                | Status                                    |
|------------------------|-------------------------------|---|
| Implementere helse- og | Avklare folkehelsekoordinator | Dette er arbeid som tek tid og syner lite |

|  |  |  |
|--|--|--|
| <p>omsorgslovgeving (2012) i verksemda, folkehelselov (2012), samt følgje opp samhandlingsreforma si satsing på førebyggjande helsearbeid. Implementere folkehelse på alle nivå i kommunen sin organisasjon og elles i lokalsamfunnet.</p> | <p>sin plass i organisasjonen. Sikre at folkehelseperspektivet vert med i planarbeidet i kommunen. Avklare kommunen si organisering av frisklivstilbod.</p>  | <p>igjen på kort sikt. Folkehelselova krev at kommunen får eit auka fokus på førebygging. Folkehelsekoordinator sin plass i organisasjonen vert vurdert i samband med evt. omorganisering av leiarstrukturen i kommunen. Folkehelsekoordinator er sentral i arbeidet med kva folkehelseprosjekt kommunen skal fokusere på. Dette krev langsiktig arbeid. Prosjektplan for folkehelse 2012 – 2013 vart vedtatt i kommunestyret i oktober 2013.</p>  |
| <p>Førebygge medfødde og tileigna sjukdomar, samt skader og ulykker hjå born og unge. Fremje born si fysiske, psykiske og sosiale helse. Oppnå status: «Ammekyndig helsestasjon»</p>   | <p>Oppretthalde tenestetilbodet i svangerskapsomsorga, helsestasjonen og skulehelsetenesta, samt helsestasjon for ungdom. Auke fokus på born og ungdom si psykiske helse. Auke fokus på overvekt hos born og unge. Fullføre arbeidet med ammekyndig helsestasjon.</p>  | <p>Tenestetilbodet innan området har gått som planlagt. Psykiatrisk sjukepleiar og helsesøster har undervisning og samtaler med born og ungdom på skulane, noko vi ser gjev god effekt. Innan områda psykisk helse og overvektsproblematikk er det behov for mykje oppfølging. Grunna periodar med redusert bemanning har vi ikkje fått jobba så systematisk med dette som ynskjeleg. Vi ser at det trengs både ressursar, kompetanse og samarbeid tverrfagleg og med heim-skule. Nytilsett helsesøster er under opplæring via ammekurs som ein del av tiltak for å nå målet om å bli ammekyndig helsestasjon. Vi er likevel ikkje i hamn med dette.</p> |
| <p>Sikre nødvendig somatisk og psykisk helsehjelp til asylsøkjjarar og flyktningar.</p>  | <p>Raskt gjennomført førstegongsundersøking av asylsøkjjarane, med påfølgjande tilbod om tilpassa helsetilbod. Gjennomføre smittevernarbeid for asylsøkjjarane og tilby vaksiner til barn og unge. Tilby helsestasjons – og barnevaksinasjonsprogrammet til borna. Gje helseopplysning og grupperetta tiltak i samarbeid med leiinga ved asylmottaket. Førebygge uønska svangerskap og abort hos innvandrar kvinner.</p> | <p>I dette arbeidet samarbeider vi med kommunelege, skule og leiinga ved asylmottaket. Stort sett vert førstegongsundersøkinga utført innan rimeleg tid, men ofte bruker ein mykje tid på den enkelte p.g.a. språkproblem. Auka tal asylantar gjer at det vert mindre tid til å ta del i individuelle og grupperetta tiltak på mottaket. Svangerskapsførebygging har vi ikkje kunne prioritere grunna periodar med redusert bemanning på helsestasjonen.</p>   |

## Konklusjon

Trass periodar med underbemanning dette året har vi klart å oppretthalde tenestetilbodet. Dette er takka vere fleksible arbeidstakarar som strekkjer seg langt for at brukarane skal få dei nødvendige tenestene etter veileddarar og lovverk. Det har vore periodar over månader der helsestasjonen har vore bemanna med

berre ei helsesøster i staden for to. Dette har gjort til at oppgåver utover dei primære har måtte ligge. Frå den 04.11.13 vart helsestasjonen fullbemanna og i dei stillingsressursane som er tildelt.

Nokre tankar om tida framover:

Vi vil nytte dei ressursane vi har tilgjengeleg på best mogleg måte. Vi jobbar med å effektivisere tenesta og med det betre kvaliteten på tenestene vi gjev.

Vi har mål som vi skal jobbe mot å nå. Dette krev konkrete tiltak. For å oppnå status: Ammekyndig helsestasjon lyt vi sette av ressursar til dette. Auka fokus på psykisk helse og overvekt blant born og unge krev at vi jobbar tverrfagleg, noko vi er godt i gong med.


Vi legg vekt på at helsestasjonen skal vere tilstades og synleg til brukarane. Dette ved å fordele stillingsprosentane våre slik at alle vekedagane er bemanna. Helsestasjonen ser trong for at leiar har 100% stilling med tanke på kontinuitet, men dette er ikkje aktuelt pr i dag.

Vi ser betydinga av faste treffpunkt for personalet sidan vi alle jobbar mykje åleine. Dette gjer vi noko med, med mål om å ivareta og vidareutvikle eit godt arbeidsmiljø.



## 11.9 Fysioterapitenesta (313)

### Organisering



Fysioterapitenesta er samlokalisert med helsestasjon, legeteneste og NAV på kommunehuset. Dette legg eit godt grunnlag for lovfesta tverrfagleg samarbeid mellom tenestene.

### Tenester og oppgåver

- LOV 2011-06-24 nr.30: Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m.
- LOV 2011-06-24 nr.29: Lov om folkehelsearbeid
- FOR 2011-12-16 nr.1256: Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan
- Nasjonale mål og prioriteringar 2013.

#### Kurativ teneste:

Gjennom året har vi klart å holde frist på 1.pri.ventelista, vi har halde fram med å dreie tenestene til gruppetrening, oppfølging til eigentrening og fokus på folkehelse. Systematisk og tett samarbeid med legetenesta gjev positiv effekt og aukar kvalitet i helsetenesta.

#### Rehabilitering:

Det tverrfaglege rehabiliteringsarbeidet er like utfordrande som tidlegare år, tid- og ressurskrevjande. Tenesta deltek i prosessen og ser fram til etablering av rehabiliteringsavdeling som vil gjere det mogeleg å gjennomføre tverrfaglege rehabiliteringsprosessar på system og individ nivå.

#### Hjelpemiddelformidling:

Samarbeidsavtalen mellom NAV HMS og Jølster Kommune fordeler ansvarsforhold. Det vert jobba systematisk med å få på plass rutinar og system som sikrar formidlingsarbeidet i kommunen. Formidlingsarbeidet er tidkrevjande. Kartlegging, utprøving, oppfølging og opplæring hjå brukar/hjelpar. Tilrettelegging og universal utforming er ein viktig del av rehabiliteringsarbeidet. Den kommunale bustadrådgevingssgruppa gjev råd og rettleiing i ombyggingssaker. Tal frå 2013 viser: 316 aktive brukarar, 17 nye brukarar gjennom året, 487 utleverte hjelpemiddel, samla verdi: kr.2 026 000.

#### Helsestasjon/skulehelseteneste:

Vurdering og oppfølging av enkelttiltak etter tilvising frå lege, helsesøster, jordmor eller skule/barnehage. Tilbod om vurdering av barn/unge er eit lågterskeltilbod og har 1.prioritet i ventelistesystemet. Omfang av tilmelding om lag som i 2012. Det har gjennom året vore tiltak i fem barnehagar, ved begge grunnskulane og VGS. Oppfølging av barn og unge er tidkrevjande og krev tett samarbeid med skule/barnehage, foreldre og andre relevante utredningsinstansar. Det er trong for tenlege lokale ved skulane til vurdering og oppfølging av tiltak.

#### Førebyggjande og helsefremjande arbeid:

Gruppetrening og bassentrening som tidlegare. Underviser saman med jordmor på foreldreførebuande kurs.

## Økonomi

| Avvik    | Kommentar til avvik   |
|----------|---|
| 20 000,- | Redusert kapasitet i deler av året grunna sjukmelding gjev redusert eigenbetaling. Betaling for pasientar som får behandling i utlandet ligg ikkje i budsjett, for 2012 kr.12.000.- |

## Personellsituasjon

Høg sjukmeldingsprosent dette året. Ein tilsett i langtidssjukmelding. Vikar i denne stillinga sidan 01.08.13 gjorde at vi kom opp att i normal kapasitet. Det er framleis trong ergoterapeut for å ga god kompetanse innan rehabilitering.


## Måloppnåing

| Hovudmål (4 år)   | Delmål (1 år)   | Status   |
|---|---|--|
| 1. Utvikle tenesta i tråd med nasjonale føringar og lokale behov  | 1.1: Utskrivingsklare pasientar<br>1.2: Folkehelse/førebyggjande tiltak.<br>1.3: Habilitering og rehabilitering.<br>1.4: Kvalitetsutvikling   | Ingen fristbrot<br>Avslutta prosjektarbeid<br><br>Kontinuerleg fokusområde i tenesta<br><br>Vidareutvikle og evaluere prosedyrar |
| 2. Følgje kommunen sine budsjett og rammer for drift av tenesta. Samordne økonomiplan og verksemdsplan og kommuneplan – samfunnsdel (2013-2025) | 2.1: Organisere og utvikle avdelinga i tråd med Jølster kommune si verdiplattform, kvalitetssystem og «CAF-hjulet»<br>2.2: Finne rasjonelle driftsformer. Gruppebaserte tilbod og vidareføre eksisterande tilbod. | Kontinuerleg fokus på organisasjonsutvikling<br><br>Vidareutvikle og gruppetilbod og vidareføre eksisterande tilbod              |
| 3. Sikre koordinering og flyt av tenester etter intensjonane i lov og forskrift.  | 3.1: Arbeide for at koordinerande eining(KE) og individuell plan(IP) skal vere integrert verktøy i tverrfagleg re-/habiliteringsarbeid.   | Kontaktperson for KE er lagt til fysioterapitenesta  |
| 4. Sikre brukarmedverknad og brukarstyring  | 4.1: Brukarundersøking for aktuelle pas. grupper.<br>4.2: Vidareføre ordning med «ris, ros forslagskasse»<br>4.3: Styrke ordninga BPA og personleg koordinator.   | Framleis ikkje iverksett.<br>Vert vidareført<br>Vert vidareført  |
| 5. Langsiktig kompetansestrategi  | 5.1: Kompetanseplan innan prioritert området: Samhandling, førebyggjande og helsefremjande arbeid, re/habilitering, barn/unge og fallulykker.<br>5.2: Plan for  | Vert utarbeidd<br><br>Vert vidareført  |

|  |  |  |
|--|--|--|
|  | internundervisning, Workshops på avd. og tverrfagleg innan område førebyggjande og helsefremjande arbeid og re/habilitering. |  |
|--|--|--|

## 11.10 Legetenesta (320)

### Organisering



Kommuneoverlegen har hatt det økonomiske, administrative og medisinsk faglege ansvaret for legetenesta.

To legar har jobba i 100% stilling. Ein lege har jobba i 64% stilling.

Vikar har vore tilsett i den eine heile stillinga frå 01.09. grunna vidareutdanning hjå ein av dei faste legane.

Kommunen har hatt tilsett turnuslege i 100% stilling i heile 2013.

Hjelpepersonell har vore tilsett i 2,7 stilling, fordelt på 4 tilsette.

### Tenester og oppgåver

Legetenesta syter for allmennlegeteneste, herunder fastlegeordning og legevakt. Vidare oppgåver er offentleg helsearbeid som tilsynsfunksjon ved sjukeheimar og helsestasjon, samt førebyggjande helse, smittevern, medisinsk rådgjeving overfor andre tenester osv.

Legetenesta har utført 1. gongs undersøking av bebuarar ved Jølster Asylmottak, og elles fastlegeverksemd for den same pasientgruppa.

Legekantoret har hatt legevakt på dagtid. På kveld/helg/høgtid har Jølster Kommune delteke i det interkommunale legevaktsamarbeidet SYS-IKL. Dette har fungert godt i 2013. Mykje arbeid har vore lagt i vidareutvikling av det interkommunale samarbeidet, mellom anna med tanke på styrking av legevaktstilbodet, drift av legevaktsentral, etablering av overgrepsmottak og oppretting av kommunale akuttseger. Dette arbeidet blir vidareført i 2014.

### Økonomi

| Avvik      | Kommentar til avvik                |
|------------|------------------------------------|
| + 50 310,- | Overskot pga stram økonomistyring. |

Legetenesta gjekk 50 310,- kroner i overskot i høve til budsjettet i 2013, det betyr eit positivt avvik på ca 1,4%.

Ein stor kostnad for tenesta (ca 360 000,- kroner) er at ca 1/3 av innbyggjarane i Jølster har fastlege i annan kommune.

### Personellsituasjon

Legebemanninga har vore stabil i 2013, og dette har sikra god kvalitet og kontinuitet både i kurativ verksemd og allmenmedisinsk offentleg arbeid.

Mykje offentleg helsearbeid vert framleis utført av turnuslegen, og det er eit mål at dette i framtida kan ivaretakast at fast tilsette legar.


Hjelpepersonellsituasjonen har vore svært stabil, men også denne ressursen kunne med fordel ha vore styrka.

Sjukefråveret var på svært låge 0,43% innan legetenesta i 2013.



## 11.11 Psykisk helsevern (340)

### Organisering



### Tenester og oppgåver

Tenestene består av ambulant teneste, aktivitetssenter og to døgnbemanna bustader. 11,14 årsverk fordelt på 19 tilsette. Det har vore kontakt med 46 brukarar. Av desse har 12 også utfordringar med rusproblem. Talet brukarar av tenesta er stabil, men det har vore noko utskifting. Kvar medarbeidar følgjer opp sine brukarar og gjerne i samarbeid med annan tilsett. ROP-retningslinjene set føringar for arbeidet retta mot menneske med rus og psykisk lidning. Ein samarbeider med fastlegar, NAV, Helse Førde, Bergensklinikkane og bedrifter med arbeidsretta aktivitet. Det er auke i etterspurnad av tenestene. Lågterskeltilbod nyttast ved behov. Tenesta yter krisearbeid med tett oppfølging i periodar. Tal brukarar frå asylmottaket har auka.

Prosjektstillingane innan kommunalt rusarbeid med 0,5 årsverk og bustadsosialt arbeid med 0,8 årsverk vart avslutta i 2013. Ein nytta rest av midlane til rus fram til oktober og til bustadsosialt arbeid ut året. Begge tenestene har medverka til styrking av det tverrfaglege samarbeidet internt og eksternt. Tenesta prøver fortsatt å gje denne brukargruppa nødvendig helsehjelp innafør dei 1,5 årsverka ein har att i ambulant teneste.

Dagsenteret vart i 2013 redusert med 0,5 årsverk, frå 1,1 til 0,6. Opningstid er tre dagar for veka. Tal brukarar varierte gjennom året frå 8-12. Dagsenteret vert også nytta som lågterskeltilbod andre dagar.

Enkelttiltak og ungdomsbustad flytta til underetasjen ved omsorgsbustader Vassenden i oktober. Personalet vart slik tilgjengeleg også for andre bebuarar. Nattevakta har ansvaret for 10 bustader og samarbeid med heimetenesta vart ytterlegare styrka. Flyttinga vart omtalt som positiv både av bebuarar og tilsette. Tenesta har no to enkeltvedtak for ressurskrevjande brukar i døgnbemanna bustad.

### Økonomi

| Avvik    | Kommentar til avvik  |
|----------|--|
| -425 805 | Noko av overskotet (1/4) skuldast reduksjon i innleige ved sjukemelding i ambulant teneste. Dagsenteret var i balanse. Resten av overskotet skuldast auke i refusjon for ressurskrevjande brukar i høve det som var budsjettet og meir sambruk av personell til ungdomsbustad. |

### Personellsituasjon

**Sjukefråværstal:** Dagsenter psykiatri: 2,04 %. Enkelttiltak: 23,39 %. Ambulant teneste: 24,33 %. Fire tilsette har vore ute i langtidssjukemelding.

**Personalgruppa** har vore stabil. I haust var det på plass ny sjukepleiar med erfaring frå psykisk helsearbeid ved enkelttiltaka i bustadane. Det er stor interesse for ekstravakter ved bustadane og i tenesta elles. Tenesta har fast tilsett vikarsjukepleiar med vidareutdanning i psykisk helsearbeid og rettleiing. Det vart nytta ekstra

sjukepleiar som vikar frå september og ut året. Vi manglar tilkallingsvakter med fagleg kompetanse. Personalgruppa strekkjer seg langt for å imøtekomme brukarane sine behov for tenester. Dei er også svært fleksibel og har hatt akutte utrykkingar ved tvangsinnleggingar og akutt suicidfare, kveld og helg.

## Måloppnåing


| Hovudmål (4 år)  | Delmål (1 år)   | Status   |
|--|---|--|
| Fagleg forsvarleg teneste etter gjeldande lovverk  | Tilsette kjenner lovar, krav og planar og sikrar forsvarleg drift.<br>Tilsette vidareutviklar og nyttar kvalitetssystemet. Gode konkrete vedtak, med informasjon om tenesta.  | Tilsette er kjend med lovverket og arbeider mot forsvarleg drift innafor dei tilgjengelege ressursane ein har. Arbeid med pasientar vert prioritert og kvalitetsutviklingssystemet utviklast noko. Ekstern rettleiing for to sjukepleiarar ved psykiatrisk klinikk. Tilsette knytt til bustader vert rettleia av Helse Førde sitt OP-team. Sjukepleiar med rettleiarkompetanse gjev rettleiing til tilsette ved asylmottak. Ikkje alle brukarar får vedtak på tenester. Brukarar utan vedtak har eit lågterskeltilbod. Ein har utarbeida kriseplanar for brukarar som er mest utsette for forverring av liding og suicid. Samarbeidet med pårørande har auka i omfang. |
| Teneste med tilstrekkeleg kvalifisert personalressursar i heile stillingar                                 | Behalde og rekruttere kvalifisert personell, følgje opp IA-avtalen. Legge til rette for utdanning og internundervisning. Godt arbeidsmiljø i tilfredsstillande arbeidslokale. | Stabil personalgruppe, men nokre langtidssjukemeldingar. IA-avtala vert følgt ved oppfølging av sjukemelde. Det er knapt med fagkompetanse sett opp mot etterspurnad av tenester. Ei tilsett tok vidareutdanning innan psykisk helsearbeid og ei tok utdanning innan rettleiing. Mangel på tilfredsstillande kontorarbeidsplassar og samtalerom ved Vassenden gjennom heile året. Arbeidsmiljøundersøking avdekkar utfordringar. Tilsette starta arbeidet med å utvikle gode «køyrereglar» for arbeidsplassen. Stamina Hot, bedriftshelsetenesta har bistått tenesta i dette arbeidet.   |
| Fast stilling til kommunalt rus, - og bustadsosialt arbeid<br>Gjenopprette og styrke tapt lågterskeltilbod | Forankre kommunalt rus, - og bustadsosialt arbeid politisk<br>Prioritere dei sjukaste brukarane<br>Starte KID-kurs (gruppeterapi)   | Prosjektstilling til rus- og bustadsosialt arbeid løna av prosjektmidlar. Stillingane vart avslutta hausten 2013. Tenesta har vidareført arbeidet i nokon grad utan ekstra personalressurs. Dei mest hjelpetrengande vert prioriterte. Fleire vart innlagt til rusbehandling. Ein har samarbeid med KIF og fengsel ved behov. Mange brukarar krev koordinerte tenester. Lågterskeltilbod vert opprettheldt. Arbeider også førebyggjande.   |

|                    |                              |   |
|--------------------|------------------------------|---|
|                    |                              | Det har ikkje vore høve til å starte opp med KID-kurs som førebyggande gruppeterapi grunna knapt med ressursar. |
| God økonomistyring | Drift innafor tildelte råmer | Tenesta er drifta innafor tildelte råmer.   |



## 11.12 Tenesteeining NAV Jølster (350 og 351)

### Organisering



### Tenester og oppgåver

#### Avlasting, støttekontakt, ferietilbod

NAV kontoret registrerar ein liten auke i søknadar om støttekontakt.

Det har det ikkje vore førespurnad om avlastningstiltak eller ferietilbod i 2013.

#### Aktivitetssenteret for funksjonshemma

Dagsenter for personar med psykisk utviklingshemming har hatt ope heile året i 2013. Alderen på brukargruppa strekker seg frå 20 til 67 år. Det er utfordrande å få til aktivitetar som passar for alle, fleire hender kunne ha gjort tilbodet betre.

#### Krisesenteret

Jølster kommune betalte kroner 236.000 til krisesenteret i Sogn og Fjordane.

#### Førebyggjande edruskapsarbeid

Inntekter på sal og skjenkeløva i kommunen. Inntektene går til betaling kontrollør og førebyggjande edrusparasarbeid. Lag og organisasjonar kan søkje på desse midlane.

#### Barnevernstenesta

Tal frå statistikken til Fylkesmannen for 2013 syner at 33 born hadde tiltak i 2013, delar av året eller heile året. Av desse er 5 born under omsorg. Vi har tilsyn med 5 fosterborn, som andre kommunar har plassert i Jølster. I 2013 fekk barnevernstenesta 15 meldingar. Ikkje all kontakt med barnevernstenesta handlar om arbeid med meldingar. Barnevernstenesta arbeider med råd og rettleiing og kontakt med foreldre og skular og andre samarbeidspartar. 31.12.13 hadde vi 13 aktive klientar, som ikkje vart rapporterte under tala ovanfor.

Barnevernstenesta vurderer at vi har eit godt samarbeid med kommunale tenester, som har med born og unge å gjere. Vi får meldingar.

Vi meiner at vi har ei god barnevernsteneste, når det gjeld arbeid med melding, undersøking og oppfølging av saker etter vedtak er gjort. Drøfting i lag med og tenester frå statlege instansar som har med born og unge å gjere, er viktig, i tillegg til samarbeid internt i kommunen.

Born av flyktningar gjev oss nokre gonger ei ekstra utfordring, i høve til forståing av kultur og språk og levemåte. Jølster kommune har søkt midlar gjennom Sjumilssteget, til oppfølging av born og unge blant flyktningarar og innvandrarar. Prosjektet er kalla 'Mamma kan ikkje, mamma forstår ikkje.' Målet er at fleire familiar med born skal verte sjølvgåande og sjølvhjelpete, og ikkje avhengige av norske kommunalt tilsette for å få dagleglivet til å gå rundt, særleg med oppfølging av born.

Meirforbruk fortel m.a. om auka bruk av barn- og familiesenter, der den kommunale eigendelen har auka betydeleg. Frå 2014 er satsen pr. måned kr 50 300,-. Før mogeleg statleg refusjon til forsterka fosterheimar, må kommunen betale kr 29 480,- pr. måned. Utviklinga er at kommunane må ta stadig større del av barnevernsutgiftene i institusjonar og fosterheimar. Heile året har vi rapportert utgifter til oppfølging av born heime, utan å ha budsjettdekking.

### **Kvalifiseringsprogrammet**

Få aktuelle brukarar til kvalifiseringsprogrammet i 2013

### **Sosialhjelp**

I 2013 har 84 personar fått sosialhjelp, totalt 623 vedtak.

Tenesta hadde tilsyn frå fylkesmannen der det vart påvist eit avvik som gjekk på kartlegging av brukarar. Konsekvensen av dette har vorte nye rutinar i kontoret som gjer til at vi brukar vesentleg meir tid på sakshandsaming enn tidlegare. Det må og leggjast til at fokus på barnefamiljar har auka.

Vi ser ein liten nedgang i samla sosialhjelpsutbetalingar til flyktningar, med kr. 580.445,- i 2012, mot kr. 501.088,- i -13. Dette skuldast at kommunen berre hadde 2 nye busetjingar siste år. Forbruket totalt har auka frå kroner 1.665.608,- i 2012 til kroner 1.735.578,- i 2013.

Mange står utanfor arbeidslivet, og dei som lever på NAV-yingar vil ha vanskar med å klare levekostnader og buutgifter på eiga inntekt og treng supplerings.

### **Flyktingtenesta (351)**

Flyktingtenesta i NAV har busett ein familie på 1 vaksen og 1 barn i 2013. Samla sett har flyktingtenesta ansvar for til saman 33 flyktningar i kommunen som vi fekk integreringstilskott for i 2013. Dette tilskottet får kommunen i 5 år frå busetjingsdato.

Av desse går 3 barn på barneskule og 9 barn i barnehage. Flyktingtenesta har i 2013 lagt stor vekt på å reise på heimbesøk til flyktningane. Dei aller fleste har fått eitt heimbesøk i månaden og barnefamiljar og nyleg busette flyktningar opp til 4-5 heimbesøk i månaden. Vi har også hatt fokus på integrering gjennom fritidsaktivitetar og deltaking i bursdagar for borna, og har hjulpet til med organisering og praktisk hjelp i høve dette.

NAV ser at også vaksne flyktningar treng råd og rettleiing i mange år etter busetjing. Dette førar med seg ein del arbeid for flyktingtenesta som gjerne er dei som kjenner flyktningane best.

Kommunen har ikkje kommunale husvære ledig, og vi buset difor når kontoret får tak i husvære på den private utleigemarknaden. Det er no bestemt at kommunen skal lyse ut anbod på bygging av 6 bueiningar for vanskelegstilte i bustadmarknaden, og dette vil hjelpe ein del på situasjonen.

Kommunen samarbeider med Førde Norsksenter om norskopplæring av flyktningane. Vi har også eit godt samarbeid med kommunale einingar som legg til rette for at flyktningane kan ha språkpraksis i barnehage, skule, omsorgssenter og anna. Private bedrifter har og vore imøtekommande til å ta inn flyktningar i språkpraksis. For nokre har dette også ført til vikararbeid og seinare fast tilsetjing.

## Økonomi

| Avvik      | Kommentar til avvik   |
|------------|---|
| -700 000   | Avlasting/ferietilbod( 23410) Innsparing, mindre i utgiftsdekning og reise for oppdragsoppdragstakarar.                               |
| 55 000     | Aktivitetssenteret (23420), meir bruk av vikarar for å kunne halde ope  |
| 800 000    | Sosialhjelp, (28100) større forbruk enn budsjettet, ikkje realistisk budsjett i 2013.   |
| 700 000    | Barnevernstiltak i og utanfor familien (25100 og 25200))større utgifter til avlastningstiltak og auka bruk av barn- og familiesenter. |
| -280 000   | Kvalifiseringsprogrammet (27600) Innsparing- få deltakarar i kvalifiseringsprogrammet   |
| -3 400 000 | Innsparing- nøktern teneste og effektiv tenester med låg stillingsprosent på flyktningkonsulentane.                                   |

## Personellsituasjon


NAV kontoret har til saman 8 heile stillingar i 2013. Av desse brukte kontoret 3 stillingar på barnevernsarbeid, om lag 70% på arbeid med busetjing og oppfølging av flyktningar og 80% stillingsressurs til sosialhjelp, økonomisk rådgjeving og startlån handsaming. I tillegg til dette har kontoret 250% statlege stillingar. Kontoret har lågt sjukefråvær og ein stabil arbeidsstokk. NAV kontoret administrerer aktivitetssenteret. Her arbeider ein dagleg leiar i 100% stilling og to assistentar på til saman 208% stilling.

## Måloppnåing

| Hovudmål (4 år)   | Delmål (1 år)   | Status   |
|---|---|--|
| Tilgjengeleg barnevernsteneste for samarbeidspartar og brukarar | Alle barn med vedtak om hjelpetiltak eller omsorgstiltak skal ha tiltaksplan                    | 100% måloppnåing, alle barn med hjelpetiltak eller omsorgstiltak har tiltaksplan   |
| Busetjing av flyktningar jf. Vedtak i kommunestyret 2010        | Minimum eit heimebesøk i månaden for dei i introduksjonsprogram                                 | Måloppnåing i 2013 låg på 80%  |
| Yte tenester etter lov og forskrifter                           | Gode brukarmøter  | Alle har delteke på opplæring i motiverande intervju. Kollegarettleiing på gjennomføring av brukarmøter.   |
| Ingen langtidsmottakarar av sosialhjelp som einast yting        | Alle brukarar med sosialhjelp som einaste økonomisk yting skal ha tilbod om arbeidsretta tiltak | Lågt tal på brukarar i denne gruppa. Alle det er hensiktsmessig å gje tilbod om arbeidsretta tiltak får tilbod om dette. Helse og alder kan vere faktorar som gjer til at det ikkje er hensiktsmessigt. Vi har og brukarar på alternativ mottaksplass som må få sosialhjelp. |

## 11.13 Skei heimetenester (371)

### Organisering



8,9 årsverk i turnus fordelt på 12 personar. Auke på 0,5 årsverk, brukarstyrt personleg assistent frå 1/5.

### Tenester og oppgåver

Tabell: Tildelte timar pr. veke heimehjelp og heimesjukepleie, tal personar som mottok tenester pr. 31/12 (tal er henta frå Cosdoc).

| Pr.31/12 | Utførte timar pr. veke | Heime-sjukepleie | Heime-hjelp | Total       | Tryggl. alarm | Dag-opphald | Matom-bringing | Omsorgsbustad |
|----------|------------------------|------------------|-------------|-------------|---------------|-------------|----------------|---------------|
| 2011     | 200 timar              | 45 personar      | 31 personar | 51 personar | 24            | 18          | 15             | 16            |
| 2012     | 190 timar              | 43 personar      | 32 personar | 47 personar | 27            | 19          | 18             | 16            |
| 2013     | 205 timar              | 45 personar      | 30 personar | 48 personar | 30            | 18          | 18             | 16            |

Tal brukarar, mengde og kompleksiteten av tenester som vert gitt er ikkje stabil gjennom året.

Utførte timar heimehjelp og heimesjukepleie er 15 timar meir pr. veke enn ved årsskifte året før. Det er om lag tal timar som er tildelt til brukarstyrt personleg assistent og samsvarar med auka ressurs. Brukarar som ikkje bur i omsorgsbustad får meir tenester, det betyr at heimetenesta brukar meir ressursar på transport enn tidlegare.

Avdelinga opplever auka behov for omsorgsbustader, avlastnings- og korttidsplassar. Tenesta har utfordringar med å ha nok og riktige tenester til heimebuande personar med demens, som ein ser er ei veksende gruppe. Det er i 2012 utarbeida demensplan som beskriv dette og kva tiltak ein bør satse på i høve denne gruppa. Det er planlagt oppstart av demensteam i 2014. Det vil vere ei styrking av tenester til denne gruppa.

### Økonomi

| Avvik    | Kommentar til avvik  |
|----------|--|
| -380 000 | Positivt avvik på 380 000<br>Hovudårsak: Brukt 290 000 mindre på KLP og 50 000 mindre på arbeidsgjevaravgift enn budsjettert. Kjøp av tenester frå vikarbyrå kan vere noko av årsaka.<br>20 000 meirinntekter på brukarbetaling. Brukt 20 000 mindre på bil enn budsjettert. |

### Personellsituasjon

Personalet i avdelinga gjer ein stor innsats for at brukarane skal få gode og faglege tenester. Det er stor vilje til å vere fleksibel og tileigne seg kunnskap. Avdelinga har frå hausten hatt ein sjukepleiar på vidareutdanning i rettleiing. Ein assistent har starta på utdanning til helsefagarbeidar. Tre tilsette er med i studiering innanfor demensomsorg.

Ferieavviklinga om sommaren er utfordrande for avdelinga. Tal søkjarar på ferievikarstillingar med utdanning og kompetanse, samsvarar ikkje med lova sine krav om kompetanse. Ein har nytta sjukepleiar frå

vikarbyrå for å støtte dette kravet. Dette gjer at sommaren vert ei sårbar og utfordrande tid både for brukarane og dei fast tilsette.


Sjukefråvær: Avdelinga har eit sjukefråvær på 6,9%, som er ein nedgang frå 2012 og under gjennomsnitt for kommunen.

## Måloppnåing

| Hovudmål (4 år)  | Delmål (1 år)  | Status  |
|--|--|---|
| 1) Yte fagleg forsvarlege tenester etter gjeldande lovverk | 1) Sikre ivaretaking av nye lover/krav og planar.<br>2) Sikre fagleg forsvarleg drift gjennom året.<br>3) Kvalitetssikring av kunnskap<br>4) Implementere tenestestandardar i vedtak | Intern evaluering:<br>1)-starta med elektroniske meldingar til legekantor og helseføretak, hatt undervisning til personalet som nyttar det<br>-driftar etter samhandlingsrutinar<br>-opplæring på alt personell i bruk av nytt arbeidstidsplanleggingsprogram.<br>2)-ferieavviklinga: brukt vikarbyrå for å sikre sjukepleiarkompetansen<br>3)-fokus på opplæring av ny tilsette<br>-har rutine på bruk av avvik som læring og utvikling i avdelinga<br>-tilsette på kurs innanfor aktuelle fagområder.<br>-internundervisning i avdelinga<br>4)-tenestestandardar er ferdigstilt<br><br>Iplos i bruk som kartleggingsverktøy<br><br>Ikkje hatt brukarundersøking |
| 2) Behalde tilsette og rekruttere fagpersonar              | 1) Ha fokus på arbeidsmiljø<br>2) Følgje opp IA-avtalen<br>3) Rekruttere studentar og fagarbeidarar.<br>4) Implementere kompetanseplan.  | Intern evaluering:<br>1)-har avdelingsmøter kvar 3.veke<br>- har hatt medarbeidarsamtaler<br>- har felles personalmøter med tilsette på alle avdelingar ved omsorgssenteret om spesielle saker som utbygging og omorganisering.<br>-sosiale tilstellingar for personalet<br>-utarbeida handlingsplan etter vernerunde, følgjer opp den.<br>2) -brukar IA avtalen i oppfølging av personalet ved sjukdom<br>3)- fire sjukepleiarstudentar dette året, har praksisplass for elev helsefag<br>4)-kompetanseplan ikkje ferdig endå<br><br>Har ikkje hatt arbeidsmiljøundersøking  |
| 3) Drifte tenesta innanfor tildelte økonomiske rårer       | 1) Realistisk budsjett<br>2) Rapportere avvik og konsekvensar av avvik   | 1)-levert rekneskapsrapportar, tertialrapport med fokus på avvik<br>-har drifta innanfor tildelte rårer   |

## 11.14 Skei Bufellesskap (372)

### Organisering



### Tenester og oppgåver

Skei bufellesskap består av følgjande avdelingar:

Skei bufellesskap; 28 bebuarar og 21 årsverk fordelt på 37 personar

Produksjonskjøkken Skei og mottakskjøkken Vassenden; 4,8 årsverk fordelt på 7 personar

Vaskeri; 1,4 årsverk fordelt på 2 personar

Reinhald; 1,5 årsverk fordelt på 2 personar

Arbeidsstova; 0,5 årsverk.

Merkantil teneste: 1,0 årsverk, teneste overfor bufellesskap, kjøkken, heimeteneste og Heimly.

Kjøkkensjef er mellomleiar for kjøkkenet, både på Skei og Vassenden, og for vaskeri og reinhald, Skei. Eininga har til saman 31,5 årsverk fordelt på over 50 personar. Det gjenspeglar at det er mange deltidstilsette og mange små helgestillingar.

Politiske føresetnader: Pleie og omsorg var i 2006 gjennom ei omorganisering der sjukeheimplassane vart omheimla til omsorgsbustadar i bufellesskap. Måltalet var 23 bebuarar, men i 2013 er det framleis 5 pasientar i overbelegg til ei kvar tid. Samhandlingsreforma har ført med seg nye krav om samhandling på tvers av struktur og nivå av helsetenester i Jølster Kommune. Lokal prosess er vedteken og utbygging av omsorgstenesta var planlagt sett i verk i 2013. Planlegginga har tatt lenger tid enn forventa og ein klarte ikkje starte utbygginga i 2013. Tenesta opplevde stort trykk heile året. Knappe ressursar i heimetenestene fører til auka trykk på heildøgns bemanna plassar.

Dagsenteret er ope 2-3 dagar i veka. I gjennomsnitt var det ca. 18 personar frå bygda som nytta seg av dagopphald i 2013. I budsjettet for 2009 vart aktivitørstillinga redusert med 50 % som eit sparetiltak. Dette sparetiltaket har vedvart. Det er behov for eit noko meir differensiert dagtilbod, mellom anna til personar med diagnosen demens.

I snitt vert det produsert omlag 530 middagar pr. veke ved produksjonskjøkkenet på Skei. Litt over halvparten vert sendt for vidare distribusjon til Vassenden. Matombringinga ute på bygdene vert utført i regi av Jølster Frivilligsentral.

Vaskeriet vaskar i snitt 600 kg tøy for veka. I tillegg vert det vaska for lag og organisasjonar. I 2013 fekk ein innført nytt arbeidstidsplanleggingssystem i kommunen. Det har vore utfordrande og ressurskrevjande å innføre dette systemet med så mange avdelingar og tilsette. Mot slutten av året har tenesteleiar merka effekt av systemet. Det har gitt auka oversikt og er tidssparande m.a. når det gjeld innleige av vikarar.

## Økonomi

Siste åra har pleietyngda auka, med meir komplekse og utfordrande problemstillingar hos den enkelte pasient. Det medfører meir bruk av overtid, ekstrahjelp og slitasje på fast personell.

| Avvik     | Kommentar til avvik  |
|-----------|--|
| 1 433 596 | Negativt avvik på kr. 1 433 596<br>Hovudårsak:<br>Løn; Overforbruk når alle lønnspostar er medrekna. Ein lukkast ikkje med sparetiltak for 2013 (Reduksjon 50% stilling på kjøkken)<br>Dette må sjåast i samanheng med at det ikkje er budsjettert med vikar for korttidsfråvær. I avdelinga er det høgt sjukefråvær (korttidsfråvær) og tungt belegg.<br>Forbruksmateriell: Knappt budsjettert og prisauke på varer.<br>Skyss, særskilte føremål; drosjer til dagopphald. Dette er ei dyr, men lovpålagd ordning.<br>Serviceavtalar, reparasjonar: Reperasjonar/vedlikehald av div maskiner fører til uforutsette kostnader, gjeld spesielt maskiner av eldre dato. Ny investering anna drift må vurderast.<br>Matvarer; Overforbruk grunna prisauke og for lågt budsjettert. |

## Personellsituasjon

Tenesta har eit stabilt personale med solid geriatrikompetanse. Personalet er arbeidssame, engasjerte og står på for å gjere det beste for bebuarane. Rekruttering av arbeidskraft har i mange år vore viktig og vil fortsatt vere det. I løpet av 2013 vart det rekruttert 1 sjukepleiar i fast stilling, 2 hjelpepleiarar i vikariat, samt sjukepleiar studentar i helgestillingar. Det er også gledeleg at det i 2013 vart klart at ein skulle få på plass eit demensteam i kommunen. Fokuset framover vert og halde på det personalet ein har, samt fortsette rekruttering.

## Sjukefråvær

| 2011 | 2012 | 2013       |
|------|------|------------|
| 9,1  | 9,87 | 9,83 (avd) |

Sjukefråværet har vore jamt og stabilt høgt siste åra. I 2013 starta eit kommunalt sjukefråværsprosjekt. Det er ikkje konkludert for effekten av prosjektet, men for Skei bufellesskap såg ein positive utslag på fråværsstatistikken i prosjektperioden.

I medarbeidersamtalene kjem det fram at det er godt arbeidsmiljø og god trivsel blant personalet. Eit stadig tilbakevendande tema er likevel knappe ressursar som gjev stressande og lite tilfredsstillande arbeidsforhold. Sjukefråværet må også sjåast i samanheng med dette. Tronge arbeidsforhold på rom og bad gjev heller ikkje positive utslag på sjukefråværet.


## Måloppnåing

| Hovudmål (4 år)                                 | Delmål (1 år)  | Status   |
|---|--|--|
| Yte forsvarleg teneste etter gjeldande lovverk. | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre oppdatering jfr samhandlingsreforma og nytt lovverk.</li> <li>• Oppdatere kvalitetsutviklingsystemet.</li> <li>• Sikre fagleg forsvarleg drift</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>- KOSTRA</li> <li>- Drift og planlegging etter samhandlingsreforma sine krav.</li> <li>- Fokus på opplæring av ny tilsette.</li> <li>- Har rutinar på at ein brukar avvik som læring og utvikling</li> <li>- Fokus på prosedyrar og oppdatering av desse.</li> <li>- Ikkje hatt brukarundersøking</li> </ul>  |
| Behalde tilsette og rekruttere fagpersonell.    | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Godt arbeidsmiljø</li> <li>• Utviklande fagmiljø og kompetanseutvikling</li> <li>• Sikre IA og redusering av fråvær.</li> <li>• Vernerunde</li> </ul>           | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Medarbeidarsamtale er gjennomført, men nokre gjenstår</li> <li>- Har avdelingsmøter kvar 3 veke. I tillegg faste sjukepleiemøter</li> <li>- Sjukefråværsprosjekt. Personalet har vore delaktig. Sjukefråvær stabil frå 2012 til 2013</li> <li>- Internundervisning etter gjennomført utdanning/ kurs</li> <li>-vernerunde gjennomført og handlingsplan er utforma</li> <li>- Bruk av IA avtalen ved oppfølging av personale</li> <li>- Har rekruttert fagpersonell</li> </ul> |
| Drifte tenesta innafor tildelt økonomisk råde   | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Realistisk budsjett</li> <li>• Sikre god økonomistyring</li> </ul>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Har levert rekneskapsrapportar med fokus på avvik</li> <li>- Ikkje lukkast å drifte innafor tildelte råde</li> </ul>  |



## 11.15 Heimly bufellesskap (373)

### Organisering



Personalsituasjon pr. 31.12.13

### Tenester og oppgåver

Heimly bufellesskap yter teneste til 6 personar, med bemanning heile døgnet. Det er 5 leilegheiter i eit rekkjehus og 1 husvære i Vikja burettslag. Rekkjehusvære er eigd av Heimly bustadstifting, som har ansvar for vedlikehald og drift av eigedomen. Kommunen leiger areal til ein personaldel. Bebuarane har leigeavtale med stiftinga.

### Tildelt teneste pr. veke

| Heimehjelp | Heimesjukepleie | Praktisk bistand | Dagtilbod<br>Aktivitetscenter | Dagtilbod<br>Mona Vekst<br>Inn på tunet |
|------------|-----------------|------------------|-------------------------------|---|
| 141 timar  | 58 timar        | 115 timar        | 110 timar                     | 22 timar                                |

I tillegg kjem tilsyn gjennom heile døgnet, følgje til aktivitetar, møter og oppfølging med andre tenestetilbod. Nokre av brukarane har støttekontakt og vedtak på transportteneste.

### Økonomi

| Avvik    | Kommentar til avvik   |
|----------|---|
| -361 837 | Personale har hatt studiepermisjon utan løn. Assistentar går i fagstillingar. Sparetiltak: innleige av kortare vakter ved fråvær. |

### Personellsituasjon

Personalet er stabilt og har lang erfaring. 1 tilsett vart ferdig utdanna vernepleiar i desember. Sjukefråværet er høgt, men er i liten grad jobbrelatert. På grunn av at tilsette er mykje åleine på jobb, kan det vere vanskeleg å legge til rette med lettare, eller anna arbeid. Heimly deltok i sjukefråværsprosjektet i kommunen.

Sjukefråvær 2013

Heimly: 21,50 % (4,44 årsverk)

Bustad 1: 15,26 % (3,94 årsverk)

Bustad 2: 8,25 % (3,91 årsverk)

I oktober vart det etablert eiga bakvaksordning for Heimly, etter krav frå Fagforbundet sitt Kompetansesenter i Bergen. På grunn av avstand mellom einingane er det 2 nattevakter ved Heimly bufellesskap, 1 vakande og 1 kvilande.

Det er sett i gang planarbeid for påbygging på Heimly for å samle tenestene.

Ei eining må ha dispensasjon frå arbeidstidsreglementet på grunn av lange vakter i medlevarturnus.

## Måloppnåing

| Hovudmål (4 år)   | Delmål (1 år)   | Status   |
|---|---|--|
| Yte fagleg forsvarlege tenester innanfor økonomisk ramme og gjeldande lovverk | Ivareta brukarane sine behov og arbeide for auka funksjonsnivå og sjølvstende | Utført faste IPLOS registreringar<br>Oppdaterte tiltaks- og pleieplanar<br>Sporetiltak medfører vanskar med å oppfylle ulike vedtak på tenester.<br>Liten del fagutdanna personale medfører større ansvar og meirarbeid for fagpersonar og leiar, i kvalitetssikring av tenesta.<br>Brukarundersøkingar er ikkje gjennomført i år. |
| Vere ein attraktiv arbeidsplass   | Arbeide for å styrke kompetansen i einingane                                  | Tilsett har fått perm med løn i 50 % av vakter for å ta utdanning til vernepleiar.<br>Lav deltaking på kurs.   |
|   | Ha fokus på arbeidsmiljø, personale som ressurs, og IA avtala                 | Deltok i sjukefråværsprosjektet, med tilstellingar for tilsette i perioden.<br>Fokus på arbeidsmiljø på møter.<br>Samarbeid med tilsette, NAV, og legar ved langvarig sjukefråvær.   |
|   | Ha tett samarbeid med verneombod og tillitsvalde                              | Fast vernerunde med tiltaksplan.<br>Kontakt med verneombod og tillitsvalde ved behov.  |
| Drifte tenesta innanfor økonomiske rammer                                     | Ha oversikt over økonomien i eininga  | Leverte rekneskap- og tertialrapportar med fokus på avvik.<br>Prognose kan vere vanskeleg å berekne då refusjonar og innbetalingar ikkje alltid er ført når rapport skal leverast.   |


## Inn på tunet

Kommunen har avtale om kjøp av teneste minimum 8 timar i veka med tilbydar Nina Erichsen i Årdalen. Det har variert ein del i timetal, og kven som har kjøpt teneste gjennom året. Bruken har gradvis blitt redusert i tråd med reduserte økonomiske rammer. Dei som har nytta tilbodet i år er Vassenden barne- og ungdomsskule, Psykisk helsevern, Skei heimeteneste og Heimly.

Det står kr. 22057,33 på fond. Det skal nyttast til møter, kurs, utstyr og utvikling av tilbodet.

## 11.16 Heimetenesta Vassenden (381)

### Organisering



### Tenester og oppgåver

9,10 stilling i to delt turnus, fordelt på 14 tilsette. Tenesteleiar i 100% stilling. Heimesjukepleie og heimehjelp har eit tett samarbeid.

Tabell over tall personar som mottok tenester.  
(Tal henta frå elektronisk pleieprogram)

| Pr.    | Tildelte timar pr. veke | Heime- Sjukepleie | Heimehjelp | Total tal Brukarar | Tryggleiks- alarmer | Dag- opphald | Mat om- bringing | Omsorgs- bustad |
|--------|-------------------------|-------------------|------------|--------------------|---------------------|--------------|------------------|-----------------|
| 31.12. |                         |                   |            |                    |                     |              |                  |                 |
| 2013   | 190 timar               | 49 pers.          | 20 pers.   | 52 pers.           | 16                  | 14           | 19               | 27              |

I tillegg kjem BPA til ein brukar, ca. 11,5 timar i veka.

Timar pr. veke er pasientretta arbeid heime hjå pasient, alt anna arbeid kjem i tillegg. Det er variasjonar i tenestene ein yter frå månad til månad.

I tillegg til tryggleiksalarmane har vi trådløst alarmsystem i 10 omsorgsbustadar.

Heimetenesta har fått ein auke i oppgåver og utfordringar dei siste åra. Utfordringane er særleg knytt opp til pasientar med samansette problemstillingar og kroniske livsstilssjukdomar som treng teneste frå fleire nivå i helsetenesta og langvarig oppfølging. Heimebuande personar med demens er til tider ei utfordring, det er planlagt demensteam som skal jobbe med informasjon, kartlegging og førebygging. Hausten 2013 blei det vedtatt ein plan for dagaktivitetstilbod der det ligg føringar for dagtilbodplassar for personar med demens.

### Økonomi

| Avvik | Kommentar til avvik  |
|-------|--|
| -541  | Hovudårsak til positivt avvik er: Bruk av assistent/fagarbeidar i vakant sjukepleiarstilling og ved sjukefråvær. BPA stilling har stått vakant i ca. fire mnd. Dette gir utslag i positivt tal på KLP og arbeidsgjevaravgift. Brukt kr. 90 000 mindre på omsorgslønn enn budsjettet. Godt samarbeid med enkelttiltak som hjelper heimetenesta med brukarar, dette samarbeidet resulterer i at ein til tider slepp innleige ved kortids fråvær. |

### Personellsituasjon

Det har vore eit krevjande år for personalgruppa. Vi har hatt utfordringar med vakante fagstillingar, fagpersonar i permisjon og høgt sjukefråvær. Avdelinga har eit sjukefråvær på 13,55%, ei dobling frå 2012. Avdelinga har vore med i kommunalt sjukefråværsprosjekt med prosjektperiode 1.4.13-1.9.13. Effekten av prosjektet er tidleg og seie noko om. Det er ønskeleg å vidareføre arbeidet som blei utarbeida i prosjektet.

Avdelinga har hatt utfordringar med å få fagutdanna personell i stillingar på helg, og å få dekkja opp frávær og ferieavvikling med fagutdanna personale.

Enkelttiltak, psykisk helsevern flytta inn i første etg. i dei «nye» omsorgsbustadane i oktober-13. Dette har resultert i eit betre og fleksibelt samarbeid om personale og pasientar.


Fast personale i avdelinga har etterkvart opparbeida seg god kompetanse i form av vidareutvikling og vidareutdanning. I haust starta ein sjukepleiar på vidareutdanning og 2 sjukepleiarar gjennomfører del tre av studiering i abc demensomsorg.

## Måloppnåing

| Hovudmål (4 år)  | Delmål (1 år)  | Status  |
|--|--|---|
| -Yte fagleg forsvarleg teneste etter gjeldande lovverk | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Sikre ivaretaking av nye lover, krav og planar.</li> <li>-Sikre fagleg forsvarleg drift.</li> <li>- Nytte kvalitetssystemet i det daglege arbeidet.</li> <li>- Implementere tenestestandar inn i vedtaka.</li> </ul>                          | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Nyttar kvalitetssystemet</li> <li>-Oppdatert lovverk ligg tilgjengeleg i avdelinga</li> <li>-Leiar deltar på kurs for å oppdatere seg på lovverk mm.</li> <li>-Tenestestandar er ferdig og klare til å bli implementert i vedtaka.</li> <li>-Intern evaluering</li> </ul>   |
| - Behalde tilsette og rekruttere fagpersonell          | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Behalde eit godt arbeidsmiljøet.</li> <li>- Følgje opp IA avtalen.</li> <li>- Implementere kompetanse plan når den er på plass.</li> <li>- Sikre god samhandling med vidaregåande skular og høgskulen for å få studentar i praksis</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Faste avd. møter i turnus</li> <li>-Utført medarbeidarsamtale med tilsette.</li> <li>-Ved sjukefrávær i avd. har ein føljt IA avtalen.</li> <li>-Avd. har vore med i kommunalt sjukefráværprosjekt.</li> <li>-Sjukepl. studentar og helsefag elevar i praksis.</li> <li>-Ein sjukepleiar på vidareutdanning.</li> <li>-Kompetanseplan er under arbeid.</li> </ul> |
| - Drifte tenesta innanfor tildelte økonomiske rammer   | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Lage realistiske budsjett</li> <li>- Rapportere konsekvensar og avvik.</li> </ul>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>Leverert budsjett, rekneskapsrapportar og tertialrapport.</li> <li>- Avviksregistrering kvartalsvis.</li> <li>-Har drifta innanfor tildelte rammer.</li> </ul>   |

## 11.17 Vassenden busenter (382)

### Organisering



### Tenester og oppgaver

Vassenden busenter har 8 omsorgsbustader og 9 sjukeheims plassar. Av desse er 4 kortids/rehabiliterings plassar. Totalt 17 plassar. Vi har 19 pasientrom i avdelinga, 7 av desse er i skjerma eining, tilpassa demente. Dagsenteret har 15-18 plassar som vert i hovudsak nytta av heimebuande eldre.

Samhandlingsreforma har ført til stor pågang på plassar. Det har i periodar, vore store utfordringar med å finne plass til alle som har behov for korttidsplass og rehabilitering etter sjukehusopphald, då desse har vorte nytta til pasientar med behov for langtids plass. Som ei mellombels løysing har vi brukt 2 kontor ved omsorgssenteret til korttidsplassar for å avhjelpe situasjonen. Vi har klart å ta imot alle utskrivingsklare pasientar innan fristen.

Vassenden busenter har i 2013 hatt 7 pasientar på langtidsopphald i sjukeheim og 16 pasientar i bufellesskap. 31 ulike pasientar har hatt korttidsoffald, til saman 1983 døgn. 18 personar har hatt dagopphald.

| Avvik   | Kommentar til avvik  |
|---------|--|
| 541 936 | Overskridingar på lønnskostnader; ca 600 000 som ikkje vert dekkja inn av refusjonar. Nytt til vikar innleige, overtid, ekstra bemanning i høve overbelegg og bruk av vikarbyrå til ferieavvikling. Dette for å dekke fagleg forsvarleg drift.<br>Ekstrakostnad med husvære til vikarar.<br>Auke i kraftpris og forsikring, samt meirkostnad på lisensavtalar.<br>Meirinntekt på brukarbetaling, og mindre kostnad til KLP, reduserer underskotet. |

## Personellsituasjon

Vassenden busenter har i 2013 hatt utfordringar med å rekruttere nok fagpersonell til å dekke behovet, og kravet til faglig forsvarlig drift. Innføring av samhandlingsreforma har medført fleire og dårlegare pasientar raskare ut i kommunane, noko som aukar behovet for sjukepleiarkompetanse i avdelinga. Har ikkje fått dekkja opp med fagpersonar i ledige vikariat, og ved andre korttidsfråvær. Særskilt utfordrande i ferieavviklinga. Har nytta vikarbyrå for å dekke dette.

Vassenden busenter har mykje god og relevant kompetanse. 2 sjukepleiarar og 1 hjelpepleiar har etterutdanning i rettleiing. Desse har hovudoppfølginga av studentar og elevar. 2 sjukepleiarar har etterutdanning i lindrande behandling, ein av dei er med i nettverket av resurssjukepleiarar i kreftomsorg, 2 sjukepleiarar har vidareutdanning i akuttsjukepleie, og vi har ein sjukepleiar med vidareutdanning i geriatri. Ei gruppe frå personalet har delteke i Demensomsorgas ABC, eit prosjekt som har gått over fleire år. Dette er med på å auke kunnskapen og kompetansen kring pasientar med demens.

## Måloppnåing


| Hovudmål (4 år)                                       | Delmål (1 år)   | Status   |
|---|---|--|
| Yte fagleg forsvarleg teneste etter gjeldande lovverk | -Sikre avdelinga sin kjennskap til gjeldande lovverk<br>-Sikre fagleg forsvarleg teneste<br>-Sikre oppdatert kvalitetssystem                          | Intern evaluering av kvalitetssystemet<br>Vi har vore tilknytt NOKLUS<br>Samarbeidsavtale med hygienejukepleiar, helse Vest.<br>Har nytta vikarbyrå til ferieavvikling for å dekke behovet for sjukepleiarkompetanse.  |
| Behalde og rekruttere fagpersonell                    | -Utviklande fagmiljø<br>-Sikre oppfølging av IA avtalen<br>-Behalde eit godt arbeidsmiljø<br>- Jobbe for å få eit tettare samarbeid med heimetenesta. | Ei gruppe arbeider med demensomsorgas ABC.<br>2 fullført utdanning akuttsjukepleie<br>1 sjukepleiar har delteke i interkommunalt kols prosjekt<br>1 sjukepleiar deltek i nettverk av resurssjukepleiar i lindrande behandling.<br>Hatt sjukepleiarstudentar i 2 praksisperiodar.<br>Samarbeider med NAV om praksisplass til elevar<br>Har gjennomført medarbeidersamtaler.<br>Har følgd opp tilsette etter IA avtale i samband med sjukefråvær.<br>Samarbeidd med heimetenesta om personell, og einskilde brukarar |
| Drifte tenesta innanfor tildelt råme                  | -Realistisk budsjett<br>-Sikre god økonomistyring   | Følgd opp med rekneskapsrapportar<br>Kontinuerleg intern evaluering.<br>Har eit knapt budsjett til vikarkostnader og overtid.  |

## Sjukefråvær

| 382                | 2011 | 2012 | 2013  |
|--------------------|------|------|-------|
| Avdeling/turnus    | 14,3 | 8,91 | 12,91 |
| Adm/dagarbeid (ny) |      |      | 25,64 |
| Heile kommunen     | 6,5  | 6,74 | 8,43  |

## 11.18 Plan og næring felles (400)

### Organisering



Til ansvarsområdet er det knytt ei 50 % konsulentstilling med ansvar for mellom anna næringsarbeid og samfunnsutvikling.

### Tenester og oppgåver

Til ansvarsområdet ligg rådgjeving og bistand til næringslivet samt utviklingsoppgåver realtert til næringslivet utanom tradisjonelt landbruk. I tillegg inneheld ansvarsområdet ordninga med refusjon for kompensert meirverdiavgift frå investeringstiltak.

### Næringsarbeid

Sunnfjord Næringsutvikling (SNU) forvaltar næringsfondet til Jølster. Det betyr at handsaminga av søknader om støtte ikkje lenger ligg til kommunen. Vi opplever framleis at mange tek kontakt for å få hjelp og rådgjeving om korleis dei skal gå fram i konkrete saker, og i mange tilfelle ønskjer etablerarar at kommunen er med dei i møter, både med SNU og Innovasjon Norge. I 2013 handsama styret for Næringsfondet 13 saker frå Jølster og 9 av dei fekk tilsegn om støtte. Fondet fekk påfyll med kr. 925.772,- og ved årsskiftet 2013/14 sto det att kr. 383.896,-.

Næringskonsulenten har vore engasjert i arbeidet med kommuneplan, planlegginga av Bulystkonferanse 2014 samt profileringsarbeid i samband med arrangement. Ansvar for den årlege Smykkefesten der «nye» Jølstringar får utdelt sin liljekross ligg også til avdelinga.

Dialogen med Jølster Næringsforum er god. Vi har dialogmøter vår og haust og drøftar ulike tema.

Profilmal for kommunen er teken i bruk og denne vert og nytta av næringslivet i sitt marknadsføring og profileringsarbeid, jamfør mellom anna Jølster aurefiskefestival.

### Økonomi

Budsjett og rekneskap omfattar i hovudsak postar knytt til inntekter som følgje av kompensert meirverdiavgift på investeringar samt kommunen sitt arbeid med tiltaksarbeidet/næringsarbeidet og prosjektmidlar til kommuneplanen. Tiltaksarbeidet vert finansiert ved bruk av konsesjonsfond.

| Rekneskap 2013 - ansvar 400 (kr) |                       |         |         |            |             |
|----------------------------------|-----------------------|---------|---------|------------|-------------|
| Ansvarsnr                        | Ansvar                | R2013   | B2013   | Awik i kr. | Forbruk i % |
| 400                              | Plan og næring felles | 110 953 | 274 000 | -163 047   | 40          |

| Avvik    | Kommentar til avvik   |
|----------|---|
| -163 047 | Mindreforbruk på kr. 163 047 er i hovudsak som følgje av mindre utbetalingar knytt til kommuneplanarbeidet en føresett. |


## Personellsituasjon

Kommuneplanarbeidet har vore omfattande i 2013 og det er i tillegg arbeidd med fleire viktige næringsrelaterte prosjekt. Kommunen har vore inne i ein periode med store planprosjekt og utbyggingar og dette vil halde fram i økonomiplanperioden. Gjennomføring og oppfølging av desse tiltaka har gjeve og gjev framleis store utfordringar i praktisk gjennomføring med grunnlag i tilgjengelege resursar. For å sikre kvaliteten og ivareta økonomien i prosjekta er det særskilt viktig å setje av tid og resursar til oppfølging av prosjekta eventuelt til å leige slik kompetanse.



## 11.19 Bibliotek (510)

### Organisering



Jølster bibliotek har to avdelingar, hovudbiblioteket på Skei og kombinasjonsbiblioteket på Vassenden skule. Politisk er biblioteket organisert under Utval for oppvekst, kultur og helse. Administrativt under rådgjevar for oppvekst og kultur.

### Tenester og oppgåver

Biblioteket er forankra i lov om folkebibliotek – som seier at alle i landet skal ha eit gratis bibliotektilbod. Endring i biblioteklova sin formålsparagraf sler fast at biblioteka skal vere uavhengige møteplassar og arenaer for offentleg samtale og debatt.

Fylkesbiblioteket er vårt service- og utviklingsorgan i Sogn og Fjordane. Det vert lagt stor vekt på samarbeid mellom biblioteka og med aktuelle partar i kommunen.

I 2013 har biblioteka i Jølster vore opne 24 timar pr. veke, likt fordelt på Skei og Vassenden.

Vi har no 22 395 registrerte medier i basen og vi har hatt 17 498 utlån. 11 425 av desse er til barn og unge og 6073 til vaksne, dette er ein auke frå 2012 og den største auken er på Vassenden der skulen er svært aktive bibliotekbrukarar. Skulebiblioteket på Skei kjem i tillegg.

Vi samarbeider med: Kulturskulen, Frivilligsentralen, Tenestekontoret, Bis-biblioteka, og deltok i Nynorsk skaparkraft.

Tenestekontoret låner ut bøker utanom opningstid.

Lag og organisasjonar nyttar ofte biblioteklokala til kurs og møte.

### Økonomi

| Avvik   | Kommentar til avvik  |
|---|--|
| Overforbruk:<br>Kr. 52 000 fordelt på<br>Kr. 20 000 til bibliotek<br>og Kr.32 000.- til<br>andre kulturføremål. | Doble transportutgifter i ein periode.<br>Andre kulturføremål er tilskot til musea i Sogn og Fjordane og forsikringar til musea i Jølster. |

### Personellsituasjon


Jølster bibliotek har 0,31 årsverk pr. 1000 innbyggjarar – gjennomsnitt for fylket er 0,49. Med 24 opningstimar pr. veke vert det lite tid til organisering, vidareutvikling og indre bibliotekarbeid.

## Måloppnåing

| Hovudmål (4 år)            | Delmål (1 år)   | Status  |
|----------------------------|---|---|
| Biblioteket som møteplass. | Arrangement.  | Vi har hatt 16 bokkafear der vi samarbeider med frivilligsentralen, litt program og triveleg stund med boklån. Samarbeid med Den kulturelle spaserstokken.  |
| Barn og unge i sentrum.    | Nynorsk skaparkraft<br><br>Den kulturelle skulesekken<br><br>Sommarles<br><br>Nynorske barnebokdagar<br><br>Filial i barnehagen | Alle elevar i Jølster fekk i 2013 eit tilbod knytta til nynorsk språk og lokal identitet, forfattarbesøk, kunst og natur. Fellesdag for alle elevar i Borgja Ålhus i juni.<br>Svidalsdagen for 3.klassane i kommunen. Korleis vart og vert elva og vatnet brukt i Jølster. Lesestund og livredning. Sommarles vart gjennomført, mange las mykje og mange kom på felles avslutningsfest Skei og Vassenden. Samarbeid med fylkes og BIS-biblioteka om nynorske barnebøker. Avslutning med forfattarbesøk i september.<br>Vi har 3 barnehage-filialar, der Skei og Ålhus er svært aktive brukarar. |
| Samlingsutvikling          | Lydboksamlinga<br><br>Kassering<br><br>Norsk bibliotektransport   | Vi har utvida lydboksamlinga på Vassenden, desse bøkene vert godt brukte.<br>Vi har færre registrerte medier i basen og fleire utlån, noko som tyder på at det er større sirkulasjon på det som står i hyllene våre.<br>Gjer at vi har tilgang på all litteratur i norske bibliotek til fast pris.  |
| Kompetanseheving           | Kurs i regi av fylkesbiblioteket  | Vi har delteke på kurs i litteraturformidling, gjennomgang av kulturfondbøker for barn og voksne og arbeidsseminar om nye ynskjer og mål for biblioteka i Sogn og Fjordane.   |

## 11.20 Tenesteeining Plan og Bygg (610) 2013

### Organisering



### Tenester og oppgåver

Sakshandsaming hovudsakleg etter følgjande lovverk: Plan- og Bygningslov, Brannlov, Matrikkellov mfl. Ansvar for all arealplanlegging i kommunen, byggesaker og delingsaker, medverknad i diverse planarbeid, ROS-analyse, mv. Deltaking i byggeprosjekt t.d. Skei Barnehage, kommunaltekniske anlegg som TD vegar og ledningsgrøfter. Oppdatering og ajourhald av kartverk er ei stor oppgåve som er vanskeleg å gje nok merksemd.

I samband med revidering av kommuneplan og reguleringsplan for E39 Bjørset-Skei har det teke mykje kapasitet. Det ser vi og att i rekneskapan som syner eit meirforbruk på annonsering på om lag 50`.

Det går og mykje kapasitet med å yte tenester til andre avdelingar, dette ser vi og i samband med sjukefråvere og vakanse i stillingar i avdelingar som er nær knytt til våre saksfelt. Matrikkellova syner seg å krevje meir resurs enn tenkt, nye rutinar og sakstypar fører til trong for meir tid til sakshandsaming og dette går ut over andre oppgåver.

### Økonomi

| Avvik  | Kommentar til avvik   |
|--------|---|
| 62 000 | Samla er det eit meirforbruk på kr. 62 000 på eininga. Planavdelinga har overforbruk på løn og annonse. Byggavdelinga har meirinntekter på byggesaksgebyr. Oppmåling har mindreinntekt på gebyr (færre avslutta saker). |

I samband med vikariat i planstillinga såg vi oss nøydde til å ha ein viss «overlapp» for å forenkle overgangen. Dette førde til eit overforbruk på løn og saman med meirforbruk på annonsering gav dette om lag 200` totalt meirforbruk for avdelinga.

På byggavdelinga vart det eit særst godt resultat på gebyr som gjer at sjølv om oppmålingsgebyra vart mindre enn budsjettert vart totalresultatet betre enn vi såg føre oss i løpet av året. Avdelinga er svært sårbar for svingingar i gebyra.

### Personellsituasjon

Avdelinga har 2.8 stilling. Stabil arbeidsstokk og lite sjukefråvere, ca 2 %, gjer at tenestene stort sett vert produsert i rimeleg tid og med grei kvalitet.

Avdelinga er svært sårbar med tanke på at kvar enkelt tilsett er «nøkkelpersonell» der arbeidsoppgåvene er spesialiserte slik at det er vanskeleg for andre på avdelinga å overta oppgåver på kort sikt. Dessutan er det lite eller ingen kapasitet til å dekke opp lengre fråvere. Planleggar har

halve året vore ut med fødselspermisjon, det vart tilsett vikar i stillinga frå ca 01.07. Dette førde til ein merkbar meirbelastning på dei andre på avdelinga. Nokre oppgåver har vorte skadelidande av dette då vi har prioritert nemnde plansaker og ordinære bygg og delesaker samt arbeidet med planregister som skal ferdigstillast første halvår 2014.

### Måloppnåing

| Hovudmål (4 år)                    | Delmål (1 år)                            | Status                                |
|------------------------------------|--|---------------------------------------|
| Kommuneplan<br>Ferdig 2014         | Vedtak på samfunnsdel<br>2013            | I rute                                |
|                                    | Regulering E39<br>Bjørset – Skei         | Plan vedteken, klagehandsaming pågår. |
| Vegadresse                         | Oppstart utsett til 2015                 | Utsett                                |
| Planregister                       | Arbeid oppstarta                         | Pågår, ferdigstilling i 2014.         |
| Sakshandsamingstid                 | Halde lova sine krav                     | Litt etterslep                        |
| Geodataplan, løpande<br>revidering | Vurdering av behov jamfør<br>kommuneplan | I rute.<br>Planlagt ortoforto i 2017. |
|                                    |  |                                       |

| Oppmålingssaker. |                            |  |                        |                 |
|------------------|----------------------------|--|------------------------|-----------------|
| År               | Rekvirerte<br>Delingssaker | Saker avslutta med<br>målebrev/<br>matrikkelbrev | Bustad / næringstomter | Hytter / fritid |
| 2008             | 34                         | 43   | 21                     | 18              |
| 2009             | 30                         | 36   | 17                     | 10              |
| 2010             | 23                         | 39   | 22                     | 13              |
| 2011             | 30                         | 24   | 14                     | 8               |
| 2012             | 32                         | 27   | 14                     | 11              |
| 2013             | 21                         | 26   | 7*                     | 6 *             |


- Ny sakstype «arealoverføring» gjer at mange saker ikkje fell inn under bustad/hytte. Arbeid med nokre større saker pågår men ikkje kome til fakturering.

| Delegerte saker handsama etter Plan- og bygningslova. |                          |                                |  |                |             |
|---|--------------------------|--------------------------------|--|----------------|-------------|
| År  | Melding<br>driftsbygning | Søknad utan<br>ansvarsrett (1) | Søknad nye<br>bustader og<br>fritidsbustader | Andre søknader | Sum<br>alle |
| 2009  | 10                       | 17                             | 33   | 27             | 87          |
| 2010  | 4                        | 28                             | 13   | 28             | 73          |
| 2011  | 4                        |                                | 14   | 36             | 54          |
| 2012  | 4                        |                                | 9  | 56             | 69          |
| 2013  | 4                        | 38                             | 17   | 32             | 91          |

(1) Søknad etter PBL § 20-2 vart i 2011 og 2012 registrert som andre søknadar. I dette talet er det også driftsbygningar som ikkje er fjøs/reiskapshus. For bustad og fritidsbustad er det bygget som er registrert og ikkje bueningane. I 2013 vart det godkjend fleire vertikaldelte bygg på Skei. Tidligere år har det vert 0-1 slike bygg i denne delen av kommunen. I 2013 var det mange mindre søknader om fasadeendringar, veranda/terrasse, bakkemurar og liknande. Aukinga i slike tiltak var markant.

## 11.21 Drift og kommunalteknikk (620-621)

### Organisering



### Tenester og oppgaver

Avdelinga har eit variert tenestetilbod innafør områda veg, vatn, avlaup, renovasjon, vedlikehald av kommunale eigedomar, brann og feiarteneste. Avdelinga forvaltar og lover og føreskrifter innafør dei nemnde områda.

### Økonomi

Ansvarsområda har hatt fokus på å avgrense kjøp av varer og tenester gjennom året. Det har vore naudsynt å bruke resursar slik at tenestene våre er innafør det ein meiner er akseptabelt. I første tertialrapport har ein allereie meldt inn avvik. Høgre kostnader innafør samferdsle (flaum, ising, frost), veg (maskinforvaltning), vedlikehald bygg og brannvern er hovudårsak til overskridingar.

Ei samla oversikt over rekneskapan med netto drift for tenestene er synt i tabellen under.

| Avvik                                       | Kommentar til avvik i ansvarsområde 620  |
|---|--|
| Ansvarsområde 620<br>Avvik kr . 0,-         | <ul style="list-style-type: none"><li>Tenestene innafør dette ansvarsområde skal gå i balanse og regulerast mot fond.</li><li>Feiing og tilsyn har hatt mindre inntekter enn budsjettert. Dette skuldast vurderingar i høve behovsprøvd feiing.</li><li>Tenestene innafør renovasjon vert gjort opp med SUM og interne kostnader vert justert opp mot ansvarsområde 621.</li><li>Vatn og avlaup har eit overskot som er ført mot fond.</li></ul>   |
| Ansvarsområde 621<br>Avvik kr. -1.860.000,- | <ul style="list-style-type: none"><li>Samferdsel har hatt store utfordringar med ising/frost/flaum og skadar på vegar, som har kravd strakstiltak. Meirkostnader: ca. kr.1.200.000,- (strakstiltak).</li><li>Legging av fast dekke kjem i tillegg og vart handsama i formannskap og kommunestyret med ei kostnadsråme på kr.1.100.000,- (ført på investeringsbudsjett)</li><li>Vi har hatt meirkostnader på vintervedlikehald (brukt uvanleg mykje kalsiumklorid vinteren på grunn av ising av stikkrenner). Meirkostnader: ca. kr.250.000,-</li><li>Elles har vi hatt meirutgiftene innafør vegsektoren under</li></ul> |

|  |  |
|--|--|
|  | <p>maskinforvaltning (ca. kr.170.000,-). Reparasjonar på eigen traktor, lastebil, kantklipper og skrape er årsak til dette.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vaktmeistertenesta har eit meirforbruk på ca. kr.100.000,- på grunn av gjennomføringa av internkontrollsystemet og nye serviceavtaler på bl.a. Langhaugane barnehage (ventilasjonsanlegg, sprinklaranlegg, EL-anlegg, brannalarmanlegg, nødlysanlegg).</li> <li>• Innafor brannvern har lønnsutgifter inkludert nye lønnsforhandlingar påverka underskotet i stor grad. Meirkostnader på kr.120.000,-.</li> </ul> |
|--|--|

## Personellsituasjon

### Avdelinga generelt

Dei ulike fagområda krev tilstrekkeleg personell for å forvalte oppgåvene på ein akseptabel måte. Vi opplever at mykje er bra, men vi har ikkje kapasitet å gjennomføre tiltak i samsvar med alle krav og forventingar.

### Vaktmeistertenester.

Avdelinga har tidlegare fått styrka bemanning på leing og drift av vaktmeistertenestene, noko vi har god nytte av. Vi hadde 40% stilling ledig til november 2013. Den er brukt for å tilsette en ekstra person som skal (i sommarhalvåret) ivareta vedlikehald av grøntareal.

### Samferdsel.

Tilsette på denne sektor er også delvis tilsett i vatn og avløp, for at vi skal vere mindre sårbare ved fråvære og for å ivareta HMS krav.

### Vatn- Avlaup.

Vi har tilsett ein driftsoperatør. I arbeidet med hovudplan for VA vert organisering og bemanning av tenestene vurdert for å ivareta stabil drift, internkontroll og HMS krav.

### Brann - feiing

Innafor feiarteneste meiner vi at personellsituasjonen er tilstrekkeleg.

Administrasjon og førebyggjande arbeid er oppsett med nok personell, men vi har utfordringar i å prioritere resursane til formålet.

Tilgang av brannkonstablar i område Skei og Vassenden kan til tider vere vanskeleg. Ved tilsetjing av brannkonstabel vil kompetanse, arbeidsplass og bustad nær brannstasjon vere viktige faktorar vi må ta omsyn til.


## Måloppnåing

| Hovudmål (4 år)   | Delmål (1 år)   | Status   |
|---|---|--|
| Sette av meir tid til system, forvaltning og organisering av avdelinga. | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomgang av internkontrollsystemet.</li> <li>• Gjennomgang av internkontrollsystemet innafor VA og vidare dei andre. tenesteområda.</li> <li>• Gjennomføre/ferdigstille IK</li> </ul> | <p>Vi har gjennomført internkontrollsystem bygg (vaktmeistertenesta). Internkontrollsystem for vann og avløp er igangsett, men ikkje heilt ferdig. Planlagt å gjennomføre i 2014. Internkontrollsystem for andre tenesteområdet blir gjennomført etter vann og</p> |

|   |   |  |
|---|---|--|
|   | for dei ulike tenestene.  | avløp er ferdig, sannsynligvis i haust 2014.   |
| Auke innsats for å behalde kvalitet på tenester og verdiar på det vi har forvaltar. | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Rehabilitere/styrke samferdsel i kommunen.</li> <li>• Forvalte og styrke vedlikehald av bygningar.</li> <li>• Prioritere vedlikehaldstiltak som er med på å sikre verdiar på kommunale bygg/anlegg.</li> <li>• Gjennomføre ENØK-tiltak for innsparing av energikostnader.</li> </ul> | <p>Samferdsel har i denne perioden fått store skader og høge kostnader, på grunn av flaum, ras og is. Det er brukt mykje resursar for å rette opp skader.</p> <p>Vaktmeistertenesta har utført dei fleste tiltak som var prioritert (UPU) for 2013.</p> <p>Vaktmeistertenesta har prioritert nye tiltak som skal gjennomførast i 2014 (godkjent av UPU i februar 2014).</p> <p>Jølster Kommune har søkt og fått midlar frå ENØK-fond for gjennomføring av ENØK-tiltak. Tiltak blir utført etter prioriteringsplan.</p> |
| Ferdigstille/gjennomføre krav til brannordning i Jølster.                           | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Halde fram opplæring av brannmannskap (deltidsreforma)</li> <li>• Auke innsats innafor førebyggjande arbeid.</li> <li>• Gjennomføre/ferdigstille brannordning.</li> </ul>  | <p>5 personer har gjennomført deltidsutdanninga. Vi vil prøve å få utdanne fleire personer i samarbeid med andre brannvesen i regionen.</p> <p>Det er gjennomført ein stor del tilsyn av bustader, medan tilsyn av særskilde brannobjekt ikkje er starta opp enno.</p> <p>Vi har gjennomført arbeid med risikokartlegging. Neste steg er dimensjonering og beskrive sjølve brannordninga.</p>  |

## 11.22 Næring og miljø (650)

### Organisering



### Tenester og oppgåver

Eininga skal forvalte verkemiddel- bruken i landbruket, forvalte Jord- og konsesjonslova, skogbrukslova, vilt- og innlandsfiskelova, friluftsløva, lov om motorferdsel i utmark samt ein del særlover retta mot miljøforvaltning i kommunen. I tillegg skal eininga gje uttalar til sentrale myndigheiter i høve arealbruk i Jølster utan for regulert område. Eininga skal og stimulere til ei føremålstenleg utvikling av landbruket i kommune som sikrar og utviklar busetnad og verdiskaping i heile kommunen.

### Generelt om landbruket i Jølster kommune i 2013

Dei siste åra har ein gjennomført omfattande utviklings og omleggingsarbeid i landbruket i kommunen. Jølster er den 3. største landbrukskommunen i fylket og saman med Gloppen dei største leverandørane av mjølk til Tine meieri på Byrkjelo. Medan mjølkeproduksjonen i andre delar av fylket har minka siste åra har den auka i Jølster. For 2013 har mjølkeproduksjonen minka marginalt på ku og meir på geit. For geit er dette eit uttrykk for at nokon har gitt seg, men aller mest fordi mange er inne i ein fase med sannering og ombygging. Dette vil betre seg utover i 2014.

2013 var på mange måtar et krevjande år for landbruket i Jølster med vêrtilhøve som gjorde mykje skade på eng. I sum resulterte dette i 53 søknadar om erstatning for vinterskade på eng. Overvintringsskaden gjorde til at mange kom seint i gong med vårvinna og at vekstsesongen vart kortare. Dette gjorde til at mange fekk betydeleg mindre avlingar i 2013 enn normalt, og kommunen fekk inn totalt 26 søknadar om avlingsskadeerstatning. Sjølv om det finnast erstatningsordningar på dette er eigendelen for bøndene relativ sett høge og 2013 vart med dette eit økonomisk krevjande år for mange.

### SMIL (tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket)

I 2013 fekk vi tildelt kr. 310 000 i SMIL-midlar i disponibel ramme. Vi fekk inn 5 søknader innan fristen, 1 søknad overført frå 2012, og 4 søknader seinare på året. 7 søknader fekk løyving, 1 fekk avslag og 2 vart utsett til neste år. Heile potten på kr. 310 000,- vart fordelt og brukt opp.

Avdelinga opplever at det dei seinare åra har vore ein reduksjon i tal søknader som treff godt innanfor formålet med SMIL-ordninga, og at det er liten variasjon i type tiltak. Det er framleis ein stor del av søknadsmassen som gjeld verneverdige bygningar i landbruket.

| SMIL-ordning         | Motteke: | Innvilga: | Tilskot kr: | Løyvt til saman kr: |
|----------------------|----------|-----------|-------------|---------------------|
| Søknader:            | 10       | 7         |             | 310 000             |
| Overført frå 2012:   | 1        |           |             |                     |
| Tildeling i 2013:    |          |           | 310 000     |                     |
| Inndrege i 2013:     |          |           | 0           |                     |
| Til disposisjon:     |          |           | 310 000     |                     |
| Rest ubrukt 31.12.13 |          |           | 0           |                     |



## Tilskot til drenering av jordbruksjord

Denne ordninga var ny frå og med 2013, men forskrifta var ferdig seint på året og første søknadsfrist for å søkje tilskot til drenering vart sett til 16. september 2013. Tilskotet gjeld drenering av tidlegare grøfta jordbruksareal. Jølster kommune fekk inn i alt 4 søknader på 5 ulike eigedomar og vi løyvde til saman kr. 70 000,- i tilskot til drenering.

Frå og med 2014 vil vi samordne søknadsfristen for Dreneringstilskot med fristen for SMIL- midlar, og ha same frist 1. april for begge ordningane.

## Produksjonstilskot og avløysartilskot:

| <b>Produksjonstilskot/avløysartilskot: tal søknadar handsama i 2013 (2012-tal i parentes):</b> |  |
|--|--|
| Søknadsomgong 20. januar:  | 139 (141) stk.                               |
| Søknadsomgong 20. august:  | 168 (170) stk.                               |
| Til saman handsama i 2013:   | 307 (311) stk.                               |
| Søknader om tilskot til sjukdomsavløyning, handsama i 2013:                                    | 31 saker, utbetalt tilskot:<br>kr. 762 383,- |

| <b>Regionalt miljøprogram: Tilskot utbetalt i 2013, til saman ulike ordningar (2012 i p.):</b> |                                 |
|--|---------------------------------|
| Tal søknadar 31.07.12: ca. 100   | Kr. 1.419.663 (kr. 1 412 547)   |
| Produksjonstilskot og avløysartilskot, utbetalt i 2013, tils. alle ordningar (2012 i p.):      |                                 |
| Tal søknadar 01.01.13: 139, 31.07.12: 166  | Kr. 37.408.801,- (37.577.556,-) |
| Til saman produksjonstilskot og RMP i jordbruket:  | Kr. 38 828 464,-                |

## Merknad

I tillegg til tilskotssummane i tabellane over er det gjort nokre ekstra utbetalingar, som manuelle etterbetalingar og klagehandsaming, samt tilskot til sjukdomsavløyning. Tala i oversikta over er difor ikkje 100 % fullstendige, men gjer eit godt inntrykk av pengestraumen frå Staten til gardbrukarane i Jølster, gjennom det kommunale forvaltningsnivået.

## Regionalt miljøprogram

Tilskotsordninga Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane omfattar m.a. tilskot til bratt areal, tilskot til ulike spesielle kulturlandskapselement som styvingstre og steingardar, tilskot til freda kulturminne, beitedyr i verneområde, stølsdrift, og til drift av sanke-/beitelag (organisert beitebruk). Første utbetalinga var i mars 2006.

## Tal og utvikling i jordbruket i Jølster

Den 31.07.13 hadde vi 68 aktive mjølkeprodusentar med kumjølke og 7 mjølkeprodusentar med mjølkegeit. 15 av mjølkeprodusentane var samdriftsføretak. Dei siste åra har det blitt færre mjølkesamdrifter. Fleire samdrifter har blitt oppløyst, men same produksjonsvolum er vidareført, organisert som enkeltmannsføretak med kvoteleige. Dette må vi sjå på som ei tilpassing til endring i regelverk for mjølkekvote der det vart innført ordning med kvoteleige i 2009. Tal føretak med mjølkekyr har gått noko ned, frå 82 føretak i januar 2010, til 68 i juli 2013. Dette skuldast nok dei store strukturendringane i mjølkeproduksjonen i kommunen siste åra, - utviklinga med større produksjonsvolum fordelt på færre mjølkeprodusentar fortset.

Vi har 7 aktive geitemjølkeprodusentar, og 5 av dei er no midt i eller snart ferdig med sanering av buskapane sine. Når dei er ferdig har alle dei 7 geitemjølkeprodusentane gjennomført sanering. I samband med saneringa er det lagt ned svært mykje arbeid og investeringar i driftsbygningar og sommarfjøsar for geit.

Kjøttproduksjonen på storfe skjer for det meiste som tillegg til mjølkeproduksjon. Men vi har og nokre få søkjarar som driv rein kjøttproduksjon på storfe, ca. 12 i 2013. I juli 2013 var det 35 ammekyr i kommunen, delt på 4 søkjarar. Vi har to svinprodusentar med slaktegris i kommunen.

Sauetalet i kommunen i 2013 er tilnærma ganske likt som 2012. Tal bruk med sauer er redusert siste året frå 64 bruk med sau i 2012 til 60 i 2013, men på tal sauer og lam slept på beite ser vi no ein liten auke sidan i fjor. Det kan sjå ut som tendensen dei siste 6-7 åra med stor reduksjon i sauenaeringa har byrja å flate ut. Ser vi på utviklinga i eit 5- års perspektiv, er tal bruk med sau redusert frå 79 i 2008 til 60 i 2013. Tal sauer og lam som er slept på beite er redusert frå 8855 dyr til 8106 dyr i same periode. Alt i alt har det vore ein reduksjon i sauer og lam på beite på litt over 10 % siste 5-6 åra. Reduksjonen i tal bruk med sau er større (ca. 20 %), så det er ein svak utviklingstendens til auke av besetningsstorleik hjå dei som fortsatt driv og satsar på sauehald i kommunen.

Jordbruksareal det vart søkt om arealtilskot til i 2012 var ca. 18000 daa fulldyrka jord, 738 daa overflatedyrka jord og ca. 6700 daa innmarksbeite, total innmark på til saman ca. 25 500 daa.

### Skogbruk

Det er ikkje registrert ny skogsplanting i 2013, men det vart bestilt 1500 furuplanter og selt 4800 plantar for juletreproduksjon. Ein har likevel ikkje inntrykk at det er stort etterslep på foryngingsplikta, fordi hogsten dei seinare åra har vore låg og i 2011 vart det gjort ein ekstra innsats på forynging. I åra framover bør ein ha aukande fokus på foryngingsplikta, sidan det er tatt ut ein del skog i 2012 og 2013.

Tilskotsmidlar til landbruksvegbygging er fortsatt prioritert til kommunar som er hardare råka av Dagmar som Stryn, Sogndal, Gloppen og Eid. Det er arbeidd med to konkrete traktorvegprosjekt på til saman 300 m, Kinnegrova (Øvrebø) og Nedre Åsen. Det er i tillegg meldt interesse om vegbygging i Hammar og på Eikås, samt opprusting av veg i Årdalen.

NGI driv prosjektet «Skog og skred» på oppdrag frå NVE og NFR. Eit av prosjektområda er på Sårheim kor det skal forskast på samanheng mellom skogens vernefunksjon og ulike typar skred og steinsprang, og da fortrinnsvis på skogreisningsareala. Prosjektet skal resultere i ein veileidar for skogbehandling av verneskog og vegbygging rasutsette område. Kommunen har vore delaktig prosjektet og har bistått ved synfaring mm. Det er i kommunen mange granfelt som skal avverkast i nær framtid med den same problemstillinga.

Det er avverka 7550 m<sup>3</sup> tømmer og massevirke for sal, der ein del av dette er orkanskadd skog.

### Hjorteforvaltning

Det kan nå sjå ut som om at vi har nådd det kommunale målet om reduksjon i hjortebestanden, og at denne har stabilisert seg dei siste to åra. Kvotetildelinga var 488 dyr, og det vart felt 336, ein fellingsprosent på 69%. Dette er 30 meir felte dyr enn året før, og det er også fleire sett hjort. Det er skote 57 % hanndyr og 43 % hodyr. Data vert lagt inn på [www.hjortevilt.no](http://www.hjortevilt.no) og her kan alle som vil sjå på data for heile kommunen eller eige vald.

Viktig arbeid framover blir å følge opp hjorteviltforskriftens mål om reel bestandsforvaltning av hjort.

### Fiske

Jølster jakt og fiskelag ønskjer at fritidsfiske aukar, og prøver å organisere kortsalet slik at ein får eit felles fiskekort i heile Jølster.

Tabellen under viser fangstar av aure (kg) frå Jølstravatnet i 2008-2013.

| Tema                   | 2008  | 2009  | 2010  | 2011  | 2012  | 2013  |
|------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Aure på flytegarn      | 9000  | 9900  | 8100  | 11000 | 9600  | 13654 |
| Botngarn (estimert)    | 1500  | 1500  | 1500  | 1500  | 2500  | 2000  |
| Sportsfiske (estimert) | 2000  | 2000  | 2000  | 2000  | 2000  | 2000  |
| Sum                    | 12500 | 13400 | 11600 | 14500 | 14100 | 17654 |

## Økonomi

| Avvik   | Kommentar til avvik   |
|---------|---|
| 206 232 | Meirforbruket skuldast i hovudsak at utbetaling til Mjølkeprosjektet med kr. 162 500 er ført på dette ansvarsområdet. |

## Personellsituasjon

Ola Nygård slutta i jobben som naturforvaltar med verkand frå 01.08.2013 og Solfrid Trå starta i denne jobben 01.11.2013. Jonny Lofnes vart leigd inn i samband med søknadar om vinterskade og avlingssvikt. Tenesteleiar har vore sjukmeldt 100% i frå 01.01.2013 fram til sommaren og jobba gradert etter dette og fram til November.

Det har difor vore eit krevjande år for avdelinga, med for lite resursar til å gjere ein god nok jobb. Frå og med 01.01.2014 ser situasjonen betre ut, med full bemanning på avdelinga. Det vi likevel ta noko tid å ta att etterslepet frå 2013.

## Måloppnåing

| Hovudmål (4 år)   | Delmål (1 år)  | Status pr i dag   |
|---|--|---|
| Utvikle det tradisjonelle landbruket som basis for all landbruksproduksjon i kommunen | Halde fram arbeidet med fornying av driftsopplegget for all produksjon av mjølk.<br><br>Betre arrondering gjennom kanalisering, grøfting og aktiv nydyrking<br><br>Jobbe for at kultur-landskapet skal skjøttast gjennom aktiv beitebruk<br><br>Oppretthalde naudsynt kvalitet på tilskot-forvaltninga | Handsama søknadar om finansiering på ombygging/utbygging av 2 storfe fjøsprosjekt<br><br>Mjølkeprosjektet saman med Gloppen   |
| Jobbe for å sikre regional næringsindustri tilgang på gode råvarer                    | Auke produksjonen av mjølk frå 11 – 12 mill liter.<br><br>Auke produksjonskvotane per produsent med 10 000 liter<br><br>Utvikling av sau og geitehaldet – produsentmiljø og nyinvesteringar<br><br>Utvikle nye landbruksproduksjonar av storfe, svin og egg  | Det er gjeve bistand knytt til geiteprodusentane som skal sanner innan 2013.<br>Resultat av dette er investeringar og prod.<br><br>Investeringstilskot til overtaking ved generasjonsskifte – saueproduksjon – ombygging og prod auke |
| Utvikle skogbruket for uttak av   | Nybygging av 5 km med  | Det er godkjend bygging av 300  |

|   |   |   |
|---|---|---|
| 10 000 kubikk                               | <p>skogsbilveg</p> <p>Auke årleg utplantning og stimulere til bruk av tilskotssystemet</p>  | <p>meter traktorveg</p> <p>Det er ikkje registret nyplanting anne enn 4800 plantar til produksjon ab juletre.</p>   |
| Utvikle sports og næringsfiske              | <p>Legge til rette for vidareforedling av auren</p> <p>Legge til rette for god infrastruktur rundt sportsfiske i kommunen</p> <p>Auke sal av fiskekort og andre produkt knytt til fiske</p> | <p>Avdeling har delteke på møter med jakt og fiskelaget om temaet.</p> <p>Det er gjeve tilskot frå Kjøsnestjordfondet til tiltak som betrar oppvekstvilkåra i Jølstra og aukar tilgang til fiske for allmennheita i Gjesdalsvatnet.</p> |
| Hjorteforvaltning jfr Kommunalt måldokument | <p>Sikre ei bestandsretta forvaltning</p> <p>Minke skadar og påkjørsleproblematikk</p>  | <p>Hjortestamma er redusert og har stabilisert seg dei siste åra (sett hjort) Det er mindre påkjørslar og skadar på skog og eng.</p> <p>Prosjekt om bestandsretta forvaltning er godt i gang og Jølster deltar i dette.</p>             |
| Utvikle småkraft-potensialet                | Stimulere til etablering av småkraftverk  | Prosessar på fleire nyetableringar er i gang.   |

# Hovudoversikt

## 1A - Driftsrekneskap

|             |  | R2013                  | B2013 (rev.)           | B2013 (oppr.)          | R2012                  |
|-------------|--|------------------------|------------------------|------------------------|------------------------|
| LN01        | Skatt på inntekt og formue                   | -66 075 073,79         | -62 400 000,00         | -62 400 000,00         | -64 181 793,56         |
| LN02        | Ordinært rammetilskot                        | -104 738 834,00        | -110 000 000,00        | -110 000 000,00        | -101 290 810,66        |
| LN03        | Skatt på eigedom                             | -12 043 632,27         | -11 200 000,00         | -11 200 000,00         | -10 259 803,73         |
| LN04        | Andre direkte eller indirekte skattar        | -2 595 952,00          | 0,00                   | 0,00                   | -3 017 945,00          |
| LN05        | Andre generelle statstilskot                 | -13 356 553,00         | -8 237 000,00          | -8 237 000,00          | -11 723 033,00         |
| <b>LN06</b> | <b>Sum frie disponible inntekter</b>         | <b>-198 810 045,06</b> | <b>-191 837 000,00</b> | <b>-191 837 000,00</b> | <b>-190 473 385,95</b> |
| LN07        | Renteinntekter og utbytte                    | -4 218 575,82          | -4 010 000,00          | -4 010 000,00          | -5 088 220,91          |
| LN08        | Renteutg., provisjon o.a. finansutg.         | 6 781 912,91           | 7 250 000,00           | 7 250 000,00           | 7 733 862,82           |
| LN09        | Avdrag på lån                                | 7 592 738,00           | 7 250 000,00           | 7 250 000,00           | 7 609 538,00           |
| <b>LN10</b> | <b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>       | <b>10 156 075,09</b>   | <b>10 490 000,00</b>   | <b>10 490 000,00</b>   | <b>10 255 179,91</b>   |
| LN12        | Til ubundne avsetningar                      | 4 015 326,34           | 0,00                   | 0,00                   | 922 093,09             |
| LN13        | Til bundne avsetningar                       | 6 623 099,00           | 493 000,00             | 493 000,00             | 7 599 065,38           |
| LN14        | Bruk av tidl. å. rekn.m. mindreforbr         | -4 015 326,34          | 0,00                   | 0,00                   | -922 093,09            |
| LN15        | Bruk av ubundne avsetningar                  | 0,00                   | -284 000,00            | -284 000,00            | -30 000,00             |
| LN16        | Bruk av bundne avsetningar                   | -5 569 024,63          | -1 370 000,00          | -1 370 000,00          | -3 965 082,18          |
| <b>LN17</b> | <b>Netto avsetningar</b>                     | <b>1 054 074,37</b>    | <b>-1 161 000,00</b>   | <b>-1 161 000,00</b>   | <b>3 603 983,20</b>    |
| LN18        | Overført til investeringsbudsjettet          | 1 654 874,58           | 3 200 000,00           | 3 200 000,00           | 3 027 567,25           |
| LN19        | Til fordeling drift                          | -185 945 021,02        | -179 308 000,00        | -179 308 000,00        | -173 586 655,59        |
| <b>LN20</b> | <b>Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)</b> | <b>184 789 579,70</b>  | <b>179 308 000,00</b>  | <b>179 308 000,00</b>  | <b>169 572 720,25</b>  |
| <b>LN21</b> | <b>Rekneskapsmessig meir-/mindreforbr</b>    | <b>-1 155 441,32</b>   | <b>0,00</b>            | <b>0,00</b>            | <b>-4 013 935,34</b>   |

# Hovudoversikt

## 1B - Driftsrekneskap

|     |                            | <b>R2013</b>    | <b>B2013 (rev.)</b> | <b>B2013 (oppr.)</b> | <b>R2012</b>    |
|-----|----------------------------|-----------------|---------------------|----------------------|-----------------|
| 120 | Sentraladministrasjon      | 14 824 303,16   | 14 676 000,00       | 14 676 000,00        | 14 872 256,49   |
| 130 | Kyrkja                     | 2 388 000,00    | 2 388 000,00        | 2 388 000,00         | 2 353 000,00    |
| 200 | Oppvekst og kultur felles  | 15 374 377,93   | 14 964 000,00       | 14 964 000,00        | 15 071 585,24   |
| 210 | Skei skule                 | 17 440 055,99   | 17 681 000,00       | 17 681 000,00        | 17 001 327,76   |
| 211 | Vassenden skule            | 27 094 419,39   | 27 005 000,00       | 27 005 000,00        | 25 769 151,06   |
| 250 | Kulturskulen               | 1 085 709,53    | 892 000,00          | 892 000,00           | 814 053,56      |
| 270 | Skei barnehage             | 3 491 971,74    | 3 119 000,00        | 3 119 000,00         | 3 057 304,99    |
| 271 | Langhaugane barnehage      | 8 679 483,03    | 9 818 000,00        | 9 818 000,00         | 7 834 701,76    |
| 300 | Helse og sosial felles     | 4 822 100,72    | 5 079 000,00        | 5 079 000,00         | 4 440 938,05    |
| 312 | Helsestasjon               | 1 854 598,02    | 2 043 000,00        | 2 043 000,00         | 1 858 913,28    |
| 313 | Fysioterapi                | 1 181 039,39    | 1 161 000,00        | 1 161 000,00         | 1 068 816,32    |
| 320 | Legetenesta                | 3 573 690,29    | 3 624 000,00        | 3 624 000,00         | 3 682 790,99    |
| 340 | Psykisk helsevern          | 4 817 194,45    | 5 243 000,00        | 5 243 000,00         | 4 537 953,17    |
| 350 | NAV sosialtenesta          | 10 112 938,02   | 9 552 000,00        | 9 552 000,00         | 9 075 834,39    |
| 351 | Flyktningbusetjing         | -3 928 624,61   | -503 000,00         | -503 000,00          | -1 659 620,55   |
| 371 | Heimetenesta Skei          | 5 625 762,92    | 6 006 000,00        | 6 006 000,00         | 5 401 522,86    |
| 372 | Skei bufellesskap          | 18 274 091,52   | 16 862 000,00       | 16 862 000,00        | 17 215 971,04   |
| 373 | Heimly bufellesskap        | 6 751 163,22    | 7 113 000,00        | 7 113 000,00         | 6 286 080,64    |
| 381 | Heimetenesta Vassenden     | 5 265 063,94    | 5 807 000,00        | 5 807 000,00         | 4 992 927,28    |
